

KIRSTI PALTTO: 256 GULLINGAR

Originaltittel: 256 golláža
Gielas, 1992

Omsett frå samisk av Svein Lund

PROLOG

Langt nord under Karlsvogna ligg ei øy, Lemenhauet. Namnet sitt har øya fått frå det at midt på ho ligg ei høgfjellsvidde der snøen sjølv om sommaren ikkje smeltar på toppen, slik at øya liknar hauet til ein lemen. På Lemenhauet bur eit folk som kallar seg sjølv for tommar. Korfor dei heiter så, det veit ingen. Ifølge ein ransk antropolog skal det vere fordi det er så tomt der langt mot nord, blant isstormane i Nordhavet.

Men tommane som bur på Lemenhauet kjenner seg slett ikkje einsame, for like ved Lemenhauet er det tre andre øyer, der det også bur tommar. Den austligaste er Skalløya, så kjem Lemenhauet, så Malmøya og lengst i vest Hjelløya.

Dei fire øyane er ikkje noko eige rike, ikkje på langt nær, for dei store landa ikring har allereie i gamal tid sikra seg ei øy kvar. Slik hører Skalløya til Bussland, Lemenhauet til Fingerland, Malmøya til Vealand og Hjelløya til Dorgland. Og når det no er slik, så bur sjølvsagt bussarar, fingerlendarar, vear og dorgmenn i lag med tommane på disse øyane.

På Lemenhauet er det fire kommunar og den nordligaste av dei er Søkkvik, som framandfolk brukar å kalle verdas utkant, eller periferi på fint. Men søkkvikværingane bryr seg ikkje om det. Dei lever ganske bra og nøgde der Han Sjølv har slengt dei ned. Heilt frå gammalt av er folk i Søkkvika kjende for å vere underdanige og lydige. Dei er nøgde med det som blir bestemt for dei, også med det at Fingerland eig dei. Mange kallar seg heller for fingerlendarar enn tommar og snakkar heller fingsk enn tomsk.

No, folk har rett til å velge sjølv, for Fingerland er eit demokratisk land som ikkje undertrykker folket på si eiga øy, slik som nokre andre av statane i verda. Og sjølv om Fingerland har merka Lemenhauet til seg sjølv på karta sine, innført skolane sine, det politiske systemet sitt og språket sitt dit, så kallas ikkje det undertrykking, må vite. Det er den Naturlige Utviklinga, som har kome over heile verda. Noko heilt anna hadde det vore om tommane hadde sulta og lidd naud.

Men kor skal vi no med dette? No skal det fortellas om Søkkvika. Sjølv om tommane etter retten ikkje har kongar, presidentar eller ministrar, så finst det i ei kvar bygd folk som drømmer om å bli konge, president eller minister. Og i Søkkvika er det virkelig grunnlagt eit slags lite kongedømme, noko den demokratiske grunnloven i Fingerland gir høve til.

Det det no gjeld er tommane sitt autonomiforsøk, som gjeld bare Søkkvik kommune fordi denne kommunen er den einaste i Fingerland der tommar framleis er i fleirtal. Forsøksperioden varar i fem år og no er vi inne i det fjerde. Dei demokratiske herrane i Fingerland har lova at om forsøket går bra, så kan det kanskje få halde fram i fem nye år.

Korfor har så Søkkvik kongedømme og ikkje republikk som Fingerland sjølv? Det er to grunnar til det: Sjefen i Søkkvik ville sjølv gjerne vere konge og folket lot han få bli det. Saka blei avgjort ved folkerøysting: Ønska søkkvikværingane å kalle sjefen sin for konge eller president? 81% ønska konge, bare 10% president, mens 9% hadde teikna ufine teikningar på røystesetlane.

Namnet til kongen er Morgongry. Han er ein liten mager mann og namnet har han fått fordi han sjølv seier han er så flittig at han er på jobb før morgonsola stikk over åskammen. Som Morgongry si høgare hand sit saksbehandlar og - som han sjølv seier - pengeminister Persen. I tillegg til dei vrmlar titals av tjenestekvinner og -menn rundt i Maktgarden for å sette i verk vedtaka frå Søkkvik kommunestyre. Mange av dei er av den meininga at kongeriket sin Maktgard er alt for liten og stakkarslig. Den skulle vore litt større og høgare.

Ein ting som alltid er mangelvare i Søkkvik, er pengar. Det er det aldri nok av. Der må ein virkelig strekke gullingane - det er mynteininga i Fingerland, og dermed i Lemenhauet. Ikkje kroner, ikkje mark eller rubel, men nettopp gullingar.

I denne fortellinga er det snakk om pengar - eller snarare om mangelen på dei. No opnar vi løyndomsteppet og tittar inn på ka som skjer når den store verda for alvor dundrar inn i den fredelige Søkkvika. Rotar alt seg til, eller blir sakene til sist satt på sin rette plass?

1.

Stjernene blinka den morgonen over Søkkvika, klare mørketidsstjerner over heile himmelen. Den klåre månekula hang der oppe blant stjernene. Klokka var litt over seks. Lillepetter sov søtt i si eiga seng og drømde gode naturlige mannfolkdrømar om Aili, like til telefonen røska han i trommehinnene.

- Kem i svarte ringer så tidlig! satte Lillepetter i og løfta av røret.

- Grihmm, halloo da! Her er Lillepetter.

- Og her er Persen. Gomorn!

- Kas helvetes Persen? brast det ut av Lillepetter. I går kveld hadde han vore på Spurvebaren og tatt eit par øl og kome seint heim. Om ikkje hauet akkurat verka, så var det ikkje heilt klart.

- Ikkje bann! formante stemmen i andre enden av linja.

- No er det virkelig ille ute! Å forferdelig så fælt det er.

- Skulle ikkje du heller først fortelle meg kas Persen du er, ba Lillepetter så pent han kunne.

- Kjenner du ikkje meg? Eg er rådmann og pengestyrrar Persen i Søkkvik kommune. Eg brukar ikkje ringe folk bare på tull. I alle fall ikkje så tidlig. Men no er det ille stelt!

- Jo...Enn ka som feiler Persen?

- Ikkje nokka spydigheiter! stoppa Persen han. - Åååh denne verda! Kor vond og listig ho er!

- Det er så sant, så sant. Vond og listig er ho, samtykka Lillepetter og gjespa.

- Korsen veit du det?

- No, det fortalte du jo sjølv.

- No, det gjorde eg visst. Men hør no her, Lillepetter, eg har hørt at du har gått detektivkurs på AMO-senteret. Er det sant?

- Joda. Eg har skreve det opp på kortet mitt på arbeidskontoret, svarte Lillepetter.

- Nettopp. Og så har eg hørt at du er eit realt og pålitelig menneske, sjølv om du hører til disse Plass... No ja.

Nok om det. Du er no arbeidslaus, ikkje sant? No vel. Du er likevel real og pålitelig, sjølv om du ikkje er i

arbeid. Men det er ikkje vår skuld at dei ikkje har funne arbeid til deg, sjølv om du er ein utdanna person. Når vi ikkje har arbeid, så har vi ikkje. Ikkje sant, du forstår det? Men hør, Lillepetter. No tilbyr eg deg arbeid, du ser stoda er virkelig vanskelig. Hallo, du er der enno?

- Jo da, gjespa Lillepetter og strekte seg ut på ryggen i senga. Auga tvang seg igjen og drømmen frå istad kom att. Han måtte sette seg og tenne ein røyk for å halde seg vaken og borte frå dei kjødelige tankane.

- Kan eg stole på deg? Du ser at vi har eit virkelig viktig og hemmelig arbeid til deg, hørtes Persen i andre enden.

- Jo, det svær eg på, amen, glapp det ut av Lillepetter.

- | helvete kan du ikkje slutte å krangle, sa Persen fornærma.

- Kan du høre etter litt?

- Joda, eg hører, seier Lillepetter surt og er like ved å kaste røret frå seg. Han byrjar å bli lei av tøvet til Persen.

- No, godt. Saka er slik ser du at Søkkvik... Kan eg sikkert stole på deg?

- Sikkert, svara Lillepetter utan å tenke over ka han sa.

- Hør her. Persen senka stemmen slik at Lillepetter knapt hørte ka han sa. Pengekassa i Søkkvik.. Alle pengane våres er stole i natt. Er det ikkje fryktelig?

- Stole? Alle pengane?

- Ja, ja! Ka du trur, at eg lyg? Eg brukar ikkje lyge. Og no vil eg at du skal finne ut av kem som gjorde det, plumpa det ut av Persen.

- Eg? Korfor eg? Ring politiet og be dei etterforske tjuveriet.

- Den eine politimannen våres klarar ikkje å etterforske alle saker, svarte Persen. Og nett no har vi veldig viktige gjester og vi har ikkje tenkt å syne dei at slike katastrofer også fins her blant tommene, ikkje bare ute i den store verda. Vi må finne ut av denne saka utan å blande inn politiet, forstår du?

- Jaa, hmmh...

- Og tar du ikkje saka, så mistar du arbeidsløysetrygda! brølte Persen. -Eg set deg på jobben, så du veit det!

- Gjør no bare det, sa Lillepetter, da han ikkje kunne seie noko anna. - Og forresten, ka slags gjester er det dokker har?

- Eg orkar ikkje byrje å forklare det på telefonen. Kom hit, så skal eg fortelle.

- Korhen da?
- No, til Maktgarden, til kontoret mitt. Eg sit her attmed bordet og tør ikkje røre meg ein gong for ikkje å øydelegge bevis. Søkkvik si pengekasse ligg vidopen midt på golvet, heilt søkke tom, forklarte Persen. - Au, au, denne verda!
- Au, au, som du seier, utbraut Lillepetter. - Det går over alle grenser!
- Hold kjeften din og kom hit! Straks, så raskt som du kan, brølte Persen. - Saka er virkelig ille!
- Betaler du meg for dette?
- Rart du straks skal byrje å snakke om pengar, som om større saker ikkje fantes i verda. Tenk heller på den tomme kassa vår og at om du finn pengane så skal du få lønn.
- Da tar eg ikkje saka. Eg treng å ete som andre folk og sjølv for denne kalde sjåen må ein betale leige.
- Kor du er nøye! Men kom i middagstida til Ferjeheimen. Så et vi der og blir samde om lønna. Men kom først hit og forklar, kor det er blitt av alle Søkkvik sine 256 gullingar.
- Ikkje meir? utbraut Lillepetter forskrekka.
- Skulle det ha vore meir og? Det var alt som vi hadde til daglig bruk, resten er i banken.
- Men det kan da ikkje lønne seg å byrje å leite etter dei ein gong, sa Lillepetter tvilande. - Det er mindre enn arbeidslønna mi.
- Slutt å prate bare om lønn! bjeffa Persen. - Søkkvik er så fattig, så gjeldstynga, men du tøvar bare om lønn! Korhen skulle verda ende på den måten?

Persen snufsa brått som om han skulle byrje å gråte. Lillepetter hørte kordan han sukka. Hadde kanskje karen tatt seg ein liten ein?

- Får eg spørre...?
 - Spør, spør, ymta Persen.
 - Er nokon blitt drept?
 - Drept, korfor drept?
 - Om eg no skal vere detektiv, så må eg jo vite. Er nokon drept eller ikkje?
 - Er du heilt dum? sette Persen i. - Her i Søkkvika er da ikkje nokka Chicago, så langt der i frå. Du har visst sett for mange politifilmar, når du straks byrjar å snakke om mord.
 - Eg tenkte bare at når folk byrjar å prate og sladre.
 - Tenker du ikkje på anna enn sladder? Er det ikkje meir enn nok at folk sladrar om deg og fortel kem du har dansa med ka tid eller er sett i lag med etter vegen. Eg veit nok eg og, kem du brukar å rote med. Sist laurdag hører eg du dansa med ho Anne-Lise. Heldt ho om halsen, ka, he, he.
 - Ja, nå så, sa Lillepetter. - Når ingen er drept, så er ingen drept.
 - Ikkje prøv å innbille meg at dokker bare er kompisar. Om den saka fins det absolutt nok sladder, he, he. Men ikkje tøv meir no, spring no heller hit til Maktgarden. Eg eltar nøkkelen under matta på trappa til hovuddøra. Først må eg stikke heimom og sjå til kjerringa. Sjølv om det ikkje er så artig å sjå ho så tidlig, ho kan finne på å kaste støvlane etter meg. Men eg er nøydd å fare. Hohoi, vi sjåas. Men kom no med ein gong.
 - Men hør no, ropte Lillepetter.
 - No, ka? Spør raskt, eg må komme meg ut herifrå før folk kjem på jobb.
 - Korfor er du på jobben så tidlig? spurte Lillepetter.
- Ein kunne høre Persen sukke lenge før han svarte:
- Eg og Morgongry var vertskap for gjestene våres på Ferjeheimen. Det blei så seint at vi ikkje våga oss heim under kjerringkjeften. Så vi la oss nedpå på kontoret til Morgongry, han har to breie sofaer der.

Persen smelte på røret. Lillepetter strekte hals litt før han forsto å legge på. Han gnei seg først i auga og rista på hauet, bantes og satte kaffevatnet på kok.

Korfor skulle eg no bli KRIPO-mann, tenkte han. pusta djupt og titta ut gjennom vinduet. Morgonen var byrja å lysne. Bjørkekroppane sto kvitklede i månelysset og rimet lyste opp på kvistane. Mørketida var fredelig og rein. Etterkvart som natta svann, endra blåfargen seg på snøskavlane. Lillepetter likte mørketida. Nokre gonger kunne han sitte ved vinduet og sjå på endringane i blåfargen. Da ønska han at han hadde vore kunstnar og kunna male den vakre mørketida på papiret.

Men enno var hauet til Lillepetter såpass i ein døs at det ikkje var anna råd enn å legge seg nedpå igjen.

Heldigvis hadde desse rastlause kvinnfolktankane forsvunne.

Au, au, detektiv, tenkte han på nytt. Detektiv fordi han var så "real og pålitelig, sjølv om han var av denne Plassen-slekta". Så hadde Persen sagt før han fikk tenkt seg om.

Jo, jo, enno var det slekta som avgjorde her i det lille tommefolket. På slekta såg ein kem som var kem, ka ein kunne, ka ein forsto, kordan ein levde, kordan ein i det heile var og kor mye ein var verd. Folk kunne bu borte om så 50 år, men når ein kom tilbake til heimstaden, blei ein straks plassert inn i slekta og behandla slik heile

slekta blei behandla. Eit menneske var enten tjuvaktig eller hederlig, kjeltringaktig eller real, drikkfeldig eller edruelig, fattig eller rik, gnien eller spandabel og så vidare ettersom kas slekt ein hørte til. At ein ikkje kunne få gjort noko med den tradisjonen!

Dei einaste som hadde eit slags intimitetsvern her, var fingerlendarar og andre innflyttarar. Dei kom heilt og haldent som seg sjølv, ikkje som slekta si. Ingen visste kas tjuvradd- eller kjeltringslekt dei kom frå. Dei blei straks blant dei fremste i bygda, sjølv sagt fordi slektsbøra ikkje tynga dei på noko vis. Tynga ikkje dei som Lillepetter, som var av Plassen-slekta, ei berykta stakkarslig og fattig slekt. Det fikk han stadig høre, sjølv om han hadde budd borte i tolv år. Slik sett var det ikkje det minste rart at dei arbeidslause fingerlendarane forlengst hadde fått seg arbeid, men ikkje Lillepetter.

Korfor ringte Persen til han no? Persen, som sjølv var etterkommar av ei av dei ærerike slektene, son av ein rik reineigar? Var det virkelig slik naud som han ville ha det til, eller satte han Lillepetter til å leike for fattige 256 gullingar si skuld? Leike ei stund, mens bedre arbeidsplassar blei fylt opp av andre?

Lillepetter sov og drømte at han rodde heilt åleine på sjøen. Sjøen var stille og ein merkelig klang nådde øyra hans. Sola skein som gull. Lillepetter var lukkelig men forsto ikkje korfor - han som så lenge hadde kjent seg nedfor og motlaus. Motgangen hadde spist opp kreftene hans. Men no smilte han og forsøkte å følge klangen, som kom nærare og nærare.

Brått kom ein kjempestor svart båt tilsyne på havet. Den laga høge bølger og fløyta. Lillepetter forsto at båten hadde tenkt å drukne han. Han var svett over hauet da han vakna av telefonen igjen.

Han greip etter røret.

- Gomorn! kvitra kvinnemennesket.

- A-aili! God morn!

- Hør, Lillepetter, eg har arbeid til deg eit par dagar. Veden vår har tatt slutt. Kunne ikkje du sage opp litt ved til oss? Du veit at skolen vår framleis blir fyra med ved. Dei har ikkje kome seg til å sette inn den oljefyren. Har du tid?

- Nett no har eg ikkje tid, eg har fått arbeid hos Persen, sa Lillepetter.

- Arbeid! Og av Persen! Ka slags arbeid?

- Det kan eg ikkje fortelle deg no, for arbeidsopplegget er ikkje heilt klart enno, svara Lillepetter.

- Nei, vel, sa Aili. - Så må eg finne ein anna.

- Ikkje gjør det, eg skal nok ordne ved når eg får tid, naudber Lillepetter. - Persen lova meg lønn, og.

- Det er bra, sa Aili kaldt.

- Ka er bra?

- No, lønn. Men no må eg gå på jobb, hei hei.

- Svarte, braut det ut av Lillepetter da Aili la på røret. Han gløtta på klokka - ho var allereie sju - og skunda seg å kle på seg, for no var det hastverk med å kome seg til Maktgarden. Kaffen drakk han ståande, heiv i seg eit par brødskiver mens han fann fram veska, papira og detektivutstyret. Så skunda han seg ut i den kalde mørketidsmorgonen.

2.

Aili si fornærma røyst klang i øyra på Lillepetter, mens han gikk mot Maktgarden. At det skulle gå sånn!

Helvetes Persen som skulle sette han i jobb nett no, når han kunne dratt på skolen og saga ved! Helvetes Søkkvik pengekasse og helvetes tjuvradd, som nett no skulle treffe til å plage meg, skjelte Lillepetter og knytte igjen veska, skritta iveg etter den islagte vegen og pusta kvit damp ut i den kalde lufta.

Aili var husmor på Søkkvik skole. Lillepetter hadde kjent ho heilt ifrå barndommen. Dei hadde gått samtidig på skolen. Aili gikk ein klasse under han. Lillepetter hadde likt Aili sidan ho første gang gikk inn skoleporten til første klasse. Men Aili var innbilsk og heldt seg mest i lag med lærarjentene, og i lag med dei flira ho og erta dei andre ungane. Først etter skolen oppdaga Aili Lillepetter, og da var dei i lag ein sommar. På hausten dro dei begge til Fingerland for å gå på skole, og der endte kontakten mellom dei for lang tid.

Heilt til dei igjen traff kvarandre i Kornbygda i Fingerland heime hos Johan, bror til Aili. Gamle kjensler kom over Lillepetter straks han såg Aili på kjøkkenet hos Johan. Ho var pynta og sminka, skjønnare enn nokon gong. Ein grøn kjole omringa Aili sin slanke kropp og høghæla sko fikk baken til å pendle så morosamt når ho gikk. Noko av det gamle overlegne kom til syne hos Aili når ho heldt vinglasen eller tende røyken, men han såg og det samme blikket som hadde fått Lillepetter til å drømme år etter år, først på skolen og så sidan -alle dei lange åra da dei ikkje hadde sett kvarandre.

Som dei hadde dansa! Heile kvelden rundt i stova hos Johan. Men tilslutt hadde Lillepetter blitt så full at han ikkje kunne hugse etterpå kordan han hadde hamna på rommet til minstejenta til Johan, på ein madrass på golvet. Der fann han likevel seg sjølv om morgonen, med hauverk og i ein ganske uhøvelig situasjon. Heldigvis var det søndag og han trong ikkje fare på supermarknaden og selge dette rotne kjøttet slik som i verka. Lillepetter hadde jobba på supermarknaden i sju år og var i denne tida avansert til sjef for kjøttavdelinga. Han hadde ikkje tanke på å fare frå Kornbygda, ikkje heller til Søkkvika - hadde ikkje tenkt det før Aili igjen dukka opp.

Aili blei ei halv veke i Kornbygda og dei traff kvarandre kvar dag, satt på restaurant og drakk vin og dansa, gikk hand-i-hand etter gatene. Og så ei natt fann dei kvarandre i famnen på kvarandre på den samme madrassen på rommet til minstejenta til Johan. Kor god ho var da, ho Aili, kor ubegripelig god! Dette drømde han igjen om da Persen ringte.

Kor vanlige hendingar, men kor det verka i sjela!

Og så hadde han sprunge etter Aili hit til Søkkvika, så besett hadde han vore, sjølv om her verken var arbeid eller hus å oppdrive. Eit halvår hadde han budd hos Måne-Einar og betalt for rommet som reindreng. No budde han i Skalle-Isak sitt gamle hus som var lite og kaldt, men likevel betre enn å bu i ein krok hos folk.

Lillepetter smålo bittert når han tenkte på kordan han første gongen ringte Aili her. Han fikk mot da han hørte kvinnestemmen, og gjorde kjent at han var kome.

- Kome? Kor hen da? svara Aili forskrekka.

- Hit til deg, lo Lillepetter. - No kan vi treffas, eller ka?

- Nei, men kjære venn, sukka Aili. - Alt er endra og eg.. Eg er ikkje lenger den samme som i Kornbygda.

- No, kem er du da?

- Ellers er eg nok samme Aili, men eg har funne Herren.

- Kas herre?

Lillepetter skalv reint i føtene.

- Vår Herre Jesus Kristus, presiserte Aili. Han har innbode meg. Vi to... Vi har ikkje lenger noko med kvarandre å gjøre.

- Men, Aili...

- Du må no, kjære venn, godta det som Herren sjølv har utsett. Vi kan ikkje treffas. Forstått?

No hadde Lillepetter budd her i snart eit år, utan at Aili hadde synt det minste interesse for han, ho levde heller som om ho ikkje hugsa noko av det som hadde hendt imellom dei i Kornbygda. Aile sin pynt og sminke såg ein ikkje snurten av. Ho subba rundt i låghæla sko og med håret i ein bunt på hauet, uformelige klede gikk ho i, rein og klar i ansiktet. Ikkje spor var å sjå av den Aili som hadde besøkt broren Johan i Kornbygda.

Nokre gonger undra Lillepetter seg, var dette samme Aili som han hadde truffe i Kornbygda. Ein av dei måtte vere ein drøm, for dei var som to heilt forskjellige menneske som ikkje passa i lag. I Kornbygda var Aili ei fin dame, i Søkkvika som ei gamaldags budeie. Det var likevel ikkje den fine dama som Lillepetter hadde likt, heller Aili sin måte å vere på, måten ho snakka på og forsto ting, måten ho gikk og førte seg på. Der var det noko som likna, og derfor trudde Lillepetter framleis at Kornbygd-Aili og Søkkvik-Aili var ein og samme person.

No ville Aili ha han å sage ved! Hadde ho endra seg, eller var dei verkelig i naud? Lillepetter skulle gjerne ha floge til skolen, men han kunne ikkje. No måtte han til Maktgarden.

Å faen, bantes han da da han nærma seg skolen, og korta ned skritt for å sjekke om Aili skulle finne på å vere ute. Tunet var likevel tomt heilt til noko slamra. Lillepetter stansa opp.

Det slamra i bakkdøra på Aili sitt hus, og der kom det ut ein svartkledd mann som stansa litt opp på trappa, gikk til bilen og fauk ut av tunet rett forbi han og forsvann etter vegen inn mot bygda.

No, ka farsken var no det? tenkte Lillepetter. Mannen var kledd i heilt svarte klede og i tillegg hadde han svart hatt. Var kanskje dette denne Herren? Predikant eller ka farsken han kunne vere?

Eller var det ... kunne det vere kjærasten til Aili? Ein hemmelig kjærast som smaug seg rundt i mørtna og besøkte Aili bare om natta. Kjærast var det, sjølv sagt.

Lillepetter pusta tungt og løfta skjerfet under haka, for fokket blåste hardt imot. Heldigvis hadde han godt senna skallar på føtene. Med dei heldt ein varmen sjølv i denne kulda. Og ellers var han også godt kledd; skinnhuve på hauet, ny vinterjakke og doble bukser. Han heldt godt varmen, sjølv om Maktgarden var tre kilometer frå huset hans.

Lillepetter gikk raskt, men mannen han nett hadde sett forvirra tankane hans slik at han sakka farta og av og til stoppa nesten opp. Kunne Aili ha ein kjærast, og så ein slik lang, svartkledd fyr? Kor hadde Aili krøka det der skaberakkelet?

Og så var det på grunn av den mannen at Aili ikkje lenger brydde seg om han?

I Maktgarden kom Persen i møte med Lillepetter i gangen.

- Du hefta lenge, klokka er allereie over åtte. Eg har nådd å stikke heimom og tilbake på kontoret, blåste han ut av seg og tok Lillepetter i handa.

- Sjølv sagt hefta eg når eg måtte komme gåande. Du skulle ha kome og henta meg med bil, sa Lillepetter.

Persen leia han inn på kontoret sitt, der det lyste skarpt frå ei lampe.

- Der er det, sa Persen og peika på pengekassa på golvet.

- Sett i gang med arbeidet, eg stikk og pratar med Morgongry imens.

Persen forsvann før Lillepetter nådde å seie eit ord.

Dette var ein merkelig jobb, tenkte Lillepetter og kika rundt i rommet. Pengekassa låg midt på golvet med lokket ope. Kassa var laga av tre, det var ikkje lås på ho ein gong. Det arme pengelageret til ein arm kommune.

Lillepetter tok først nokre bilete. Tjuven hadde ikkje forsøkt å skjule spora sine, ettersom han hadde elta kassa vidopen midt på golvet. Kanskje han stal for første gang og han hadde sikkert hastverk.

Lillepetter ordna til for å ta fingeravtrykk, kraup på alle fire rundt pengekassa og keik. Til sist tok han ho i handa og titta inni. Jo-o, tom var ho. Men det steig ei lukt av steikt kjøtt frå ho, som om det hadde vore lagra grillkylling og ikkje pengar der. Lillepetter rista på hauet, løfta kassa opp på hylla og titta ein gong til under benkar og bord.

Han måtte le litt av pengeminister Persen sin orden, for under bordet var det ein matpapirbit med fettflekkar.

Lillepetter tok papiret. Det hadde nett samme lukta som pengekassa, lukta av grillkylling.

- Den må eg ta vare på som bevis, sa Lillepetter høgt, bretta papiret, putta det i veska si og gikk til Morgongry sitt kontor.

Morgongry og Persen satt bleike på kvar si side av bordet da Lillepetter dumpa inn.

- No må eg få nokre opplysningar om i natt, sa Lillepetter med offisiell røyst da han hadde fått lov å sette seg.

Han grov fram blyant og notatbok av veska, retta ryggen og såg på dei to.

- Å ja, sa Morgongry slapt og gnei seg i dei raudkanta auga sine. Han syntes ikkje å vere heilt i slag.

- Kor dokker var sist natt?

- Kor vi var? gøydde Morgongry og slo knyttneven i bordet. - Du har ikkje lov å komme og spørre meg kor eg var og kor eg ikkje var! Eg er konge av Sökkvik og har dermed immunitet. Hut deg ut!

Persen la raskt handa på skuldra til Morgongry.

- Det kan du da fortelle, sa han med mild røyst som om Morgongry var ein liten unge som ikkje forsto sitt eige beste.

- Kem av dokker byrjar? spurte Lillepetter.

- No, eg fortalte deg jo istad i telefonen, skunda Persen seg å seie. - Det er ikkje meir å legge til.

- Jo-o, det kan det vere, kom det frå Lillepetter. - Ka tid kom dokker hit til Maktgarden?

- Sånn i firetida.

- Men Ferjeheimen stenger jo allereie i eittida, undra Lillepetter.

- Vi... vi var hos gjestene våre på hotellroma deira, sa Persen forsiktig og gløtta over på Morgongry som ikkje syntes å ha lyst å svare på Lillepetter sine spørsmål.

- Og ka slags gjester var så det?

- Eg har ikkje fullmakt å svare på det. Dersom Morgongry...

- Fortell du. Kongen vifta med handa og gjespa tungt og lenge.

- Dei kjem frå Deskland, frå SJ. Vi hadde svært viktige forhandlingar med dei og det har vi i dag og.

- Jaha, det noteras. Gjester fra Sameinte Juropa. Var dokker innom andre rom enn her kor dokker sov?

- Nei, vi kom direkte hit. Dette ligg så høvelig attmed døra. Vi slang oss rett nedpå og somna. Ikkje sant, Morgongry?

- Hmmgr...

- No ja. Kem brukar sist å gå frå jobb for dagen?

- Margit, sjølv sagt. Ho vaskar her seint på kvelden.

- Låser ho døra når ho går?

- Sjølv sagt, vaktmesteren bur på skoleinternatet. Det er Margit sitt ansvar å låse dørane.

- Er Aili og vaktmester for Maktgarden?

- Sjølv sagt. Vi har ikkje råd å ha ein eigen ansvarlig for kvart hus.

- Ka tid blei tjuveriet oppdaga?

- I stad da eg vakna, rett før eg ringte deg.

- Enn Morgongry, var ikkje du vaken?

- Hmmgr...

- Kem mistenker dokker for tjuveriet?
- No, ungdomsskolegutane, buste Morgongry ut. - Det er så mange småkjeltringar. Det seier rektor Elvebukt alltid.
- Han er nok halvaksen, sa Persen.
- Rektor? spurte Lillepetter.
- Neiii, tjuven vel. Eg trur da ikkje at vaksne folk gjør slikt, sa Persen.
- Lillepetter orka ikkje spørre dei to ut meir, men slo notisboka igjen og putta ho i veska.
- Så var det lønna, sa han.
- Lønn?
- På morgonen lova du meg lønn. Kor mye har Søkkvik kommune tenkt å betale meg for denne jobben? Eg vil ha ein skriftlig avtale.
- Au, au, blåste Persen. - Alle pengane er stole...
- Men det er pengar i banken, det fortalte du jo i stad.
- Joda, men dei går til oppvarming og lys og ..
- Da sluttar eg av arbeidet her, sa Lillepetter sint.
- Hør her... Klart du får lønn, om du bare har tid å vente litt. Kom til Ferjeheimen, så blir vi enige om lønna der. No har vi ført forhandlingar med utanlandsgjestene om dei nye næringane og...
- Med utanlandske gjester om nye næringar? sa Lillepetter forskrekka.
- No, med deskarane. Dei kjem frå Mellom-Juropa, forklarte Persen. - I overimorgon drar vi for å gjøre oss kjent med Brødfjella. Vi tar ein stor buss så alle får plass. Etter det har vi pengar til å betale deg. Men til da... Du får kvar dag ete på Ferjeheimen på vår rekning. Men ikkje drikk øl. Og alle materialutgifter og reiser skriv du sjølvsagt på vår rekning.
- Sel dokker Brødfjella til deskarane? spurte Lillepetter.
- Ikkje snakk om å selge. Deskarane har alvorlig store interesser...
- Den saka er ikkje ferdig, braut Morgongry av.
- Først arbeid, så nyheiter, det er hovudtanken min i å utvikle ting.
- Jo, akkurat slik er det, la Persen raskt til.
- Ja, så, sa Lillepetter og granska Morgongry og Persen. Deskarane si reise hit tyda ikkje bra. Korfor skulle dei opp i Brødfjella? Var Morgongry og Persen virkelig i ferd med å selge dei? Men Brødfjella var da ikkje kommunen sin eigedom, dei hørte da til den fingske staten, i alle fall offisielt. Ka var no på gang? Dette måtte han få klarheit i. Men desse to var det ingen nytte i å spørre ut, i alle fall når dei satt i lag. Lillepetter gjorde seg morsk og reiste seg.
- Og no, mine herrar, må eg ta finger-avtrykk av dokker.
- Nei, så dum er du da ikkje? Trur du vi har stole pengane, vi som stadig fartar til hovudstaden, til Hilsku? kvein Morgongry.
- Den der Persen har tilsett meg i denne jobben. Eg har KRIPO-vitnemål, forsvarte Lillepetter seg og grov fram eit papir av lommeboka. - Her, sjå her om du ikkje trur det.
- Ka skal eg med det fordømte vitnemålet ditt, sa Morgongry og gnei seg i auga. - Det var som pokker at pengane vore skulle bli stole akkurat no, når vi har så viktige gjester.
- Trykk fingrane ned her, sa Lillepetter og satte fargeskrin og papir på bordet.
- Faen, satte Morgongry i, men gjorde som han hadde fått ordre om. Grinete såg han på dei tilskitna fingrane sine, hoppa opp og gikk for å vaske hendene.
- Lillepetter smilte av Morgongry si naud og sette fargen fram for Persen.
- Så takk, sa han da Persen hadde trykka fingertuppane sine på papiret. -Det var alt for denne gongen.
- Ikkje fortell nokon om planane våre, åtvara Morgongry med peikefingeren heva.
- Dette er ei fortrulig sak så du veit det.
- No. Forstått? la Persen til.
- Vi får no sjå, svarte Lillepetter i døropninga.

3.

Margit sitt hus låg ved Elvevegen nær Maktgarden, eit raudt hus blant fleire andre. Ein hund gøydde i enden av løpestrengen da Lillepetter kom inn på tunet. I gangen hørtes diskomusikk. Det var ungdommen som spela. Margit holdt på å lage mat da Lillepetter dumpa inn i kjøkkenet.

- Lillepetter! Du har ikkje vore innom på lang tid, sjølv om du er slektning, sa Margit glad. - Eg kokar kaffe til deg. Etter vil du ete? Maten er snart ferdig.
- Ne-nei, mange takk, sa Lillepetter. - Men har du tid til ein liten prat under fire auge?
- Under fire auge? Korfor?
- No.. Søkkvik kommunekasse har blitt tømt i natt.

- Ka? Alle pengane stole? Voi herren signe denne verda! utbraut Margit forskrekka. - Til no har her bare vore Guds fred, her har aldri skjedd noko sånt. No kjem synda frå den store verda inn her og.

- No-o, dro Lillepetter på det. Eg er utnemnd til å etterforske tjuveriet. Eg ville gjerne få spørre litt. Det er så at du var den siste i Maktgarden....

- Ka, tar du meg for tjuv? Margit var fornærma.

- Nei, nei, på ingen måte! Men til denne jobben hører det å spørre om alt moglig, skunda Lillepetter seg å forklare. - Trur du vi kunne....?

- Med ein gong? Maten svir seg for meg... Men vent litt. Minna, kom og pass på denne maten, ropte Margit og keik inn i eit rom. Diskomusikken var nær ved å sprengje trommehinnene. - Minna! Kom hit!

Ei tiårsgamal jente kom subbande gjennom døra og inn på kjøkkenet. Margit rykka døra igjen og rista på hauet.

- Rør litt i denne maten, eg må snakke litt med denne detektiven.

Det siste ordet spytta Margit nesten ut. Ho syntes ikkje å ha mye respekt verken for Lillepetter sin tittel eller for etterforskinga hans. Men ho løsna forklet og gikk inn i stova. Lillepetter følgte etter og lukka døra etter seg. Margit hadde ikkje så mye å fortelle: ho hadde gått med Ørelapp i firetida i 4-tida for å vaske, ho hadde vaska det som hørte jobben hennar til og gått heim i 8-tida som ho brukte. Dørane hadde ho lokt igjen like grundig som alltid, og så hadde ho enno gått ein tur rundt Maktgarden for å sjå om noko skulle ha blitt ståande ope.

- Kem er så denne Ørelapp? spurte Lillepetter.

- Kem? Hunden min sjølvsgt. Kem ellers skulle eg, gamle enka, ha med meg, undra Margit.

- Kor oppbevarer du ellers nøklane til Maktgarden?, fortsatte Lillepetter, ettersom han hugsa på Morgongry si fortelling om kjeltringstrekane til skoleguttane. Margit hadde sjølv Villy i niande.

- Ka du skal med det? Margit blei fornærma igjen og raudna i andletet. Ho kunne nok tenke seg ka Lillepetter tenkte på.

- For å få framgang i etterforskinga, svara Lillepetter urolig, han byrja å like denne utspørringa stadig dårlegare. Han burde ha forstått at Ørelapp var ein hund og ikkje noko menneske.

- Ja, om du absolutt skal vite det, så er dei her, sa Margit og gikk skulande inn på soverommet. I hjørnet var det eit låst skap, og nøkkelen dit var i eit anna låst skap. Margit opna skapdøra og pendla med nøklane for nesa på Lillepetter.

- Her! Er detektiven så nøgd? Eg legg ikkje nøklane i koppeskapet så du veit det!

- Nei, sjølvsgt ikkje, sa Lillepetter i hast og smatt ut av soverommet. Margit stengte og kom etter han med hendene i kors.

- Da hadde eg ikkje meir, peip Lillepetter. - Unnskyld bryderiet!

Margit følgte han ut i gangen men baud ikkje lenger på kaffe. Lillepetter gjetta at det ville nok gå ei tid før slektningen venta seg besøk av han igjen. Margit såg sint på han men kunne såvidt halde seg alvorlig da ho såg på den gamle slitte veska hans.

Komen på yttersida tok Lillepetter sjølv ein titt på veska si. Han hadde mange gonger lagt merke til kor stygg og slitt veska var blitt. Ikkje det minste passa han til hemmelig politi i Søkkvika kor alle kjenner han. Han skulle for lenge sidan kjøpt seg ei ny veske, men hadde ikkje hatt råd. Det hadde vore moro å hatt ei slik veske som Persen eller dei tommepolitikarane som stadig satte seg på flyet for å reise til hovudstadane i Nord-Juropa eller til andre kanten av verda for å treffe andre minoritetar. Lærarane i Søkkvika hadde også fine vesker når dei gikk til skolen for å undervise ungane. Ungane skulle sjå at lærarane slett ikkje var kome til dei verken med tomme hender eller tomme hau. Kanskje lærarane framleis small veska opp før dei helsa godmorgon og tok til å undervise.

I Søkkvika liksom alle andre stader var menneske sin status knytta til ka slags klede ein gikk i og ka slags bil ein hadde. Ikkje eingong huset var så viktig som bilen. Og i mange familiar kunne huset vere gamalt og lite, men bilen, den var ny og fin. Slektla si skrøpeligheit kunne bli tilgitt om bare ein hadde den mest moderne bilen og dei finaste kledda. Og nett ein deskisk Wurz, ein svart eller kvit Wurz, var aller finast. "Han har kome seg ovapå, sjølv om han er frå den slekta." kunne ein seie og nedlate seg til å hilse når ein slik ein kom forbi. Men sjølv hadde han verken bil eller hus, og veska hans var sliten og stygg.

Få menneske syntes å bry seg om ka andre tenkte og kjende, om kordan ein skulle forstå denne verda og om ka som hadde verdi. Leid nokon i det skjulte, hadde nokon det vondt på grunn av kaldhjerta menneske, var nokon redd eller hadde vanskar; det hadde ikkje noko å seie. Bare det ytre telte og det ein hørde snakk om. Sjølv klara dei ikkje opp i noko. Dei brydde seg ikkje om å bli kjende med kvarandre, jåssa bare mainnskit og dreiv med sladder.

Menneskeligheita var i ferd med å slokne bort på denne staden og. Eller kanskje hadde folk det så godt at dei ikkje lenger trong kvarandre si hjelp og nærheit.

Lillepetter sukka i sine egne tunge tankar. Tristheita hadde henge over han sidan han kom hit. Han var lei seg på grunn av Aili, men og fordi han ikkje hadde funne nokon likesinna som han kunne spekulere i lag med over

løyndomane i verda. Han blei sett på som ein framand fugl her, som ikkje var til å forstå seg på. Slik sa dei framleis, sjølv om Lillepetter sjølv meinte han var eit rettframt menneske som ikkje gjorde seg til eller heldt nokon for narr. Men var det ikkje slik på dei mest framande stader, der nokon bare krangla og brukte andre til å komme seg sjølv fram. Baktalte og forbanna kvarandre bak ryggen så mye dei vann. Nokre for å skaffe seg eigedom, andre for å bli berømte. Og det var dei som i år etter år orka å krangle om utviklinga av tommekulturen. Kem var den riktigaste, den ektaste tommen. Slikt år etter år. Korfor ordna dei ikkje bare til eit val der folket på Lemenhauet fikk røyste og avgjøre kem som var den ektaste tommen?

Den mest ekte var kanskje Slingre-Bent, som ikkje skraut av tomskheita si men heller ikkje forneakta ho. Bent var naturleg som han var. Men på han ville ingen ha røysta. Han ville trulig kome sist i eit slikt val.

Eg trur eg stikk innom hos Bent før eg går tilbake til Maktgarden, tenkte Lillepetter. Han hadde tenkt å overnatte der til natta for å finne ut av kordan tjuven hadde kunna komme inn. Og også fordi at tjuven kunne komme att.

Det sa jo ordtaket at brotsmenn ofte søker tilbake til åstaden.

Bent var gamalungkar og budde åleine midt i Søkkvika. Han fortalte ofte frå gammalt og forklarte det på sitt eige vis. Han hørde ikkje på nokon, men heldt på sine eigne meningar om så ka som hende. Ikkje ga han seg, om så kas professor som prøvde seg på å bevisе at han snakka tull. Han forklarte med tolmodig røyst ka som var rett og ka som var gale. Lærde folk og andre bedrevitarar kom i andre rekke i høve til Bent.

Bent sopa golvet i bare underbuksa da Lillepetter smaug seg inn.

- Goddagen, goddagen, sa Bent. - Ta deg kaffe, den står på omnskanten. Kopp finn du i skapet.

Lillepetter sette seg attmed omnen for å drikke kaffe og varme seg.

- Denne omnen kjøpte eg før krigen av ein kramkar ifrå Vealand, fortalde Bent. - Ein god omn, held hytta varm både dag og natt. Men kor no du kjem frå?

- Frå arbeid.

- Jaså, ka slags arbeid har du no?

- Eg er i kommunen, svarte Lillepetter. Han hadde ikkje lyst å fortelle at han var etterforskar. Han hadde allereie blitt heldt narr av hos Margit, og Bent kunne bli skeptisk om han hørte at han var i Persen sin tjeneste.

- Jaså. Men du kan ikkje gjette ka eg såg her i natt. Eg såg sjølvaste Kalve-Per-Rasmus. Rasmus var den første som budde her i Søkkvika, heldt Bent fram. - Har eg fortalt deg?

- Det har du.

- No, godt. Du ser folk i dag dei kjenner ikkje sine eigne forfedre, sa Bent og satte seg ned attmed Lillepetter. - Dette er litt av ei tid! Ka du står på? På jorda, eller? Jorda bærer nok alle menneska, men ka bærer menneskesinnet?

- Menneskesinnet? gjentok Lillepetter som eit ekko.

- Akkurat sinnet ja! Det holdas ikkje saman og oppe av anna enn kunnskapen om si eiga fortid, sa Bent og patta taust på pipa før han fortsatte:

- I natt rann Rasmus ned frå fjellet der, lys som ein engel, skauv frå med staven og så forsvann han i retning mot Maktgarden.

- Mot Maktgarden?

- Akkurat. Nokon held på å selge Søkkvika, når sjølvaste Rasmus syner seg. Trur du det?

- Tja-a, sa Lillepetter og såg på Bent. Hadde gamlingen hørt noko om Morgongry og Persen sine hensikter og så funne på denne fortellinga? Lillepetter visste at Morgongry var etterkommar etter Kalve-Per-Rasmus og slektning av Bent. Bent var i tillegg ein venn av Einar, son av Morgongry, sjølv om han ikkje likte kongen sjølv. Han likte han ikkje, sjølv om dei til og med hadde budd ilag i ungdommen - eller kanskje det nett var derfor, det hadde ikkje Lillepetter fått seg til å spørre Bent om.

- Men har du hørt om da den første fingerlendar kom hit til staden?

- Nei, fortell.

- Det var ein gubbe som heitte Ivan. Han kom lenge etter Rasmus, som da allereie for lengst var daud og gravlagt. Men Rasmus levde ville ikkje Ivan ha kunna slått seg ned her, for Rasmus hadde stor makt over dyr og menneske. Han ville hissa ulveflokken til å rive Ivan isund. Rasmus var ikkje nett i godt lune når nokon truga buplassen hans.

Ivan kom frå Aust-Fingerland med ein striesekk på ryggen. Kanskje var han tildels av bussisk ætt, det har eg hørt. Rekbussar som gamle folk sa. Ivan var flink - eller kjeltringaktig, for det gikk ikkje lange tida før han hadde ordna til butikk i Søkkvika. Det er Ivan sine etterkommarar som enno har Oksalon-butikken, fortalde Bent, trakk på seg ytterbuksa og sette seg ned attmed Lillepetter igjen.

- Dengang var det andre tider enn no, sukka Bent. - Ivan lærte seg å snakke tomsk og gifta seg med dotterdotter av son til Rasmus. Men veit du ka som hende etterpå?

- No, Ivan hadde skaffa seg sjølv rein, og kona hadde også rein. Men allereie bryllupsnatta gikk ein ulveflokk til åtak på den felles reinflokk deira og spreidde han for alle vindar. Frå Ivan sine etterkommarar stammar den fattige greina av Kalve-slekta, den som Morgongry hører til, men ikkje eg.

- Og slik fortel eit gamalt sagn at Kalve-Per-Rasmus enno vaktar på Søkkvika, sin eigen buplass. Derfor kom han i natt. Og om nokon vil selge denne staden, set Rasmus ulveflokk inn, forklarte Bent.

- Ja, så. Lillepetter kvakk til og stirra på Bent. - Har du hørt at utanlandske gjester har kome til kommunen?

- Ka slags utlendingar?

Bent hadde ikkje hørt eller lot som, og Lillepetter fortalde ka han visste om deskarane.

- Og så deskarar, sa Bent ettertenksomt og strauk seg over haka. - Det skulle vere moro å sjå...

- Ka?

- Om Morgongry klarer seg mot forfedrane sine, undra Bent, eller om ulveflokk blir å gå til åtak...

4.

Maktgarden låg mørk da Lillepetter kom dit. Margit var ferdig med å vaske og gått heim. Lillepetter gløtta rundt seg før han opna døra og smaug inn. Den store mørke garden var nifs. Stillheita blei bare brote av ei ventilasjonsvifte som dura ein eller anna stad. Lillepetter slog på lommelykta og gikk varsamt til Persen sitt kontor. Han sette seg godt til rette i lenestolen og la føtene på bordet. Slik hadde Persen sotte mange gonger, tenkte han.

På bordet var det høge papirbunker og ein datamaskin der skjermen lyste kvitt og nifst i mørket. Den liksom vakta. Ved sida var det ein reknemaskin, blyantstativ, taperullar og frimerke i ei eske.

Det ville vere artig å vere Persen, tenkte han og gjespa. Sitte og dra seg her om dagen bak skrivebordet, snakke i telefonen mange timar og gi snart det eine snart det andre papiret til dei underordna. Befale, jage, og no og da med høvelig mellomrom heve røysta når sakene ikkje var behandla slik dei skulle. Bruke makt så mye han klarte, ikkje tenke på noko anna. Kvittere for god lønn og kjøre i Wurz av siste modell. Bu i murhus i utkanten av Søkkvika og le av andre som ikkje klarte seg like godt som han. Det skulle gjort seg!

Men kor skulle no eg med denne makta, tenkte Lillepetter og slapp føtene ned på golvet.

Lillepetter gjespa og gnei seg i auga. Det var allereie over midnatt men ikkje ein einaste tjuv hadde vore å sjå.

Det var nok best å ta ein tur på røykeromet og ta ein røyk så han ikkje fall i sømn.

Røykeromet var stygt og lukta surt, ordna til nett for slike som sløste bort sine egne pengar og liv for ingenting. Brann og osa helsa si opp i lufta. Samvitet stakk i Lillepetter da han sette seg på langbenken og tende ein røyk. Han syntes romet var som eit likrom, ei påminning til dei som ikkje forsto sitt eiga liv og framtid, men framskunda si eiga ferd mot likkista.

Lillepetter lente seg mot veggen og glante i taket som lyste kvitt som Persen sin dataskjerm, vakta og formante ordlaust, men tungt. Han lukka auga og hørde ventilasjonsanlegget si summing som ein fjern torden. Inn i dette blanda bilduren ute frå veggen seg.

Røyken tok slutt og Lillepetter stumpa den i jernbegeret som var reist opp midt på golvet. Han blåste ut og gikk ut av det rotne likrommet kor tause dauingskuggar og fæle tankar var gjømt.

Korfor er du så bekmørk, spurde han seg sjølv da ha lukka døra og kom ut i gangen. Mørk som ein stjernelaus himmel. Ikkje lys nokon stad. Ikkje rart at ikkje Aili bryr seg om deg. Du er jo som om du hadde knekt nakken. Nakken knekte eg visst dengang eg sprang etter ho Aili hit, svarte Lillepetter seg sjølv. Eg trudde at denne statelige og varme kvinna var for meg.

Slik som den gongen då dei kledde av seg i lag i huset hennar i Kornbygda, strauk kvarandre i varm nakenheit og kyssa kvarandre til morgonen.

Den gongen da dei forsto kvarandre og orda og blikka deira bare var fylt av kjærleiken mellom dei.

Og da dei fann kvarandre sine botnlause...

Lillepetter skvatt prutselig til, for det slamra i ytterdøra. Han heiv seg i all hast inn i kleskroken og kjende kordan heile kroppen skalv. Tankane han nylig hadde hadde tent dei kjødelige lystene og den - den der unyttige tingesten i buksa hadde blitt stiv som bein.

Han hørte jamne skritt som kom nærare etter den mørke korridoren, small som soldatstøvlar og så stansa. Ei skarp lommelykt blei tent og ein lang mager mann sto foran Morgongry sitt rom og leita fram nøklar.

Beinrangelet med hatten! Den samme som om morgonen hadde kome ut av Aili sitt hus!

Mannen opna døra til kongen sitt kontor og gikk inn. Døra lot han stå på gløtt.

Lillepetter fikk snart den uhøvelige situasjonen klart for seg og smaug seg fram for å sjå ka denne framande mannen gjorde på Morgongry sitt kontor. Han takka dei mjuke skallane sine for at han kunne røre seg lydraulst som ein røyskatt. Varsamt titta han inn i kongen sitt kontor.

Beinrangelet hadde gummihandskar på hendene når han rota på Morgongry sitt skrivebord, rasla med papir, leita opplagt etter noko. Han ville opne bordskuffen, men han var låst. Beinrangelet gikk til hyllene og byrja å leite der. Han kasta ikkje eit blikk mot døra og syntes ikkje å bry seg om om han blei tatt på fersk gjerning.

Ka i all verda gjorde denne styggingen på kontoret til Morgongry? Pengekassa var på Persen sitt kontor, ikkje her. Tjuven skulle ha gått dit. Men denne karen syntes å ha noko anna i sinne, for han prusta tungt da han ikkje fann det han leita etter, og slengte papira uvørent i hyllene.

Kor hadde Beinrangelet fått nøklane til Maktgarden? Hos Aili?

Tanken fikk Lillepetter å kaldsvette. Var Aili innblanda i tjuveriet frå kommunekassa? Kordan var det mogleg? Aili hadde jo ved sida av dette Beinrangelet funne Herren Jesus Kristus, som lærte at ein ikkje skulle stjele? Han hadde jo nekta henne å tilfredsstille dei naturlige lystene. I alle fall med han, Lillepetter.

Lillepetter våga ikkje lenger sjå på Beinrangelet si roting, for mannen kunne ka tid som helst fare ut. Så han smaug seg tilbake bakom klesforhenget for å vakte på ka denne framande gjesten ville gjøre.

Etter ein times tid kom Beinrangelet igjen ut i korridoren, lukka og låste døra og gikk med lange skritt ut.

- Svarte! utbraut Lillepetter og for til vindauga for å sjå kas retning Beinrangelet for. Han såg han gikk inn i ein bil og kjørte hovudvegen nordover. Mot skolen.

For Beinrangelet med hatten til Aili? Var det der han kom frå og?

Og korfor var Beinrangelet god nok for Aili, men ikkje han?

5.

Midt i salen var det eit langt bord, der Morgongry trona for enden. I andre enden av bordet satt Persen som i dag var stivpynta; kvitskjorte og grøn vest. Med den feite og runde figuren såg han mest ut som ein hane. Rundt bordet var nokre av kommunestyremedlemmane i Søkkvik blanda med dei deskiske representantane.

Torde han gå dit inn? tenkte Lillepetter i dørøpinga og glante, var det satt av nokon ledig stol til han. Nei, det var ikkje å sjå. Det beste var kanskje å gå bort i kroken og sette seg der og vente til Persen var ferdig. Det høvde seg ikkje å gå og forstyrre verken sjefane i Søkkvik eller gjestene deira.

Lillepetter skritta bort i kroken og såg mot Persen, som prata blidt med ei mager kvinne. Eller Persen prata ikkje mest, han vifta og gestikulerte. Kvinna var sikkert ein deskisk gjest som ikkje kunne verken tomsk eller fingsk. Og Persen på si side kunne ikkje deskisk; slik blei samtalen mellom dei som tiurleiken om våren. Først da serveringadama kom med konjakk stoppa Persen såpass at han fikk tømt glaset. Han satte glaset på bordet.

Lillepetter vinka til han.

- Korfor sit du der? Kom hit til oss! huia Persen. - Kelner, skaff ein stol til den mannen, hohoi! Hører du? Og konjakk! Sett deg der på andre sida av Gunhilde. Akkurat der ja!

Lillepetter gjorde som Persen befalte, for han var umåtelig sulten og heller ikkje stritta han nokon gong imot når nokon ville by han ein dram. Han dumpa ned attmed den magre kvinne som Persen hadde kalla Gunhilde og tømte konjakkglaset i samme augneblinken som det blei satt foran han. Han nådde det akkurat før suppebollen blei satt på bordet. Det lukta riktig så godt. Lillepetter greip fatt i skjeia og skulle til å hive innpå, men så kom han til å sjå kordan dei andre gjorde. Dei rørte rundt i suppa før dei smakte forsiktig. Lillepetter hadde eit strev med å halde seg, men no måtte han syne at han ikkje var noko gammeskrømt men eit opplyst menneske.

Endelig blei suppebollane tømt, aller sist Lillepetter sin, og serveringsdama henta dei ut. Lillepetter hadde godt høve til å studere ka slags folk som satt rundt bordet. Attmed Morgongry satt ein kort, raudskjegga mann, på andre sida av bordet ei ungdommelig kvinne som hadde eit blidt smil og blå auge. På dei lange fingrane hadde ho dyre ringar og rundt halsen glinsa det eit gullkjede. Ho syntes ikkje å vere av dei fattigaste. Fattig var nok heller ikkje Gunhilde som satt ved sida av Lillepetter. Ho spreidde rundt seg slik ei godlukt og i tillegg blinka ørepynten hennar som stjerner.

Lenger nådde ikkje Lillepetter å granske deskarane, for no kom det meir mat på bordet. Bidos, ka ellers. Noko så godt! Lillepetter måka bidosen inn i kjeften, reint som om han frykta nokon skulle stjele den frå han. Han hadde ikkje på lang tid smakt ekte bidos, han hadde heller levd på lungemos og sild, slik som den fingske statsministeren hadde sagt at arbeidslause fikk gjøre.

Lillepetter tømte tallerkenen mye raskare enn dei andre og lente seg så bakover og pirka seg i tennene. Ved bordet i hjørnet, der han sjølv hadde sete i stad, gliste no Søkkvik-gubbane, dei som brukte å komme til hotellet allereie på morgonen og slå seg ned med eit ølglass. Nærast satt Berg-Otto, kjend for storkjeften sin. Otto løfta glasset sitt mot Lillepetter blunka til han, men i neste augneblinken knytta han neven mot Morgongry.

- Der sit den kjeltringen og skjenkar bort skattepengane våre på dei utanlandske herrane! ropte Otto.

Morgongry, som gjennom tolken var djupt i ein samtale med den blåaugde dama, skvatt til som om han var blitt stukke. Han raudna, men klarte å halde seg og kasta ikkje eit blikk mot Otto.

- No, ka du gjør her, Lillepetter, har du byrja blant dei store? erta Otto.

- Eg er på arbeid, sa Lillepetter. - Persen har tilsett meg.
- Med ka? Sitte her og spise og drikke?
- No, det og, sa Lillepetter, - sjølv om...

Det kom brått sånn ei uro over Lillepetter - det skjedde stadig no om dagen. Han snudde seg først mot Otto og kompisane hans, men dei såg ikkje på han, snakka bare med kvarandre. I hotellsalen var det ikkje andre enn dei og Otto sin gjeng. Men foran det smale og lange vindauga til kjøkkenet sto ein lang mann med hatt. Straks Lillepetter fikk auge på han, trakk mannen seg ut av syne.

Ser eg skrømt eller ka, tenkte Lillepetter og flakka med auga. Eller byrjar eg å tøve når eg får spise så godt og sitte med slike fine herrar?

- Denne Lillepetter arbeider i kommunen. Han driv med reinskriving av sakspapir, skraut Persen og dunka Lillepetter i sida. - Riktig flink er han.

Deskardama nikka og smilte til Lillepetter som om ho hadde forstått noko av det Persen babla på fingsk.

- Det mennesket skjønner ikkje bæra av det du seier, sa Lillepetter. - Du kunne like godt sagt at eg er gammlekeisar av Tommeriket.

- Eg veit nok at nokre drømmer om eit eige tommerike, sa Persen surt. - Kanskje du og. Men vi kan ikkje skru tida bakover, korsen det no er. Vi blir under det fingske riket og andre tommar under dei rikene der dei hører til. Den nye tida er kome hit til Lemenhauet og tommefanatikarane skal ikkje forsøke å presse oss tilbake til gammetida. Forstår du det?

- Eg forstår det eg forstår, svarte Lillepetter, og spurte Persen ka deskarane skulle på Brødfjellet. Han spurte bare for å erte, han visste ikkje at når Persen blei sint så glømt han å ta seg i vare for å snakke om løyndomar.

- Fingske styresmakter ønsker å leige ut Brødfjella til deskarane for å bygge ferienesenter, rann det ut av Persen. - Men Fingerland har satt som vilkår at Søkkvik kommunestyre skal godta det. Dei er redde for at nokre fanatikarar kan klage til Sameinte Juropa, til den der minoritetskommissjonen eller ka det no heiter. Deskarane er så ivrige i denne saka og no søker dei oss om godkjenning.

- Jaså. No, trur du at dei får det?

- Sjølvsagt, visst! understreka Persen og smilte over bordet til eit eller anna. Lillepetter smilte og, men visste ikkje riktig til kem.

- Tar dokker meg med til Brødfjella? Eg kunne tenke meg å besøke søstra mi, spurde han.

- Spør Morgongry, svarte Persen og snudde seg igjen mot Gunhilde og vifta med dei feite nevane så han var nær ved å slå til Lillepetter i hovudet.

Måltidet tok slutt og folk reiste seg frå bordet. Lillepetter hadde tenkt igjen å spørre Persen om lønna, men Persen velta seg over Gunhilde, tok ho i handa og fikk ho med inn på kontoret sitt. Deskarane såg på og svelga eit smil, nokre kunne knapt halde seg for å le. Morgongry snakka med tolken og ein svær, feit gubbe; ein kunne høre dei blei samde om å treffas att om to timar.

Deskarane forsvann til roma sine for å kvile. Persen blei ikkje lenge borte, men skunda seg ut i gangen med eit lukkelig smil. Lillepetter følgde etter Persen.

- Kordan går det med fingeravtrykka? Får du oppklart noko? spurde Persen grettent og snudde bilen bort fra hotellplasen så snøklumpane skvatt.

- Det er ikkje klart enno. Bileta må bli framkalte først.

- Men med denne farta kjem tjuven seg til andre enden av verda, sa Persen irritert.

- Ærlig talt er eg litt forundra over dette tjuveriet. Akkurat som om eit eller anna dyr hadde vore på kontoret ditt og meska seg. Eit rovdyr eller ein hund, sa Lillepetter.

- Rovdyr eller hund? Er du riktig vel bevart sånn som du snakkar? Ka i alle dagar skulle noko slikt på kontoret mitt, sa Persen.

- No.. Eg veit ikkje. Men ein virkelig tjuv oppfører seg ikkje slik, våga Lillepetter seg å legge inn, sjølv om Persen såg stygt på han. Ein tjuv ville ikkje kaste pengekassa på golvet. Og i tillegg... Det lukta grillkylling av pengekassa.

- At det var? datt det ut av Persen og haka fall ned. - Helvete! Sånn var det. Eg glømt igjen kyllingen der. Å helvete!

- Under skrivebordet ditt var det eit matpapir.

- I helvete! Tjuven har spist grillkyllingen min!

- Enn om han spiste pengane og.

- Tosk! Tjuvar stel ikkje pengar for å ete dei! Forstått?

- Eg skulle spørre om den lønna..

- Nei, nei, kom ikkje no med denne lønna! Du får lønn, eg lovar det. Vi får erstatning for Brødfjella og i tillegg nye arbeidsplassar, skattepengar og velstand. Da skal vi grave opp heile handa full av pengar, ikkje bare litt. Forstått? Vent eit par dagar, du bergas nok, unge karen. Lillepetter har da ikkje familie, heh, heh!

Lillepetter mora seg med å varme opp øyra til Persen.

- Men om du ikkje betaler, så...

- Eg betaler, eg betaler! ropte Persen og snudde inn på Maktgardsplassen.

Lillepetter hørde ikkje lenger på Persen, men var allereie på veg inn døra til Maktgarden. Han ville spørre ut kongen om dette beinrangelet med hatten, no mens Morgongry var i så godt lune.

- Eg har ikkje tid å tøve med deg no, sa Morgongry surt da Lillepetter titta inn på kontoret hans.

- Eg har noko viktig å fortelle. Det gjeld deg, sa Lillepetter høgt.

- Sei det til Persen, eg har ikkje tid, grynta Morgongry.

- Eg ville bare fortelle om ein lang tynn mann som alltid går med hatt, men la det vere. Eg fortel det til Anne-Lise.

- Ka? Lang... og går alltid med hatt?

Morgongry stivna som ei statue. Han bleikna.

- Kor har du sett eit slikt menneske? spurde han og trakk Lillepetter med seg.

- Han var her på kontoret ditt i natt, sa Lillepetter og granska kongen.

- Her? Morgongry kunne ikkje skjule redsla i auga. - Her?

- Han var innom her og rota i papira dine.

- Rota... i papira mine?

- Ja. Har du sett om han har tatt noko med seg?

- Korfor ringte du ikkje til meg straks? ropte Morgongry. - Faen! Kor den slyngelen blei av? Ka svarten gjør han her?

- Du kjenner han?

- Kjenner og kjenner! Veit du kor han er no?

Lillepetter skulle til å fortelle at han hadde sett Beinrangelet med hatten komme ut frå Aili, men svelga orda. Han byrja å bli tiltrukke av redsla til Morgongry. At Beinrangelet med hatten var kome var visst meir hemmelig enn han hadde vore klar over. Det lønte seg nok ikkje å blande Aili inn i dette før det var klart om ho hadde lånt Beinrangelet nøklane til Maktgarden eller ikkje. Det kunne kem som helst like godt ha gjort.

- Det synas for meg som om mannen med hatten har tatt Søkkvik kommune sine pengar, sa Lillepetter.

- Synas og synas, gjentok Morgongry og byrja å gå i ring på golvet. Alle helvetes jævlar! Kunne han ikkje halde seg unna auga mine. Helvete! Dra og finn den jævelen og det fort! Og fortel meg straks du har funne han!

- Men kem er han så? spurde Lillepetter.

- Det rek ikkje deg! skreik Morgongry. Å helvetes faen! Dette hadde eg vel venta meg. No, ka du står der for? Gå og finn det ærelause krapylet! Straks!

Lillepetter sneik seg ut av Morgongry sitt kontor, lukka forsiktig døra og blei ståande ei lita stund. Gjøinga til Kongen hadde erta, ja reint fram såra han. Han hadde ikkje tenkt å springe og leite opp noko beinrangel med hatt på Morgongry sin ordre.

Men likevel: han kunne no leite etter han, det var framleis ein grunn til å klare opp i om han var Aili sin hemmelige kjærast eller korfor ha sneik seg rundt her som ein røvar. Det var no bare for moro at han i stad hadde snakka om rovdyr og hundar.

Heime keik han i Tommenytt-avisa. Den blei delt ut gratis til alle tommehushaldningar. Nyheita om Søkkvik kommunekasse slog mot han med store bokstavar.

- Helvete, utbraut han og snudde bladet for å sjå etter ei større nyheit: Deskarane vil leige turistsenter i Søkkvika. Men denslags nyheit fantes ikkje i avisa i det heile.

6.

Lillepetter hadde vanskelig for å oppsøke Aili. Han hefta ein heil dag før han tok mot til seg og gikk dit. Endelig sto han sveltande utafør Aili si dør. Ka om Aili jaga han vekk? Eller slengte igjen døra rett i trynet på han? Lillepetter sto og grudde seg litt før han trykte på ringeklokka. Det gikk fryktelig lang tid før ein kunne høre nokon bevege seg i gangen. Hjertet til Lillepetter hoppa som ein vettskremt hare. Og da Aili kom til syne i dørsprekken var det nær ved at han la på sprang.

- Lillepetter, lille venn, kvitra Aili og stilte seg i dørøpninga.

Helvetes "lille venn"! tenkte Lillepetter, men høgt sa han: - No kan eg sage ved. Har du motorsag her?

- Mikkell har allereie vore og saga, sa Aili, - ettersom du ikkje hadde tid.

- Å så .. Ja, ja... Det er jo bra, sa Lillepetter og snudde seg og såg bortover mot uthuset. - Ja der er jo saga ein heil stabel. Eg såg det ikkje, enda eg gikk rett forbi.

- Jo, da sa Aili, - Mikkell er ein flittig kar.

- Det er han ja, mumla Lillepetter og snudde hauet. - Nå den...

Aili lente seg mot dørkarmen og sa ikkje lenger eit ord.

- Har du gjester? spurte Lillepetter og angra i det samme det tåpelige spørsmålet.

- Nei.

- Nå , denne... Ærlig talt så har eg eit anna ærend til deg. Får eg komme inn?
 - Ka slags ærend? Kjem du no igjen på grunn av den der gamle historia? Lillepetter, lille venn, eg har jo fortalt deg...
 - Helvete! utbraut Lillepetter. - Slutt å kalle meg det. Ærlig talt må eg spørre deg om den nye lille vennen din. Eg har byrja som etterforskar av tjuveriet frå Søkkvik kommunekasse. Der er attest!
 Aili brydde seg ikkje det minste om Lillepetter sin attest, men spurde:
 - Kas nye venn er det du pratar om?
 - Den lange tynne vennen med hatt, forklarte Lillepetter surt.
 - Ka vondt har no Birger gjort deg?
 - Så det er Birger han heiter. Ikkje meg, akkurat, men han blei sett snikande rundt på Maktgarden i natt. Eg etterforskar altså tjuveriet og mistenker at din nye lille venn er skuldig i det, brast det ut av Lillepetter.
 - Birger bur i prestegarden.
 - Prestegarden! Og ka så om han bur der? Han kan ikkje av den grunn gå inn i Maktgarden på natta. Og i går morgon kom han ut herifrå. Eg såg det sjølv.
 - Ka du trur? At Birger...?
 - Eg trur ingenting., Men ka gjør han hos deg tidlig om morgonen?
 - Ka du skal med det! ropte Aili og ville smelle igjen døra, men Lillepetter sette foten imellom.
 - Eg etterforskar tjuveriet og treng opplysningar, sa han hardt. - Om nokon snik seg rundt i Maktgarden på natta, så er han mistenkt. Du forstår da så pass?
 - Kor dum du er! Men eg svarar ikkje på spørsmåla dine her! Eg har kontor på skolen. Gå dit før meg, eg kjem snart, sa Aili og small døra igjen.
 Lillepetter såg på den igjenlukka døra. Han hadde brått mest lyst til bare å sparke i ho og la heile Aili vere. Kunne ho ikkje slutte å tøve med det der "lille venn". Men snart skulle ho få svare på om ho hadde lånt Beinrangelet nøklane til Maktgarden, og korfor!

Lillepetter sparka likevel ikkje inn døra til Aili, snudde bare rundt og gikk til skolen for å vente på ho. Ho hefta ikkje lenge, men kom i full fart og raud i kinna, skrangla med nøklane og vinka Lillepetter med seg. Ho skritta ut foran han så det rasla i nylonvinterpelsen. Inne på kontoret slo ho først på lyset, skauv fram ein stol til Lillepetter og sjølv sette ho seg bak skrivebordet.

- No ja, sa Lillepetter, fann fram notisbok og blyant og såg seg først rundt i rommet.
 - No?
 - Eg hører du er vaktmester for Maktgarden og?
 - Ja, svarte Aili lydig, sjølv om kinna hennar brann av sinne.
 - Og kjenner ein lang kar med hatt som kallar seg Birger. Ka slags kar er det?
 - Birger Cabutti er predikant. Han er her for å halde forsamlingar.
 - Predikant? Ka gjør ein predikant om natta i Maktgarden? Og korfor rotar han i papira til Morgongry?
 - Du må ha drømt! sa Aili. - Birger ville aldri ha gjort noko slikt. Han er eit reinhårig og godhjerta menneske som har gjort mye godt for sultande ungar og lidande mødre i krigen. Du fornærmar og spottar Guds utvalde.
 - Eg har auge i hauet, Aili. Eg såg sjølv, sa Lillepetter. Eg verken fornærmar eller spottar din godhjerta gudevalde Birger. Ka han gjorde hos deg i går på morgonen?
 - Birger er slett ikkje meir min enn andre sin! sa Aili og byrja å banke med blyanten i bordet.
 - No, kor lenge har denne Birger vore her i Søkkvika?
 - To dagar.
 - Og ka gjorde han hos deg om morgonen?
 - Det kan eg da fortelle, sjølv om det ikkje skjell deg. Du bryr deg jo ikkje om gudsord. Han kom med ein postill til meg.
 - Jaså, ein postill, lo Lillepetter og skreiv opplysninga ned.
 - Tidlig på morgonen...
 - Sjelvsagt, før eg for på jobb.
 - Men du var heime no igjen.
 - Eg var heime i matpausa! Aili heva røysta.
 - Veit du ka eg trur? At denne Birger hadde stole nøklane til Maktgarden av deg og...
 - Birger ville aldri gjøre noko slikt, har eg jo sagt!
 - No, så lånte han dei, da...
 - Kordan vågar du å seie slikt? Aili klarte ikkje lenger å sitte på stolen, men hoppa opp. - Hør, Lillepetter! Du treng ikkje skulde verken meg eller andre truande menneske! Du skal forstå at eg har angra alle gamle synder og eg blir aldri meir slik som eg var!
 - Det har ikkje noko med saka..

- No hører du her! Du er så bitter fordi eg ikkje kan vere som før. Derfor kjem du hit for å gi meg skulda først. Skjems du ikkje?

- Arbeid er arbeid, kommenterte Lillepetter rolig, sjølv om han byrja å bli ille urolig innvendig. Betydde Aili sine ord at ho aldri meir ville vere i lag med han?

- Arbeidet ditt er visst å plage andre, sa Aili kaldt.

- Plage! Lillepetter tente igjen. - Vil du ikkje fortelle noko, så la det bare vere. Men du får sjølv ta skulda om denne Birger viser seg å vere ein anna enn du trudde.

Lillepetter reiste seg opp, putta notisboka i veska og såg på Aili, som surmula ved vinduet og ikkje såg mot han.

- Det kan godt hende at eg kjem igjen i samme ærendet, sa han og gikk.

- Helvete, banna Lillepetter. I denne jobben ertar eg på meg alle folk. Eg var ein idiot som byrja med dette.

Persen kunne sjølv ha leita opp dei fordømde gullingane sine. Det hadde vore bedre å slutta av heile jobben, når dette svartens Beinrangelet med hatten - eller kas svartens predikant Birger Cabutti han var - kom inn og rota alt til. Morgongry blei jo reint tullat av det og det var ikkje langt frå at Aili byrja å skrike.

Eg etterforskar i dag og så sluttar eg, avgjorde Lillepetter. Skolen var enno ikkje slutt. Det var friminutt og elevane strømma ut i gangen. Lillepetter funderte på å prate litt med dei rønnaraktige guttane som Morgongry hadde snakka om.

Lillepetter gikk ut og fikk auge på ein gutteflokk eit stykke borte. Han skritta over mot dei.

Guttane trakk seg unna da Lillepetter fortalde kas ærend han var ute i. Dei hadde hørt nok om tjuveriet frå pengekassa i Maktgarden, men hadde ikkje trudd at Lillepetter skulle komme så raskt og mistenke dei. Dei hadde ikkje trudd det, sjølv om dei visste at i Søkkvika skjedde det ingen kjeltringstrekar utan at ungdomsskoleguttane først fikk mistanken på seg.

Lillepetter granska guttane. Nokre såg ned i bakken og sparka i snøen. Dei syntest ikkje å vere særlig snakkesalige, dei ville vel heller ha han å kysse seg bak og dra dit pepparen gror. Dei sa det likevel ikkje, bare sto og skula.

Vaktlæraren kom til syne bak ryggen på Lillepetter som om han skulle berge han frå guttane sitt sinne. Han gjennombora guttane med blikket før han hilsa på Lillepetter og spurde ka som sto på . - Na-aa, dro Lillepetter på det. - Eg veit ikkje riktig... Mange takk, men eg treng inga hjelp.

Vaktlæraren raudna og opna munnen for å seie nokre velvalde ord til Lillepetter, men snudde og gikk med lange skritt til andre enden av skoleplassen. Guttane lo.

- Elendige tosk, sa Villy Ville, som passa akkurat til namnet sitt, livlig og vilter gutt, 9.klassing.

- Hold kjeft! satte Harry han på plass og såg på Lillepetter.

- Eg meinte ikkje deg, men han der vakta, sa Villy.

- Hør her, guttar. Eg ist ikkje byrje å spørre dokker ut her på skoleplassen. Ikkje inne på skolen heller. Kom heim til meg om ein time.

- Vi kan komme om så med ein gong, vi treng ikkje sitte i timen, sa Nils. - Gå og spør rektor om lov, ho overlet oss gjerne til politiet.

- Spør dei to jentene med det samme, dei er likedan som oss, sa Villy og peika på Hillevi og Mona.

- Slutt å tøve, Villy, ropte Mona bortafrå, for ho såg guttane peike.

- Eg spør ikkje om noko, sa Lillepetter. - Spør sjølv og kom til meg om ein time. Eg gir dokker eit papir. Vent bare litt..

Lillepetter drog fram ei samankrølla papirbit frå veska, skreiv på namna til guttane, satte og på namna til Hillevi og Mona og rakte den til Villy.

- Veit dokker ka som hender, dersom dokker ikkje kjem om akkurat ein time og alle sammen? spurde han.

- I fengsel, sa Harry.

- Dødsdom, foreslo Veijo.

- Hauet av og i havet, sa Nils.

- Eit av dei alternativa, sa Lillepetter. - No, vi sjåas.

Etter vel ein time strømma guttane heim til han. Hillevi og Mona var med, slik dei var blitt bedne om. Dei kom som eit skred og fylte den lille stova hos Lillepetter.

- Sett dokker, sa Lillepetter.

Hillevi skunda seg til sofaen og slengde føtene langs etter den så ingen fikk plass attmed ho. Ein forsøkte nok, men lukkast ikkje med å få føtene hennar ned.

- Sett dokker bare på golvet, sa Lillepetter da han hadde sett på Hillevi sin sjau med å tileigne seg sofaen.

- Jahhah, sa Lillepetter da det var blitt ein slags ro. - Da bytjar vi. Det er best om dokker fortel alt rettfram, så slipp eg å kjekle med dokker. Eg er ein mann som ser ei løgn på langt hald.

Villy mumla noko inne i munnen, men sa det ikkje høgt. Ba han sikkert kysse seg bak.

- Først namna, sa Lillepetter. - Fulle namn. Du først, Villy.

Namna kom etter kvarandre som erter av ein sekk, tilsaman sju. Fem guttar, to jenter.

- Kor dokker var natt til i går? Først Nils.
- Hos han Veijo til klokka eitt.
- Vitne?
- Veijo, Harry, Mona, Ante, Villy, Hillevi.
- Dokker var ilag? Ka gjorde dokker etter klokka eitt?
- Gikk heim kvar til sitt.
- Ka? Dokker slang ikkje rundt på hotellplassen? Og ikkje utafør baren?
- Nei. Alle gikk heim, gjentok Nils.
- Korfor såg eg da deg, Villy og Veijo gå etter vegen i halvto-tida? Kor dokker da var på veg?
- Kor... Ingen plass, vi sov! ropte Villy. - Du er akkurat som rektor som vaktar på elevane til og med om natta!
- Hør no her guttar, sa Lillepetter. - Dei andre får gå. Villy, Nils og Veijo blir igjen.
- Eg blir og igjen, erklærte Hillevi.
- Ka du heng deg på oss for? sette Veijo i og stirra på Villy, som ikkje gjorde noko for å jage Hillevi vekk. Dei to brukte å vere i lag.
- Vaskar ikkje mor di i Maktgarden? spurde Lillepetter Villy etter at dei andre var gått.
- Jo, og ka så?
- Veit du kor ho oppbevarer nøklane til Maktgarden?

Villy raudna og retta seg opp. Han gnistra i auga.

- Meiner du... Meiner du at eg skal ha stole nøklane av mamma og så ... Helvete!
- Ikkje bann, eg meiner ingenting. Eg bare spør. Veit du eller veit du ikkje? Svar så eg kan skrive ned svaret ditt her i protokollen.
- Eg veit ikkje, svarte Villy.
- Takk. Og så: Kor dokker kom i frå etter halv to? Kem som svarar?

Ingen sa eit ord.

- Om eg ikkje får eit skikkelig svar frå dokker, må eg merke dokker av som mistenkte, sa Lillepetter. - No? Skal eg merke av det eller kjem det noko svar?
- Guttane kom frå meg, kom det frå Hillevi.
- Er det sant? Villy?

Gutten svarte framleis ikkje.

Nils? Veijo? Kem andre var hos Hillevi enn dokker?

- Birgit og Maja, sa Hillevi.
- Var dei? Villy?
- Det skjell ikkje deg! satte gutten i. - Det skjell ikkje nokon. Ikkje deg, ikkje foreldra mine og ikkje rektor på skolen. Helvetes jævlar...
- Slutt å banne! forbød Lillepetter. - Om dokker har bestemt dokker for å ikkje fortelle noko, så la det bare vere. Men det sett dokker ikkje utafør mistanke.
- Spør Birgit og Maja, sa Hillevi.
- Kanskje eg gjør det, sa Lillepetter. - Gå no!

Ungdommane hoppa straks opp og for ut. Lillepetter lukka igjen etterforskningsprotokollen og pusta ut. Han var svolten. Så han gikk og leita fram kjøttdeig i kjøleskapet og slengte den i panna. Da kjøttdeigen var ferdig steikt, slang han den på tallerkenen og åt med brød til. Først da kom han på at Persen hadde sagt han kunne spise på hotellet. Men no var han ikkje svolten lenger.

Han gikk inn på soverommet og slang seg på senga. Guttane syntes ikkje å vere skuldige, heller ikkje Villy, sjølv om Margit hadde nøklane til Maktgarden. Margit oppbevarte nøklane samvitsfullt, det hadde han sjølv sett. Ho var og så skikkelig at ho alltid hadde hunden med når ho gikk til Maktgarden for å vaske. Eller kanskje ho var redd for å vere aleine i det store bygget og derfor hadde hunden med.

7.

Søkkvik kommunestyre sitt møte skulle akkurat byrje. Morgongry hadde sjølv ringt til kvar einskild og befalt alle å møte. Den som ikkje synte seg på møtet, kunne bli bøtelagt, for saka var så viktig og hadde slikt hastverk at alle måtte vere med å avgjøre ho. På sakslista sto mottaking av deskiske gjestar og utleige av Brødfjella. Lillepetter og Gisve-Bent hadde lura seg opp på galleriet for å følge møtet. I tillegg til dei var det tre andre kome for å høre på forhandlingane i Søkkvik kommunestyre.

Tre minutt over sju var nesten alle kommunestyremedlemmane i Storsalen i Maktgarden; Morgongry og Persen satt bak dirigentbordet. Fire minutt over sju kom Olsa-Ola og seks minutt over Olsa-Jens. Dei sette seg ned heilt

fremst. Ingen sa eit ord, rydda bare papira sine eller glante ut gjennom vindauga. Alle andre hadde kome, unntatt Anne-Lise.

Ho kom ti over sju, klampra med høghæla sko forbi Olsa-Ola og Jens. Ho var ei omlag tretti år gamal fyldig dame med gult farga hår og overdådig måla ansikt. Ho førte med seg ei kraftig parfymeduft. Med tynn røyst helsa ho god kveld, det hørtes mest som rypekakling om vinteren.

- Ka det går av dokker, har dokker fått over ryggen, skratta ho. Persen har jo auge som....

- Ti still der, irettesatte Morgongry. - Du skal oppføre deg som kommunestyremedlem, ikkje som noka Ciciolina.

- He he, så har vi og Ciciolina! lo Anne-Lise. - No skal ikkje du kjære kongen vår stresse så fryktelig. Tenk heller på laurdag.

- Hald no kjeft og sjå på sakslista! skjelte Morgongry og raudna til over hauet. Andre svelga ein flir, for alle visste at Morgongry brukte å bake brød på laurdagen og Anne-Lise brukte å kjøpe brød av han, fordi dei var så gode. Morgongry var særlig flink å bake, og Anne-Lise hadde dei imellom foreslått for han å slutte i stillinga i kommunen og byrje som bakar i Søkkvika.

- Vi manglar jo eit bakeri og ferskt brød kjem frå 50 mil borte i Fingerland og er slett ikkje så godt som det du bakar, hadde Anne-Lise sagt og Morgongry hadde sett rett på brysta hennar som var som overheva brød under den stramme blusa.

- Til konge kan no kem som helst duge, hadde Anne-Lise sagt og rygga med brøda sine mot døra.

Men no banka Morgongry i bordet med klubba og erklærte:

- Møtet startar! Alle har kome, bare at ni kom fleire minutt for seint, Anne-Lise heile ti. Men no Persen, fortell du korfor dette møtet er innkalla.

Persen retta opp papirbunka si og klara halsen.

- Som mange av dokker allereie veit, er det no deskiske utsendingar her. Dei har lagt fram for oss eit tilbod som endelig skal få oss ut av pengeproblema våre.

Persen forklarte i det vide og breie om dei godane som deskarane var klare til å bringe til Søkkvika. Dei vil bygge eit stort hotell, flyplass, alpinbakke, laksedam og sjølvsgatt og golfbane. Deskarane lengtar etter fjell og vatn, dei vil gå på vidda, sjå midnattsola, mørketida og nordlyset. Dei vil lære å fiske og kaste med lassos, kanskje og å kjøre med rein og bu i lavvo...

- Slik som vi gjorde i gamle dagar, lo Anne-Lise.

- Ti still! ropte Morgongry. - No, fortsett, Persen.

- Deskarane sine tiltak vil bringe oss arbeidsplassar, pengar og velstand, skraut Persen.

- Og vi, Søkkvik kommunestyre har no saka til godkjenning. Men vi må gjøre det samrøystes. Derfor skal saka behandlas slik at alle er med.

- No ja, da kan vi byrje å diskutere saka, sa Morgongry.

Eit titall hender gikk straks i været for å be om ordet. Anne-Lise var først.

- I denne saka er det noko som eg ikkje forstår, gjorde ho kjent. - Med kas rett vil dokker leige ut disse områda som er reinbeite?

- Vi veit alle at all den jorda som ikkje hører til ein bestemt gard, den eig den fingske staten og den forvaltar Søkkvik kommune, sa Persen.

- Hør no, Persen! avbraut Anne-Lise. - Er det Søkkvik formannskap sin plan å selge jorda vår? Denne øya er vår, ikkje Fingerland si eller kommunen sin!

- Anne-Lise, du har ikkje ordet! skreik Morgongry og smelte hammaren i bordet.

- Sitt rolig og ikkje skrik!

- Eg har ordet akkurat når eg tar det, peip Anne-Lise - Har dokker, Persen og Morgongry, virkelig tenkt å selge dokkers eiga heimland?

- Det er ikkje spørsmål om å selge, men om å leige ut, presiserte Persen, og skulle til å forklare saka vidare, men Morgongry braut av.

- Persen, forklar no ka slags inntekter vi vil få av deskarane sine planar, befalte han.

Persen småsutra og ba alle slå opp på side nitten, punkt sju. Det fantes alle opplysningar, både utgifter og inntekter.

- Det er så kronglat skreive at ein ikkje blir det spøtt klokare av det, hevda Måne-Einar. - Med dei her forklaringane kjem ein ingen veg. Sakspapir skulle vere sendt til representantane ei veke på førehand slik at ein kunne stave seg gjennom og gruble i fred.

- Det hadde vi nok gjort, men nett da slutta datamaskinen vår å virke, og det tok nesten ei veke å få reparert han. Det er ikkje vår skuld, sa Persen.

- Den dyre datamaskinen som skulle få sakene til å gå så mye raskare i Søkkvika, sukka Måne-Einar og tagna.

- På dette møtet skal vi avgjøre ka vi skal svare deskarane, fortsatte Morgongry.

- Eg er ikkje enig, sa Lom-Ville. - Vi kan ikkje avgjøre noko her. Eg forstår ikkje fingsk så godt at eg kan seie ka som står på disse papira.

- Er det så det skal vere tolk? skreik Morgongry. - Og du tør å innrømme at du ikkje forstår tydelig skreve fingsk. Kordan har du latt deg velge til kommunestyrerepresentant, som ikkje ein gong kan riksspråket?

- Sjølv kan du nok, sa Lom-Ville sint. - Du prøvar no i alle fall, men sjølv ein unge kan høre kordan du vrenger orda. Einkvar veit kor du kjem frå og dessutan har vi ein språkløv som forpliktar...

- Til saka! gøydde Morgongry. Han byrja å få vondt i hauet. Det var ikkje lett med disse kranglate tommene, nei. Noko heilt anna var det med fingerlendarane, som hadde eit par representantar i kommunestyret. Med dei gikk alle saker glatt, dei krangla ikkje og ikkje tøva dei om språkvanskar.

Likevel var det sjølvsagt også i denne forsamlinga mange tommar som ikkje var hysteriske med tomskheita si, men samtykka og godtok det som fingsk lov sa. Nokre av disse var endatil lettare å ha med å gjøre enn fingerlendarane, for eksempel Kvist-Mikkel som var ein gudfryktig mann. Han kom ein alltid overens med, også med Olsa-Jens og Ola, sjølv om dei ikkje trudde.

Morgongry hadde mange gongar irettesett dei som alltid protesterte, uansett kas sak det gjaldt. Heldigvis frykta dei fleste snarsinnet hans, og kanskje hugsa dei kordan han i haust velta bordet da Lørve-Duvva hadde byrja å krangle om at det ikkje lenger var fisk i Fiskandelva. Morgongry hadde nekta Duvva å lyge, for på Lemenhauet var det enno ikkje øydelagte elver, denslags fantes bare i Fingerland og i utlandet.

- På Lemenhauet er det Guds frie og reine natur. All slags fisk og vilt fins enno her. Forureining har ikkje nådd hit og ikkje øydelagt Fiskandelva! hadde han ropt ut.

- Enn den store søppelplassen dit all slags søppel og skrot blir kjørt for store utgifter med kommunen sine søppelbilar, hadde Lørve-Duvva på si side kommentert. Vi blir å måtte betale for forureininga av vassdraget. Forferdelig kranglefant denne Duvva, samme slag som Lom-Ville, Anne-Lise, Skalle-Nils og Måne-Einar. Dei forsto ikkje å ha respekt for han, brydde seg ikkje om han skreik ut eller slo i bordet. Mange gongar lo disse stritustane bare av han og gjorde nett som dei sjølv ville!

Morgongry retta seg opp på stolen og sukka djupt. Han hadde overnatta på sofaen hos deskardama Grete, ettersom han ikkje orka å gå heim og vekke opp kjerringa. Lena var så kjedelig når ho blei sint. Ho kunne bli heilt frå seg. Han hadde ikkje vore heimom sidan igår og visste ikkje heilt ka tid han våga seg dit. Dette hadde hendt han før og. Men alltid når han hadde rota rundt i fleire dagar, så fann Lena han endelig og frakta han heim. Da var ho ikkje lenger sint, var bare blid og ville pleie han. Vaska og baka kake. Kanskje det gikk sånn no og. Men korfor ville så deskarane leige landområde her i det kalde nord, dei hadde da eiga land kor alt godt i verda fantes. I alle fall viste filmane deira rike folk, som kjørte i store fine bilar, satt på grasplenen attmed svømmebassenget nesten nakne. Kvinnene deira var vakre og virkelig modige og skarpe. Dei hadde storgardar, tjenarar, masse pengar. Bare det at der var og mange bandittar og terroristar. Der torde ein ikkje bevege seg utadørs utan bil. Og i tillegg hadde dei narkotika og den farlige CIV-CIV sjuken. Bare den no ikkje kom hit. No var enno Søkkvika ein fredelig stad. Rett nok drakk og hora folk, nokre slost nok og, men store brotsverk og øydeleggingar hadde ikkje nådd til denne avsides plassen. I det heile kunne Søkkvika unnvere slikt. Men no når folk kravde også det som var i den nye tida, gode tjenester, lett liv... Sjølv om den største gåva ville vere eit redelig liv slik som no når ein ikkje trong å frykte noko. Folk kjente kvarandre og visste ka dei kunne vente.

Deskarane sitt store turistsenter kunne endre alt. Ka farsken skulle ein no med det? Men når han ikkje torde å gå imot, slik som Ville og dei andre, da ville han og bli kalla for tommefanatiker. Her ville dei bare halde narr når han stadig mintes gamle Langskjegg-Samuel og le av den lille og skrøpelige kroppen hans.

Og når han drog til Fingerlands hovudstad Hilsku, ville han bli irettesett av partifellene. Partiet hans var Fingerlands største. Sjølve statsministeren var partifellen hans og kvar sommar brukte han å komme hit for å fiske laks i lag med han. Statsministeren hadde mange gongar foreslått for han at Søkkvik kommune kunne leige ut dei fine vide fjellområda til turistar frå Sameinte Juropa. Det ville og vere til nytte for Fingerland ettersom turistane reiste langsetter Fingerland for å komme hit nord.

Tankane til Morgongry vingla hit og dit og stansa opp først da Måne-Einar kravde ein del av dei pengane som ville komme inn frå utleiga av Brødfjella. Han minte om at Brødfjella var det beste reinbeitet på heile Lemenhauet. Søkkvik kommune var forplikta til å betale reineigarane, om det var så at ein var tvungen å leige ut.

- Det er ikkje noko tvang! ropte Lom-Ville. Eg går uansett imot, no, i dag og i morgon! Dokker får skrive det ned i protokollen straks. Arvelandet vårt er ikkje til leige!

- Det er ikkje snakk om ditt land, men kommunen sitt...

- Det er ikkje kommunen sitt land, ropte Ville. - Våres land er det! Heile denne øya er våres! Og det gir eg aldri...

- Ikkje jåss mannskit! braut Olsa-Jens han av. - Når no den fingske staten har gitt Søkkvik midlertidig sjølvstyre, så får kommunen gjøre med landet som ein vil. Og om vi ikkje klarar å bruke makta vår rett, så er det slutten for autonomiforsøket vårt etter disse fem åra.

- Fingske staten har ikkje nokka rett å gi bort beitelandet vårt på den måten! skjelte Ville. - Om du er Søkkvik kommune, så er eg og. Eg er lovlig vald hit, og dermed har eg rett å protestere.

- Ka dokker slåst for? Dokker tommefanatikarar skulle vere nøgde når dokker endelig har fått det dokker ønska. Full autonomi. Men ka skal det bli av dette, dokker motarbeider jo utviklinga, skjelte Olsa-Ola. Det er ikkje lov å skjelle ut folk her i salen! ropte Anne-Lise.

- Men likevel, fortsatte Olsa-Ola. - Dokker gjentok år etter år kordan tommane hadde sitt eige område allereie i tida til dei gamle weakongane. Alle disse øyene i Nordhavet har tommane brukt i hundrevis av år. Det har vore tider da ingen fikk flytte hit, bare komme på besøk for å hente inn skatten. Dette har dokker fortalt over heile verda. Og endelig gir Fingerland oss dette sjølvrådeområdet. Men kordan går det da...?

- Det var da det og ikkje no, sa Ville. - Dei gamle tommane var ikkje like pengegriske som no. Dei forsto noko om jorda. Dei visste at ein må ta vare på jorda om ein skal leve.

- Det der er ikkje anna enn romantisering, utbraut fingerlenderen Paavo Kininen.

- Dei gamle tommane var like griske som no i tida.

- Vi lever ikkje lenger i tida til dei gamle kongane, vi lever i dag. No er alt annleis enn i gamle dagar. Vi er forplikta å følge tida. Til det hører blant anna at vi har alt som andre har. Vi får ikkje bli etter, busa Morgongry ut.

- Eg ist ikkje kverulere med slike som ikkje er meir opplyste enn som så, sa Ville. - Skriv ned i protokollen ka eg meiner.

- Vi kan ikkje gi ein slik protokoll til deskarane, der annan kvar har si eiga mening, sa Persen. - Vi skulle vere enige om...

- Eg er ikkje enig med deg, uansett ka vi skulle, kunngjorde Ville. - Eg kan sjølv skrive inn synet mitt, om det er så at du ikkje klarer. Eg kan om så klage til menneskerettskommissjonen i Sameinte Juropa.

- Sett opp at eg og er uenig, sa Lørve-Duvva.

- Og eg! kvein Anne-Lise. - Vi klagar i lag.

- Klage! Her skal ein ikkje fare og klage! gaula Persen. - Vi skal heller sameine oss. Sameine oss med Sameinte Juropa. Det er tidsånda og derfor er deskarane her. Vi skal forlikas som...

Skalle-Nils reiste seg opp med hua i handa. Han var ein liten og mager gubbe med svart hår som stritta hit og dit og dei små auga hans var skarpe. Med låg røyst sa han:

- Dokker skal sjå, at vi tommar snart ikkje finst lenger her i verda, om vi ikkje byrjar å verge og forsvare oss litt. Eg likar ikkje turistlarven. Den hører ikkje til her. Eg er allereie ein gamal mann og veit kordan tommane har levd slik at dei har berga seg i denne harde verda. Livet vårt er freden her, vidde og fjell, elver og vatn. Den store verda kveler oss og livet vårt. Vi venner oss så alt for lett til det at vi ikkje lenger kan dra på fjellet som før. Utan skuter kjem ein ikkje lenger nokon veg, om det er aldri så fint vær. Folk kan knapt gå på ski lenger. Derfor vil eg gå imot dette.

- Voi, Nils, forbarma Persen seg. - Eg forsto deg nok, men ettersom dette møtet ikkje er tommefanatikarane sitt propagandamøte, så...

- Om dokker ikkje sluttar å skjelle ut folk på møtet, så klagar eg på dokker! gaula Anne-Lise og slo knyttneven i bordet. - Ka slags oplyste folk er dokker som ikkje eingong kan styre eit møte?

- Du Persen skal ikkje halde narr av folk, sa Nils. - Du er ein vaksen mann og skulle ikkje oppføre deg slik. Skriv no ned synet vårt i sakspapira.

Nils sette seg rolig ned, tørka panna og sa ikkje meir. Det blei stille i møtesalen. Morgongry syntes ikkje å vere i denne verda og oppdaga ikkje at Persen såg på han for å få støtte.

- Ja ja, ja så, sa Persen endelig. Eg blir visst tvungen å skrive ned reservasjonen dokkers i protokollen, sjølv om det ikkje gir noko godt bilete av saksbehandlinga vår. Det gjør det ikkje. Men kor mange var det som var mot? Ein, to, tre, fire, fem...

- Og så eg! kunngjorde Pirjo Oivanen.

- Du? Men du er da fingerlender!

- Om eg så var tålender ville eg gått mot dette.

- Så du er og ein av disse tullate naturvernarane, slo Persen fast.

- Det er ikkje lov å kalle folk her i møtesalen! small det frå Anne-Lise.

- Kas kalling er det? Eg har stor respekt for alle naturvernarar og økolo...gikarar -- Seks går imot.

- Går imot? Ka dokker går imot?

- Utleige av Brødfjella.

- Jaså? sa Morgongry forundra, dro handa gjennom håret, retta ryggen og gnei seg i auga. Langsamt kom han ut av sine eigne tankar og inn i møtesalen, men etterkvart som han kvikna til, byrja det å gnistre av auga hans og ansiktet raudna som glør. Han hoppa opp og slog i bordet med klubba.

- Seks! Det er jo meir enn ein tredel! Har dokker tørna? gøydde han.

- Det har vi ikkje, svarte Anne-Lise. - Vi forsvarer bare vårt eige.

- Hold kjeften! I morgon er det nytt møte i denne saka. No går dokker heim og tenker over dokkers eige beste! Tullhau! Idiotar! Møtet er slutt!

Morgongry slo enno eit par gongar i bordet og så skritta han ut av møtesalen.

- Og imorgon... klokka seks, sa Persen og reiste seg han og.

8.

Lillepetter traska igjen etter vegen, for Gud veit ka for ein gong denne veka. Det hadde blitt mildare og ein svak vind fikk snøfnugga til å fly gjennom lufta. Riktig fint vær å gå i.

Lillepetter var på veg til prestegarden, for å sjå om han var der, denne "reinhårige og godhjerta" predikanten Birger Cabutti, som Aili hadde sagt. Han skulle og gjerne vite om Birger Cabutti var den samme Beinrangelet med hatten som han hadde sett om natta i Maktgarden og om dagen bak kjøkkendøra på Ferjeheimen. Det kunne og vere at det samtidig var kome til Søkkvika to menn som likna kvarandre: den eine predikant, den andre denne som smaug seg rundt og som Morgongry syntes å kjenne og nærast hate og samtidig frykte.

Det var likevel svært merkelig om det skulle vere slik: to lange svartkledde menn som begge brukte svart hatt.

Men no var det jo i verda så mye anna rart og dette var kanskje ikkje det raraste her i Søkkvika heller. Det aller mest forunderlige var at nokon hadde orka å stjele Søkkvika sine stakkars 256 gullingar, som no i tida ikkje heldt til meir enn mat for to dagar, om det heldt så langt.

Ved storfurua bøygde vegen av rett nordover. Lillepetter stoppa opp ved furua. Han hugsa at på andre sida av ho var ei stor grein som Aili og han brukte å sitte på den sommaren dei var i lag. Dei kom aldri dit etter vegen, men etter stien gjennom skogen. Å så fine stiar det var der! Dei gikk i svingar mellom kvit reinlav, stodde seg rundt busker og lyng, gikk ned i groper og opp igjen over haugar. Der var det godt å gå.

Og Aili var ung og lett til sinns, ikkje slik eit slikt stivt og umedgjørlig menneske som ho no var blitt. Med det breikanta skjørtet brukte ho å komme til syne borte i krattet, når Lillepetter var kome fram til furua før ho.

Latteren hennar klang som ei kopparbjelle når ho klatra opp på greinen og byrja å pendle med dei smekre og lange beina sine.

Da var ho ikkje redd som no, men lot Lillepetter ta ho på fanget og kysse ho lenge. Å, så moro det var å kysse Aili! Jenta heldt først leppene saman og opna dei litt før ho lot tunga hans røre si eiga tunge. I ungdommelig kjærleik strauk han Aili, putta handa inn i skjorta hennar og stauk ho varsamt over brysta. Og Aili strauk sjølv med varme hender og pusta heftig. Til sist glei dei ned på bakken og lo, men noko lengre nådde ikkje kjærleiken deira den sommaren.

Først i Kornbygda hadde det skjedd - einaste gongen i heile livet deira. Og enno kokte det i blodet og den der spratt opp i ståande. Korfor skulle no mannfolka ha ballar som laga til slike lyster. Sjølve stanga var no kjekk å ha til å halde i når ein pissa og på det viset ha ei viss styring over strålen. Men eit ballelaust liv ville ha vore mye lettare, i alle fall her i Søkkvika.

- Lillepetter! Ka du står der for?

Lillepetter knakk nesten saman i føtene, så forskrekka blei han. Veska hans datt rett i bakken. Med måpande ansikt snudde han seg mot lyden. Bilen hadde stansa bak han. Lillepetter blei enno meir forskremt da han bak glaset såg Aili som på si side ikkje såg i retninga hans. Men det runde ansiktet til prestefrua skein mot han bakom rattet. Prestefrua var sjølv ei ung og pen dame.

- Kor du er på veg? Hopp med, kommanderte prestefrua.

- No... til det... ghm...

Lillepetter forsøkte å ta opp veska utan at dei to kvinnene oppdaga det, men i forfjamselsen heldt han på å snuble i ho.

- Kom med, kommanderte prestefrua. - Da kjem du heilt til prestegarden.

- Der.. dit skulle eg og... eg skal hente ein attest.. for å få meg pass til utlandet, svimla Lillepetter av garde og retta opp kleda sine, sjølv om det i grunnen ikkje var noko å rette på.

- Så da passa det godt. Hopp i baksetet, rådde prestefrua og starta allereie bilen.

Lillepetter kraup inn i bilen og forsøkte å gjøre seg så liten som råd.

- Eg henta Aili til å drikke kaffe hos oss, så vi i lag kan prate med Birger om pengeinnsamling til ungane i Afrasia, forklarte prestefrua glad. - Du Lillepetter kan og komme. Du kan sikkert ha mange gode idear kordan ein kan motivere folk i Søkkvika til eit slikt arbeid. Målet vårt er å samle inn ti tusen gullingar bare i Søkkvik kommune.

Helvete, banna Lillepetter for seg sjølv. Eg skulle ikkje ha fore hit. Hadde vore bedre å sove i sengekroken heile dagen enn å hamne midt i kvinnfolka si pengeinnsamling. Svarten at dei skulle vere som hønemødre som alltid dreiv å styrte med å hjelpe alle som lir naud i verda. Får dei ikkje tida til å gå ellers eller er samvetet som ikkje lar dei sove, ettersom dei ellers er overmåte velstående og unner dei som er i naud bare det som dei sjølve har til overs. Da er det godt å kunne leike i truandedommen sitt namn.

Eller korfor skal eg dømme andre, sukka Lillepetter og såg ut på trea som flaug forbi. La dei no styre med sitt, desse ørkeslause kvinnfolka må no og ha noko å sysle med. Hadde no eg og noko slikt, da trong eg ikkje gå her og gruble og minnast i sinne.

- Skal du virkelig ha utanlandspass? Skal du reise langt kanskje? frita prestekona ut og gløtta over skuldra mot Lillepetter.

- No, kem som veit, dro Lillepetter på det. - Kanskje eg fer med med deskarane, det ser ut som dei har mange pene damer.

Aili kasta eit olmt blick på Lillepetter, men han smilte bare breitt.

- Å ja, sa prestekona og sa ikkje meir på ei stund. No syntes ikkje tagnad å vere den sterkaste sida hennar, så ho slo over på noko anna:

- Kor det går framover med tjuverietterforskinga?

- Så smått.

- Har du funne nokon raud tråd enno?

- Knapt.

- Du passar riktig godt til det. Eg har alltid sagt til Aili at du er ein statelig og flink kar. I stad da vi såg deg stå i vegkanten - ka du no tenkte på - så sa eg straks til Aili at no skal vi to kidnappe han Lillepetter. Du er eit fint og opplyst menneske, slik brukar eg å seie til mannen min og. Sjølv om du ikkje har funne Herren, så er det ikkje mange av ditt slag i Søkkvika. Ikkje sant, Aili?

Aili svarte ikkje, løfta bare på skuldrene. Ho virka som om noko plaga henne, for plutselig byrja ho å bite neglar. Prestekona skratta og nesten kurtiserte Lillepetter.

- Korfor sto du ellers der og glante i vegkanten? Ka du såg der i skogen? spurte ho.

- Eg mintes før i tida, svarta Lillepetter og heldt eit auge med Aili, som rykka til som om ho ville bykse ut av bilen. - Før i tida da eg var ung.

- Var det den furua som fikk fram minnene?

- Den, ja. Fine, varme minner.

- Skal vi ikkje høre på nyheitene, sa Aili og skrudde på radioen på full guffe. Prestekona gløtta bort på ho, men sa ikkje noko, auka bare farta og skulle svinge inn mot prestegardstunet, men Lillepetter ba ho å sette han av på veggen.

- Korfor? Skulle du ikkje hente den attesten? undra prestekona.

- Trur ikkje det. Eg kjem igjen ein anna gang.

Prestekona stoppa og Lillepetter hoppa i full fart ut av bilen, takka for skyssa og nesten sprang heim. Han skunda seg unna prestegarden som om han hade fått over ryggen. Sunnavinden hadde auka på sidan i stad og blåste no snø i auga hans. Det såg ut til å blåse opp til skikkelig uvær.

Han hadde gått ein kilometer, da han såg postbilen komme. Foran den kjørte ein liten grøn bil. Lillepetter skunda seg over på høre sida av veggen og vinka på postbilen for å få han å stoppe, men i staden stoppa den lille grønne bilen attmed han.

- Hei, Lillepetter! sa mannen.

- Ka i alle dagar? Det kan ikkje vere sant. Lillepetter dro etter pusten, for der i bak bilvindaugget stirra auga til Johan og Elina imot han. Først Aili og så Johan og Elina! Ein kunne jo snart ikkje gå etter veggen utan å stange bortti gamle kjentfolk. Og ka farken gjorde dei to her? Dei skulle vere i Kornbygda, ikkje her på Lemenhauet. Johan hadde mange gonger sagt at han ikkje lenger ville så mye som å fjerte i retning av heimlassen. Etter hans meining var her kjedelig, folk var treige og sta som geiter og den opplyste verda var alt for langt borte. Han gadd ikkje ein gong fare hit om sommaren, dro heller til varmare land i ferien. Og tomsk kom det aldri meir ut av munnen på han. "Det er ein forelda språk som ikkje duger lenger no i tida", hugsa Lillepetter at Johan hadde sagt.

Noko måtte ha hendt når Johan dukka opp her midt i mørketida. Og til og med med Elina.

- Har du mista tunga? lo Elina. Du ser ut som du har sett skrømt. God dagen!

Elina strekte seg over Johan for å handhilde og Johan strekte sjølv ut begge nevene mot Lillepetter.

- Ka dokker...? byrja Lillepetter, men Johan skauv bakdøra opp og nikka han inn i bilen.

Artig å sjå deg som den første her, kvitra Elina. - Kor du kjem frå og kor du er på veg?

- No kjem eg ikkje frå nokon stad, men eg hadde kanskje tenkt meg til Ferjeheimen, svarte Lillepetter. Han tenkte på å stikke innom og spørre ut kjøkkenpersonalet om dette Beinrangelet med hatten.

- Ka er det?

- Hotellet.

- Og du brukar å fare på hotellet midt på dagen, lo Johan og såg på Lillepetter i speilet.

- Eg har arbeid der. Men ka dokker gjør her midt på vinteren?

- Vi for hit for å ordne nokre saker. Her er no ein delegasjon frå Deskland. Ikkje sant? Vi kom for å treffe dei, fortalde Johan. - Men du arbeider på hotellet?

- Nei, slett ikkje, sa Lillepetter og fortalde ka han hadde dreve med dei siste dagane.

- No, så du er detektiv, lo Elina. - Finst det nokon tjuv?

- Han finst nok, men han har enno ikkje synt seg fram for meg.

- Ka du hører om Aili?

- Ho for nett til prestegarden.

- Til prestegarden?

- Nettopp. Ho har funne Herren.

- Ka? Har ho blitt truande?

- Ser sånn ut. Spør ho sjølv, eg veit ikkje.

- Enn du?

- Ka med meg?

- Har du og blitt truande?

- Har eg nok, men ikkje på nokon Herre.

- Så dokker to er ikkje....

- Ka tid har vi vore det? avbraut Lillepetter.

- Ja... I Kornbygda virka det no litt som... No, kor lenge skal Aili vere i prestegarden?

- Til predikanten Birger Cabutti har funne ut kordan frelse dei naudlidande i verda, sa Lillepetter med trøtt røyst.

- Kor er no dette hotellet? spurde Johan da dei hadde kome inn i bygda. - Vi drar og dit og et inntil Aili kjem tilbake. Eller ka?

- Det er greitt for meg, så får eg med det samme sjå kordan utelivet er på denne staden, svarte Elina og lente seg bakover i setet. - Her er ikkje mye folk å sjå...

Elina hadde bare ein gong før besøkt Søkkvika, dengang om sommaren mens turisttrafikken sto på. No såg dei bare ein bil, og Skalle-Nils som halta seg fram etter gangvegen under den kvite topphuva si.

- Ein daud stad, var Elina si vurdering.

- Skal sjå om ikkje vi kan få litt liv hit, sa Johan.

- Er du med på disse planane til deskarane? spurte Lillepetter frampå.

- No... Eg kan ikkje fortelle enno, alt er enno under diskusjon, sa Johan. - I morgon får vi sjå. Da skal vi fare opp på Brødfjella. Vil du vere med?

- Eg er ikkje bede.

- Enn om eg ber deg med?

- Har no du myndigheit til det? tvilte Lillepetter.

- Om nokon har, så har eg. Det er bare å komme med. Du er min gamle venn. Ingen jagar deg bort når du er med meg, sa Johan og gjorde seg viktig.

- Eg kan jo prøve, så ser eg med det samme kor langt makta di når, lo Lillepetter.

- Du har blitt så bitter her, Lillepetter, slo Elina fast. - Du var ikkje sånn før, da var du meir sorglaus og glad.

- Ein blir bitter her i øydemarka, sa Johan. - Ingen å snakke med, ingen å ta ein øl med og ...

- Det er no ikkje heilt sånn. Saka er heller den at her byrjar ein å sjå alt klarare. Til og med dokker to, sa Lillepetter, for no byrja han å ergre seg over den overlegne mina som Johan og Elina såg seg rundt med. Dei trong ikkje ha vore så blærate, dei oppførte seg som dei var så mye klokare enn søkkvikværingane. Og kanskje folk her ikkje var kloke på samme vis som i Kornbygda, og at ein derfor ikkje kunne sammanlikne dei, sjølv om dei no heller ikkje alltid var så vettuge etter Lillepetter si mening.

- Til og med oss to? lo Johan. - Du snakkar no som ein Sokrates.

- Kordan veit no du, ka eg er? Røysta til Lillepetter var no ei klar utfordring.

- Men gutar! sette Elina i. - No skal ikkje dokker byrje å krangle, to gamle kompisar. Er det det der som er hotellet?

- Der er det.

Johan svinga inn på plassen foran Ferjeheimen, og før han nådde å løsne sikkerhetsbeltet hadde Lillepetter hoppa ut av bilen og var på veg inn med lange skritt.

På Ferjeheimen var det ikkje mange folk, men dei som var der var meir høgroysta enn til vanlig, for allereie i gangen kunne han høre Olsa-Ola og Måne-Einar. Dei var usamde i ei eller anna sak, for dei heva stadig røysta og prata og i munnen på kvarandre.

- Nei, sånn har det aldri vore! utbraut Måne-Einar og slo knyttneven i bordet. - Det er blank løgn, største løgna eg nokon gong har hørt!

- No, no, ikkje bli så sint, sa Ola og strekte fram handa til forsoning. Han hugska ka dei hadde blitt samde om etter kommunestyremøtet i går: at alle dei ni som var samde i å leige ut Brødfjella skulle bruke dagen i dag til å prate med dei seks som gikk i mot. Dei hadde trukke lodd om kem som skulle ta for seg kem, og slik hadde Olsa-Ola fått Måne-Einar. Morgongry og Persen hadde blitt ståande utafør loddtrekkinga, for det viktigaste bidraget deira ville vere å ta seg av deskarane og gi dei så godt bilete av Søkkvika som mogleg. Også Kvist-Mikkel hadde fått fri, for no skulle det vere forsamlingar og han var kyrkjetjenar. Alle forsto at Mikkel hadde nok arbeid disse dagane, ingen hadde noko å innvende mot at han slapp unna det tunge arbeidet som Olsa-Ola no forsøkte å utføre på Ferjeheimen.

Men Einar, den uforbedelige stabukken, tok ikkje til seg noko av det Ola lira ut av seg. Han svarte på kvart argument med: "Det er blank løgn!" No når Ola hadde sagt at skattebyrden deira ville bli mindre om deskarane fikk bygge i kommunen, stempla Einar det igjen som blank løgn, og etterkvart som ølet gikk til hauet på han, blei han bare meir hissig. Kordan skulle ein få noko som helst inn i skolten på ein slik tosk?

Olsa-Ola pusta ut, og sjølv om han hadde lyst på ein øl til, så torde han ikkje drikke meir, for kommunestyremøtet var om fire timar og til da måtte hauet vere klarna. Han hadde allereie drukke nok, faktisk heile føremiddagen. Einar syntes ikkje å bry seg om det, men tinga ein øl til. Nett da kom Lillepetter med følge til syne i døropninga.

- Lillepetter, skund deg hit! ropte Olsa-Ola. - Kem du har med deg? Åja, eg kjenner kanskje den karen; sjølvaste Okse-Berit-Samuel sin sønn er det! God dagen, Johan! Det er kanskje kona di, god dag. No, ka du gjør her? Du har ikkje vore å sjå her på lang tid.

- Okse-Berit hugsar eg nok, sa Einar. - Eg var bare småglunten da gamla brukte å komme inn på tunet vårt med ein diger okse, skitten langt oppover låra, men snill som dagen var lang. Vi gutane brukte å klappe han. Oksen var eit artig dyr, men Okse-Berit sjølv var virkelig artig! Ho brukte å ta til å skratte på lang avstand før ho kom til gardane med oksen sin.

- Gamle dagar er gamle dagar. Og no i tida er no i tida, kommenterte Johan på fingsk og løfta buksene sine. - Er det nokon meny på denne plassen?

- Ka du sa? sa Einar og tok ein god slurk av ølet. - Hugsar du Johan da eg ein gong banka deg opp på veggen. Den styggingen brukte å plage vårres Silja. Du greidde ikkje med meg da. Skal tru om du no...

- Kelner! ropte Johan, putta peikefingeren og langfingeren i munnen og plystra skarpt. - Kom med matlista! Og vinlista! Eller ka? Ikkje sant, Elina og Lillepetter, dokker tar eit glass vin på gjensynet? Eg skulle og gjerne tatt, men eg må kjøre meir i dag.

- Tja-a, men først må eg ta ein tur på kjøkkenet, sa Lillepetter og skunda seg avgarde. Han hadde ikkje lyst å sitte der med Johan og Elina, enno mindre hadde han lyst til å høre Einar sitt fyllerør og Ola sitt sjølv gode snakk. Han pusta godt ut da han kom ut av syne for dei. Raskt forklarte han for kokke-Selma korfor han lura seg inn på kjøkkenet utan lov. Servitøren Anita smilte, men sa ikkje noko.

- I går ja, sa Selma da Lillepetter hadde fortelt at han hadde sett Beinrangelet med hatten foran vindauga. - Det er no han Josef.

- Josef? Kas farkens Josef?

- Alle kjenner da Josef, svarte kokke-Selma. Og du kjenner han ikkje?

- Å jasanya, så alle kjenner han. No, kem er han så?

- He, he, lo Selma. - Spør Kvist-Mikkel, han kjenner nok best dette Beinrangelet ditt.

Lengre forklarte ikkje kokke-Selma saka, så Lillepetter gikk ut av kjøkkendøra, stoppa opp ute på den snødekte gårdsplassen og rista på hovudet.

Kanskje, kanskje det virkelig var to Beinrangelt med hatt i Søkkvika samtidig. Den eine var predikanten Birger Cabutti og den andre var "Josef". Og denne "Josef" var visst den som på eit eller anna vis hadde noko med Morgongry å gjøre. Altså: predikanten Birger Cabutti hadde ikkje besøkt Maktgarden sist natt. Og når det var slik, så måtte det vere denne "Josef" som hadde sneke seg rundt der.

Og når det var slik, så måtte det finst eit menneske som hadde lånt denne "Josef" nøklane til Maktgarden. Kem kunne så det vere?

Eller var kanskje likevel dette Beinrangelet med hatten ein og samme person? Kordan få avklara det når begge rømte unna som skugar? Eller truande kvinner gjømte denne Birger bak seg. Og det syntes og som andre kvinner igjen skjulte Josef, slik som kokke-Selma: "He, he, spør Kvist-Mikkel!"

9.

- Der til høgre er så Sølvårevidda, forklarte Olsa-Ola si datter Sari på deskisk. Ho var tolk og vegvisar for representantane for Søkkvik kommune og deskarane på turen til Brødfjella. - Sølvårevidda har fått namnet sitt frå at ifølge eit gamalt sagn gjømte ein gamal runkall som blei kalla Svanereven sølv der. Svanereven blei sint da folk byrja å karre sølvet til seg sjølv, i staden for å bruke det til felles beste slik ein hadde gjort frå gamal tid. "- Om det ikkje duger at eg deler ut godene, så får dokker sjølv leite etter rikdommane", sa runkallen og lukka att døra til berget. Sidan da har ikkje nokon sett verken runkallen eller sølvet.

Røysta til Sari surra jamnt fremst i bussen og gjorde Lillepetter sømnig. Han forsto ikkje jenta sine forklaringar på deskisk, men av namnet Svanereven kunne han gjette ka no fortalde. Bent hadde fortalt han om denne runkallen da han var skolegutt.

Lillepetter hadde ikkje villa fare til Brødfjella, men om kvelden hadde Johan og Elina vore innom han og enno ein gong bede han med. Johan hadde vore på kommunestyremøte og fresa som ein sint katt.

- Eg forstår meg ikkje på desse søkkvikværingane! Dei har jo heilt tørna, blåste han seg opp.

- Når dei kan oppføre seg slik, forsterka Elina.

- Kordan har dei oppført seg?

- Morgongry kom seg ikkje på møtet i det heile.

- Kom seg ikkje? Kordan da?

- Det var ein "seksarbande" som hadde låst han inne på romet sitt. Det blei sagt at dei hadde samla underskriftar mot utleige av Brødfjella og gått for å forvirre Morgongry. Og så lot dei han ikkje komme på møtet, sjølv om Persen mange gonger var på døra. Ikkje hjalp det at Morgongry hyla heller.

- Jaså, lo Lillepetter. - Enn kor det gikk med røystinga?

- Det blei jo ikkje noko røysting, ettersom kongen og ein del av representantane mangla. Møtet slutta med det samme det var byrja.

- Reine Ville Norden, sa Elina. - Folk er som villdyr, bryr seg ikkje det minste om demokrati. Ein slik oppførsel ville ikkje vere moglig i Fingerland.

- Det her er ei anna verd enn Fingerland, lo Lillepetter. Dette er sjølvstyreområdet Søkkvik.

- La det bare vere om så eigen stat! utbraut Johan sint. - Men vi skal ikkje bry oss om dei, om så kor mange nannelister dei flyr rundt med. Eg har ikkje reist hit for å sjå på sidruppa tommar men for å få utvikling i sakene!

- Er du og med på salget av Brødfjella? spurte Lillepetter.

- Det er ikkje spørsmål om salg men om leige! Når ein snakkar om ei sak skal ein vere nøyaktig og bruke rette ord! forkynte Johan.

- La det vere salg eller leige, vidda blir tilsist øydelagt når deskarane får komme hit og rote til, sa Lillepetter.

- Jaså, så du meiner og det? Kanskje du og skreiv namnet ditt på den lista? Oj. oj, slike folk skulle heller ha levd i gamle dagar. Du og, sjølv om du har budd i over ti år i byen.

- Ikkje begynn å krangle no, sa Elina. - Kom du og med og sjå den store saka som skjer der oppe. Om ikkje for dagens, så for gamalt vennskaps skuld.

- Kas hendingar er no det? spurte Lillepetter.

- Det kan eg ikkje fortelle no, gliste Johan. - Dra og sjå.

- Morgongry vil ikkje ta meg med, nølte Lillepetter.

- Det gjør han nok når eg seier han skal, briska Johan seg.

Lillepetter lova ikkje å fare, men da han vakna om morgonen, tenkte han at om no prestefrua skulle vere med på turen, så kunne han prøve å få ut av henne nokre opplysningar om Birger. Derfor skunda han seg avgarde til Maktgarden der det sto ein stor buss i tunet.

Det var nok ikkje så lett for han å komme med som Johan hadde trudd, sjølv om Lillepetter hadde satt på seg dei beste kleda og kjemma håret fint bakover. Morgongry var i slett lune etter hendingane igår og hadde ikkje det minste lyst til å ta med nokon utanforståande. Johan måtte prate med han på kontoret under fire auge før Lillepetter fikk gå inn i bussen.

Morgongry og Persen hadde tatt på seg tommekofter. Etter som det blei sagt var det Gunhilde som hadde bede dei om det. No sprang deskarane om kapp rundt dei to og knipsa bilete. Persen gliste nøgd og Morgongry freista å smile, sjølv om det knapt lykttest noko særlig.

Det var tidlig på morgonkvisten. I sør raudna himmelen av usynlige solstråler, nokre småskyer pynta han opp.

Lillepetter geispa langt, for han hadde sove urolig, igjen drømt om Aili og vakna mange gonger i løpet av netta.

Deskarane sverma som veps, dei livna til når dei fikk sjå urørte skogar og vidder. Dei kauka overraska og peika om kapp på fjella som blåna mot himmelen. Lemenhauet var virkelig som eit paradys for dei, oppfyllinga av drømane og vonene deira. Og Morgongry, Persen og dei andre kommunerepresentantane smilte og var stolte som om dei sjølve hadde fått i stand alt det vakre dei såg utfor vindauga.

- Desse Sølvårefjella skin virkelig som sølv, ropte Gunnhilde, den samme dama som Persen hadde fått med seg på rommet sitt. - Er det sant at dei har fått namnet sitt bare frå eit eventyr?

- Eg veit no ikkje anna forklaring, sa Persen.

- Har nokon undersøkt om det finst sølv der? spurte Gunnhilde.

- Nei, det lønner seg ikkje å arbeide ut i frå gamle sagn.

- Ach, men eg skal fortelle deg ka som hende i Deskland for 150 år sidan. Nord i Deskland budde folk som hadde sagn om fjella og skogane. Dei hadde kalla Boswaldfjella Månesøsterfjella. Sagnet fortel at før budde det i fjella den vakre og blide Månesøstera, ei slags stammor. Ho velsigna fjella med alt godt som folk trong; mat, husmateriale, huler og så vidare. Av jorda tok ho vekster som ho laga ei bru av heilt til månen. Etter den brua for ho til månen, og brua skein som gull.

- Denne fortellinga blei lenge ikkje rekna for meir verd enn eit eventyr. Men ein dag kom ein geolog til å høre det, og dro rundt i Boswaldfjella. Der fann han ei umåtelig rik gullåre og på denne grunnla han ei gullgruve. Han blei straks søkkrik og enno grev folk gull ut av Boswaldfjella.

Gunhilde tagna og dulta snart i Persen, snart i Morgongry.

- Det virkar ikkje som dokker trur det. Dokker kan om så leige ein geolog frå oss. I disse Sølvårefjella kan vere den største sølvåra her på øya. Dokker blir alle rike.

- Det der er bare tøv, skaut den gudfryktige Kvist-Mikkel inn.

- Heidningeventyr gir oss ikkje noko godt! Vi skal ikkje byrje å grave i fjella etter slike historier.

Sari ville ikkje tolke Mikkel for deskarane, men han heva røysta og kravde at det han sa skulle nå fram til deskarane sine øre.

- Og sjølv om eg bare er jeger og fiskar, så er eg likevel representant i Søkkvik kommune og derfor skal du fortelle til disse utlendingane at ingen skal rive i fjella våre bare fordi heidningane fortel eventyr! ropte Mikkel. Sari raudna opp til øyra, men måtte pent fortelle ka Mikkel meinte. Mikkel hadde blitt til dei grader sint at det byrja å truge heile utleiga av Brødfjella. Persen blei så opphissa over Mikkel si framferd at han måtte reise seg og gå bak i bussen for å tenne seg ein sigar.

Han sette seg breidt på benken, grov fram sigaretuiet som Gunhilde hadde gitt han, og tende rolig eit stor sigar. Så blåste han nytande tjukk røyk ut i lufta.

Voi, voi, disse fine Sølvåreviddene, tenkte han. Der er vide moltemyrer som han hadde sprunge etter som liten gutt. Kor lunt var det ikkje i myrkanten i kveldssola, når ein fikk legge seg attmed bålet og koke kaffe. Kjelda i lia, rein og klar, kald som i ein brønn. Og i tjønna raude røyer som han som barn brukte å fange med rennesnare og steike på bål. Oi, oi, dei tidene, det livet slår ingenting i heile verda! Enno brukte han å ta eit lite telt og dra på fjellet ei veke på hausten. Han brukte å dra åleine for i fred å tenke og minnas det gamle livet, livet da han og faren fiska i fjellbekkane og da han første gong fikk vere med på reinskinga.

Far hans hadde vore reineigar, men reinen hans hadde gått som vin ned strupen på broren Henrik i den tida Persen gikk på skole i Fingerland. Kordan hadde det vore om han ikkje hadde fore til Fingerland, men heller blitt her for å sjå etter reinen? Kanskje han da hadde stått i lag med Skalle-Nils og dei andre motstandarane av å leige ut Brødfjella. Dei hadde rett, rett hadde dei, men ka nytta det for fattige Søkkvik når den nye tida kom med nye krav og skapte strid og misforståingar mellom folk. Naturen var kjelda til rikdom. Om der var noko å ta, så blei det tatt, og utan nåde. Ka ein kunne gjøre? Likevel kjentest det likevel trist og samvetet stakk som skarpe knivar...

La no Brødfjella gå, det var det meste ein kunne gi. Men Sølvåreviddene skulle ingen få røre, i alle fall ikkje med hans hjelp. Gunhilde si fortelling var ikkje riktig klok. Kanskje dama var like gjerrig som regjeringa i Fingerland? Eller om så enno verre.

Lillepetter slo seg ned attmed Persen. Han fikk så brennande lyst på røyk når han kjende sigarlukta.

- Ka no, gutt? spurte Persen. - Korden går det med etterforskinga av tjuveriet?

- Som om du ikkje visste, sa Lillepetter snurt.

- Eg masar ikkje på deg, sa Persen og slo Lillepetter på skuldra. - Etterforsk i fred og når du er ferdig så skriv du ein rapport til meg.

- Enn om ingenting blir oppklart?

- Det må no klaras opp, sa Persen. - Neste gang stel han ein større sum.

- Tjuven er ein eller annan som arbeider i Maktgarden. Han har nøklar dit. Ein kjem ikkje inn i Maktgarden utan å knuse døra eller låsen. Og tjuven var sulten og, ettersom han stal grillkyllingen din.

- Ja den kosta og seksti gullingar. Tilsaman blir det trehundreogseksten gullingar, rekna Persen.

- Korfor la du forresten den kyllingen i pengekassa?

- Korfor? Eg skulle til å ete, men nett da banka dei deskiske gjestene på døra. Eg hadde ingen anna stad å gjømmen han. Og så hugsa eg ikkje å ta han med da eg gikk heim.

- Du eig no ikkje folkeskikk, sa Lillepetter.

- Det er ikkje snakk om folkeskikk men om naud. Naud les ikkje loven, seier eit fingsk ordtak. Har du hørt det?

- Det har eg nok, men det er ei sak eg har lurt på.

- No, ka?

- Kem er dette Beinrangelet med hatt som besøkte kontoret til Morgongry natt til i går?

- Kas fordømt beinrangel?

- Ein mager lang mann som hadde svarte klede og svart hatt. Eg fortalde til Morgongry. Eg tviler på at han er tjuven. No for tida bur han visst i Prestegarden. - - Prestegarden? Det såg ut som om auga på Persen var i ferd med å dette ut.

- Novel. Han er predikant Birger Cabutti, men...

- Predikant Birger Cabutti?

- Eller ein eller annan Josef...

- Josef? Ka du tøvar med, gutt. Snakkar først om eit beinrangel med hatt, så om ein predikant Cabutti og så om Josef, sa Persen surt. - Men ein predikant går da ikkje å stel Søkkvik sine siste pengar. Han får du no halde utafør mistanke.

- Kjenner du denne Cabutti?

- På ingen måte, men noko gluft må den karen ha for seg. Ikkje dra til prestegarden att og forstyrr prestefamilien. Du blir bare til latter om du fer dit og leitar etter tjuven. Heller denne Josef ... eller dette beinrangelet med hatt.

- Men om no disse tre er ein og samme person? Eller kan den no vere så at Josef og Cabutti er to forskjellige?

Praten deira blei avbrote, for bussen stansa. Dei var kome til enden av veggen. Persen og Morgongry skunda seg ut med Johan og Elina i hælane. så deskarane, og til sist dei kommunestyrerepresentantane som var enige i utleiga av Brødfjella.

- Hui-iih, kor kaldt det er her! ropte Gunhilde og trykte huva enno betre ned på hauet.

- Kordan held dokker varmen her? spurte Grete.

- Vi er vant til det, skraut Morgongry og skritta breitt over mot kanten av Duhtor-elva. Persen skunda seg opp på sida av han så deskarane fikk ta bilete av dei.

- Å så fine dokker er, smiska Gunhilde. - Som to sukkerklumpar! Danke Sjøen!

- Her ser dokker den staden som vi kunne tenke oss å leige ut. Ein naturskjønn plass som dokker ser, sa Morgongry og slo ut med armene.

- Og fredelig, skraut Deskarane sin leiar Hellmut Hochhut. Eg vil tru det finst knapt ein stad i verda som er så rolig. Alt i alt - eg bare spør - kordan kan dokker finne på å leige ut ein slik plass til turistsenter?

- Ka-ka? Morgongry blei ståande og gape.

- Det er ikkje mange stader i verda som er slik fred og ro, fortsatte Helmut. Få stader der folk får vere i kontakt med naturen...

- Helmut, la dei der romantiske tankane dine ligge, ropte Grete. Vi har kome hit for å representere firmaet Motorhotell og har lova å skaffe dei eit ferisesenter. Om dokker meiner dette er staden, så godt. Vi har til og med fått leiar til ferisesenteret alt.

- Ka du seier? Leiar? Morgongry skvatt til. Men forbausa var og dei andre kommunestyrerepresentantane. Dei hadde trudd at dei skulle få velge leiar og nokre hadde allereie sett for seg seg sjølv i stillinga. Men her var store krefter i sving og dei brydde seg ikkje mye om ka søkkvikværingne måtte meine. Kordan skulle det så gå vidare, når deskarane allereie no byrja å vere ovapå.

- Vi spurte i fingske utanriksdepartementet, skunda Helmut seg å forklare da han såg at søkkvikværingane byrja å surmule. Kvist-Mikkel snudde demonstrativt ryggen til.

- Fingerlands Utenriksdepartement sin byråsjef var av den meining at i slike mellomfolkelige saker har dei siste ordet, sjølv om Søkkvik no har autonomiforsøk. Byråsjefen...

Helmut klarte ikkje å fortsette, såg bare på Morgongry som hadde reint svartna, noko som ikkje lova godt. Han leita etter blikka til dei andre deskarane for å spørre dei om råd og stampa med føtene. Det ville ikkje vere bra å få søkkvikværingane sinte før leigeavtalen var underskreve, derfor forsøkte han å ro det i land, og angra på at han i det heile var kome inn på leiarspørsmålet.

Mens Helmut leita etter ord, kom Grete flygande opp til han, slo hendene saman og kunngjorde:

- Vi har utsett som leiar for senteret; Johan Savela! Her er han, dokkers eigen kar!

Johan skritta fram og opp på sida av Grete og deskarane klappa i hendene. Lillepetter gjorde grimaser og det gjorde og ein del andre. Dei visste ikkje at det var Elina sin onkel som var byråsjef i det fingske utanriksdepartementet.

Og no, venner, drikk vi ein skål for det nye selskapet og den nye sjefen, sa Grete. - Wolfgang og Knut!!

- Korfor skal vi drikke her ute? Her er så kaldt, klagu Gunhilde.

- Det er ei stor stund, sa Grete. - Og såpass må vi kunne tole, om vi skal starte ein bedrift her. Ein liten dram tar ikkje lang tid.

Wolfgang og Knut henta frå bussen ei stor trekasse med glass og sjampanjeflasker. Kassa var mye større enn Søkkvik si pengekasse. Dei delte ut glassa, slo korken ut av sjampanjeflaska og skjenka til alle. Deskarane, Johan og Elina var nøgde, men søkkvikværingane skulte misnøgde på kvarandre. Dei var ikkje nøgde med at Johan var utsett til leiar for deskarane sin bedrift. Etter deira meining var han ein rekarfant som knapt hadde vore innom heimbygda på ti år. Sjefen skulle no heller ha vore ein frå lokalsamfunnet.

- No, skål! ropte Grete på fingsk og løfta glasset. Ho heldt nett på å svelge sjampanjen da eit reinhorn kom til syne over kanten ned mot elva. Langsamt kom heile reinhovudet til syne, så heile reinen og kjøraren i sleden. Rett etter kom eit par horn til og ein ny reinkjører. Så den tredje, fjerde og femte. Lydlause som skrømt. Og den sjette. Sjuande!

Like lydlause omringa dei sjampanjedrikkarane og stoppa i ein ring rundt dei. Kjørarane var kledde i peskar og tommekofter, med bellingar og skallar på føtene.

- Åå, så fantastisk! skingra Gunhilde. - Å takk, Morgongry! Er det du som har ordna oss denne førestillinga? Kor er kameraet mitt?

Gunhilde grov raskt fram kameraet og knipsa eit bilete. Alle dei andre deskarane gjorde det samme.

Men Morgongry sto som stivna og ga ikkje ein lyd frå seg. Reinkjørarane stoppa, heldt rolig i reinen, og såg tause på dei.

- Å så, sa Morgongry endelig på tomsk. - Dokker dro hit når dokker ikkje kunne noko anna. Men ikke stikk hindringar i veggen!

- Vi skal nok lage hindringar, svarte Anne-Lise. - Vi snakkar direkte til deskarane. Ikkje legg du deg opp i dette! Josef, versågod!

Josef? Lillepetter skritta nærare den lange tynne mannen som var kledd nett som dei andre, med unnatak av at han hadde svarte solbriller på. Mannen klara halsen og sa noko på god deskisk som Lillepetter ikkje fikk heilt med seg. Etterpå forklarte Sari at Mannen som blei kalla Josef hadde sagt omtrent slik:

- Vi er Svanereven sine etterkommarar, hans synlige ånder. Vi er arvingane etter Kalve-Per Rasmus. Dette landet er vårt, alle vidder og fjell, skogar og sletter, elver og dalar. Vi lar dokker ikkje drepe landet. Vi gir det ikkje til dokker, ikkje til søppelhaugane dokkers, ikkje til larmen dokkers, ikkje til ørkesløysa dokkers. Ta ikkje det som hører til oss. Vi åtvarar at på denne staden vil dokker ikkje få fred, om dokker tar han. Dokker skal vende tilbake til heimlandet dokkers.

- Men, men! ropte Gunhilde. - Fingske myndigheter har jo... Og Søkkvik kommunestyre og!

- Fingerland har ikkje makta her. Forsvinn! sa Josef, hoppa i pulken og kjørte bort i lag med dei andre reinkjørerane.

10.

Dei sto utørlige og tause til reinkjørerane forsvann ut av syne. Alt hadde hendt så fort at sjampanjen enno var udrukke. Helmut kom først til seg sjølv.

- Ja, hell og lukke, sa han gledeslaust og drakk glaset tomt. Så gjorde og dei andre, og Wolfgang samla glasa inn og la i kassa.

Morgongry var så sint og forskrekka at han skalv. Deskarane sitt gode humør hadde tystna. Johan banna. Auga til Persen var som eit rovdyr rett før angrep. På rekke og rad trakk dei inn i bussen.

- Dei er gale, sa Olsa-Ola. - Og kor hadde dei funne denne goliaten som snakka som den beste prest?

- Den hendinga med kjørerainen var det beste på heile turen, kvitra Gunhilde. - Skal vi ikkje heller ordne til noko slikt?

Ingen sa eit ord. Helmut - deskarane sin leiar og tolk - knatra med fingertuppene på stresskofferten som han hadde i fanget. Morgongry gikk opp til mikrofonen og vinka tolken opp til seg.

- Eg må forklare litt, ka det er spørsmål om, byrja han.

- Disse reinkjørerane var dei seks kommunestyremedlemmane som gikk mot utleige av Brødfjella. Nokre reineigarar, fiskarar og andre idealistar. Dei trur at dei kan stoppe den tekniske utviklinga i verda med demonstrasjonar. Dei vil ikkje ha anna enn frie vidder og urørt land her i Søkkvika, ja ikkje på heile Lemenhauet. Gamle dagar vil dei ha, gammetider, ikkje det moderne livet. Dei trur at på det viset kan dei verge tommene som folk. Dei snakkar om tommespråket og kulturen som om det var gudsord. Dokker, ærede deskiske representantar, skal ikkje bry dokker om det dokker såg og hørte i stad. Eg ber om orsaking for denne demonstrasjonen. Håpet mitt er at vi skal kunne fortsette forhandlingane som hittil.

- Godt, Morgongry, ropte Johan og klappa i hendene. Nokre få klappa med han.

Kongen tørka sveitten og gikk rett bak i bussen for å røyke ein sigar. Ansiktet hans var svart som ei tjæregryte. Persen kasta eit blick på han, men torde ikkje gå bort til han.

Helvete, tenkte Morgongry. Og Josef! Alt slags djevleskap fann den skurken på! No hadde han hatt fred for den slasken i ti år, og sist Josef hadde plaga han, hadde Morgongry klart fortalt ka som ville hende om han ein gong til synte seg for han. Forsto han virkelig ikkje at her ikkje var noko å få? Og om så hadde vore, der ville han aldri ha gitt nokonting. Dette skrømtet hørte til det glømtet livet hans, det livet da han var i Hilsku.

Kanskje hadde han, den skurken, og vore med på namneinnsamlinga og om så narra dei andre galningane til å låse han inne på kontoret sitt under det viktige møtet. Faen kor makteslaus han hadde vore som lot slikt skje. Skalle-Nils og Måne-Einar hadde ikkje brydd seg det minste samme kor han trygla og ba. Heller ikkje hjalp det at han truga. Men Nils og Einar skulle få sjå! Han, Morgongry, skulle enno hemne seg, og det grusomt! Dei to skulle ikkje sitte i kommunestyret etter neste val, ver du sikker!

Morgongry var ikkje den einaste som var sint. Johan knytta nevene og hadde nær hoppa ut av bussen gjennom takluka. Den store sjansen hans til å bli sjef for deskarane sin bedrift var øydelagt. Skalle-Nils og kompani hadde stole heile førestillinga og sjølv om det var ein demonstrasjon, så hadde ånda og tankegangen deira tiltrukke deskarane. Var no delegasjonen deira rett utvald? Helmut hadde jo allereie på førehand uroa seg for naturøydeleggingar. Skal tru om deskarane hadde tenkt nok over kem dei sendte hit? Slike haulause kvinnfolk som Grete og Gunhilde som oppførte seg så hysterisk som bare sånne kvinnfolk kan gjøre. Og Helmut var mjuk som ei myr, sjølv om han liksom skulle vere sjefen. Lot Grete oppføre seg som om ho var den øverste. Og Wolfgang og Knut var bare som to tjenarar. Jo, det var noko til utsendingar! Og han hadde kjørt hundrevis av kilometer bare for å sjå reinkjøring!

Akkurat det hadde da Johan sett nok av som barn, dei der skitne peskekallane som brukte å overnatte hos dei.

Han hadde sett nok av sure skallar og søkkvåte bellingar, ja han hadde endatil sjølv brukt dei og frose i vinterkulda. Ikkje trong Lemenhauet eller tommene det fattige livet i gamle dagar. Det dei trong var den nye tida, slik som andre folk; velstand og pengar.

Det hadde han forsøkt å skaffe disse folka, men dei virka ikkje til å forstå sitt eige beste. Han Lillepetter til og med... Han hadde heilt glømt det lette livet i Sør-Fingerland og subba rundt her med skallar på føtene og ei gamal lørvat veske i handa!

Lette til sinns var dei ikkje akkurat, kommunestyremedlemmane heller. Dei surmula taust, det som gnog dei var tanken på Stute-Berit-Samuel sin son Johan som sjef. Johan hadde tatt Savela som etternamn, enda det etter retten skulle vore Soavvil. Alt syntes ikkje å vere heilt som det skulle med utleiga av Brødfjella, og nokre hadde alt byrja å overveie å ta skrittet over til "dei seks". Kvist-Mikkel var forferda. På han virka det som det var sjølvaste predikanten Birger Cabutti som hadde holdt tale for deskarane. Men samvetet hans kunne liksom ikkje heilt tru det, derfor rista han oppgitt på hovudet og gløtta over på prestefrua, men torde ikkje spørre ho om ho hadde sett noko kjent ved denne "Josef".

Men Mikkel lysna litt opp da Lillepetter flytta seg bort til prestefrua på andre sida av midtgangen og han kunne høre han spørre om ho kjende til kem denne lange karen som snakka til deskarane var.

- Nei, svara prestefrua og Mikkel sukka djupt.

- Er Birger Cabutti framleis i prestegarden? heldt Lillepetter fram.

- Ja, vi har forsamling i kapellet i morgon laurdag og søndag. Vil du komme? smilte prestefrua.

- No-o, Lillepetter dro litt på det. - Eg veit ikkje enno.

- Kom bare. Forsamlinga startar i titida. Du kan hive deg med Aili, ho kjem i halvtitida.

- Vi får sjå, sa Lillepetter og flytta seg bort frå prestekona. Han både raudna og sveitta. Korfor skulle alltid prestekona terge han med Aili. Ka meinte ho egentlig med det?

Eg må på eit eller anna vis herde meg mot Aili, tenkte Lillepetter. Det fins da andre kvinnfolk enn ho i verda. Eller kanskje han skulle reise bort frå Søkkvika? Om så hive meg med Johan og starte på nytt att i Kornbygda? No, no, og ein vakker dag kjem Aili dit for å besøke Johan og så går det som førre gongen. Om no ikkje denne farkens Herren følger med ho til Kornbygda og.

Lillepetter sukka når han tenkte på korfor Aili plaga seg sjølv og han med denne trua og ikkje ville treffe han. Det var jo mange folk som trudde og likevel var sosiale, forelska seg og gifta seg. Lillepetter visste om mange par der den eine var blitt truande først mens dei var forlova.

Kankje eg og skulle byrje å tru? tenkte Lillepetter. Skal tru kordan det ville lukkas for han som ikkje så langt hadde klart å tru på noko slags høgare makter, verken gudar eller djevlar? Og trudde no ho Aili for alvor? Han meinte no helst at Aile hadde tulla dette trusteppe omkring seg av ein eller annan grunn. Det høvde ikkje for Aili som før var eit livlig og verdslig menneske.

Men om no Aili hadde dette Beinrangelet med hatten...? Kas kar var no det? Kunne ei som ho Aili like ein sånn ein?

Enn dette pengetjuveriet? Så langt hadde ingenting gått framover på nokon måte. Skolegutane var ikkje tjuvane; dei hadde på ingen måte kome inn i Maktgarden utan å knuse noko. Den som hadde vore i sving der hadde hatt nøklar. Tjuven måtte finnas blant dei som jobba i Maktgarden. Eller om dei ikkje sjølv hade stole, så hadde dei i alle fall hjelpe tjuven...

Neste morgon rusla Lillepetter mot kapellet, sjølv om Persen hadde nekta han å fare dit og "gjøre seg til latter". Men om han skulle finne tjuven, måtte han først få klarheit i om Josef var den samme som Birger Cabutti. No måtte han igjen sjå på denne predikanten.

Kyrkjelyden sette i gang med ei salme nett idet han smaug seg inn. Beinrangelet satt bakom bordet med brillar på nesa. Og Aili i lag med menighetssøster Sirpa satt på første rad med raude ansikt og milde auge.

Lillepetter sneik seg fram til midt i salen. Ingen la merke til at han kom. Så slo han på bandopptakaren og gjorde kameraet klart. Han følgte predikanten med skarpe auge.

Var dette samme mannen som han hadde skimta i kjøkkenet på hotellet nylig? Like lang og tynn var han, men røysta virka ikkje heilt som Josef si. Denne mannen hadde mjukare og noko tynnare røyst. Eller kunne det virke inn at Beinrangelet med hatten no var inne, mens han i går var ute. Ansiktet var langt og uhyggelig å sjå til, akkurat slik som på det andre beinrangelet.

Salma tok slutt. Beinrangelet kremta og sa:

- Kjære folk, Guds velsigning vere med dokker. Eg bringer dokker helsingar frå Afrasia land kor folk slåss og slåss. Eg har vore der tre månader og kan vitne om kor forferdelige forholda er der, særlig for ungene. Mange gongar har dei ikkje mat og mange gongar må heile familiane flykte frå heimane sine. Nokre av dokker hugsar da det var krig også i vårt område. Kor stort behov det var for ein brødbit og varme klede. Vi som no har fred og velstand skal hjelpe dei som lever kvar dag i lidning og dødsfrykt.

Beinrangelet var vant med å tale og fikk folk å lytte, det måtte Lillepetter innrømme. Særlig kvinnfolka....

- No samlar vi kollekt til ungene i Afrasia, heldt Beinrangelet fram.

Aili hoppa opp, tok kollektbøssa og gikk med ho frammafrå og bakover i salen.

- Under kollekten syng vi salma...

Folk sette i gang å synge, men Lillepetter byrja å kaldsvette. Han forsøkte å ta seg saman for ikkje å bli sett av Aili, men det var heilt umoglig, etter som han satt heilt ytterst på benken.

Aili stivna i auga da ho kom nær Lillepetter og fikk auge på han. Kollektbøssa rista i handa hennar da Lillepetter putta på ein slant. Nokre sekund møtte blikket hennar hans, så fortsatte ho runda som om ingenting hadde hendt. Lillepetter våga ikkje å bli sittande, han hoppa opp og knipsa eit bilete av Birger. Salma stoppa nesten opp mens han skrutta ut av salen og lukka døra igjen. Blikka til forsamlingsfolket synas å brenne han i ryggen.

Lillepetter skunda seg på do for å ikkje bli sett gjennom vindauga, låste døra og satte seg på dosetet. Eit sukk slapp ut gjennom munnen hans.

Om Beinrangelet og Aili var så samrårde som istad, korfor hadde dei ikkje og kunne stele Søkkvik sine pengar i lag?

Ein tåpelig tanke, men bitre tankar forsura sinnet hans. Hadde dei to noko meir enn forsamlingar i lag? Kordan kunne ein ellers forklare at Aili forsvarte han og oppførte seg som eit lydig lam?

Det var ikkje det, Aili har jo ikkje lova meg noko, ikkje bede meg komme hit, ikkje sverma for meg. Eg har sjølv blitt gal etter ho, derfor går eg rundt her i Søkkvika og tenker tøvat. Stirrar med håp i auga mot Aile sitt vindu og ventar på å få eit glimt av ho. Er nøgd med kas som helst skitjobb bare eg får vere på samme stad som ho.

Lillepetter lente seg mot veggen og lukka auga. Der var dei to att, satt på kvar si side av bordet på restauranten "Ti koppar" i Kornbygda. Aili sitt svarte hår breidde seg ut over skuldrene og fikk varme tankar fram i han. Aili smilte og rekte han handa over bordet. Det var ei lita tynn hand, varm som ei glo. Det rørte seg i Lillepetter, lysta steig i han når han trykte handa til Aili. Inne i han var det som ein ballong som truga med å eksplodere.

- Kordan trivas du her blant betonghus og asfalt? spurde Aili. - Eg kunne ikkje bu her, eg trivas ikkje utan fuglar og tre. Eg treng stilla, stjernene på mørketidshimmelen, snøen sine skinnande spor.

Nett så vakkert snakka Aili og trykte han i handa. Ho såg først lenge ut av vindauga og så på Lillepetter som såg auga hennar smile og love han det han ønska.

Og så drakk dei så mye at dei drog heim til han....

Lillepetter banna stygt. Sinne og sorg førte han i kvar si retning, synas å kløyve han i tillegg til at Aili sitt oppsyn glimta foran han og vinka han til seg. Vinka og innsmigra, vekte lysta, men i det samme fjerna seg og forsvann inn i doveggen.

Vatnet byrja brått å renne bak dosetet. Lillepetter skvatt til og hoppa opp. Mens han lente seg mot veggen hadde han i vanvare kome til å trykke på spyleknappen og no rann vatnet som om han hadde sotte der i eit alvorlig ærend.

Lillepetter klarte ikkje lenger å sitte der på doen, men sprang ut, bort frå kapellet. Først bakom tredje svingen sakna han farta, men gikk så fort vidare som om nokon forfølgde han.

Heimkomen la han seg ned på senga og glante ut gjennom vindauga. Han hadde hefta så lenge i kapellet at dagen allereie var på hell. Snøfugg dala ned, dala og dala. Dei dekte fredfullt tregreinane og blei liggande der.

Lillepetter kjende brått Einsemda stige i han og fylle sinnet og han kjende seg med eitt som eit forkasta og gløymd menneske. Han leita fram papir og blyant, snudde seg på magen og trykte puta inn under seg.

"Kor tungt det mørke sinnet har for å snu seg mot lyset. Mange gonger tenker eg er eg ein gravplass innvendig. Gleda sine lette føter finn så sjeldan vegen dit. Auga dine kunne vere eit ljøs, men ramnen sine vinger skuggar for dei", skreiv han, reiv sund papiret og heiv det på golvet. Vond var den kjensla som ikkje fikk svar.

11.

Lillepetter sitt besøk forstyrra kyrkjelyden sine tankar. Ingen andre enn Aili forsto korfor han kom og tok bilete av predikanten. I kaffepausa rista folk på hovudet og syntes det var ille at Lillepetter slik hadde uroa folk som fredelige lytta til gudsord. Særlig var prestefrua forferda. Straks kaffepausa tok til skunda ho seg bort til Birger. Men ho nådde ikkje å seie eit ord, for Birger var mest forferda av alle og spurde:

- Kas kar var det som var innom her i stad?

- Han? Det var Lillepetter. Han etterforskar pengetjuveriet frå Søkkvik kommunekasse, sa prestefrua.

- Eg tok han for avismann, svarte Birger. - Kor han bur hen?

- I det lille grå huset i utkanten av bygda. Lillepetter er ellers ein svært ordentlig kar, han har ikkje for vane å forstyrre folk, forklarte prestefrua raud i fjeset, ettersom ho mintes at ho sjølv hadde bede han til forsamlinga, igår da dei var på Brødfjella. Lillepetter hadde spurt henne om Birger! Men korfor?

- Etter forsamlinga sørga Aili for å få Birger under fire auge.

- Hør... Denne Lillepetter...som var her i stad, sa han hadde sett deg natt til igår i Maktgarden... Han kom og spurde meg om eg hadde lånt deg nøklane til Maktgarden.

Birger byrja å gå att og fram og strauk seg over haka.

- Skal tru kor han har funne på det? spurde han.

- Ikkje veit eg. Men det ville vere synd om han spreidde slikt sladder over heile bygda at du... Folk kan byrje å lure på om eg..., sa Aile fortvila.

- Meiner du at eg... skal korrigere han?
- Korrigere? Ja, sjølv sagt!
- Så, skal vi dra og besøke han straks?
- Eh-nei..., pistra Aili. - Eg bryr meg ikkje om å besøke Lillepetter.
- Så blir eg nøydd å dra åleine, sa Birger.
- Men hør... Ikke fortel at eg har fortalt.
- No, ka eg da skal? Seie at eg sjølv har funne på alt dette?
- Prøv no på eit vis... Eg veit ikkje.

Aili tørka panna og pusta tungt. Om ho hadde visst at Lillepetter skulle komme flygande i kapellet under forsamlinga, hadde ho sikkert snakka på anna vis med han. Ho hadde vore meir vennlig og ikkje så sint.

Lillepetter hadde kanskje forstått ho heilt galt, eller hadde han ikkje kome hit.

Men enn om Lillepetter hadde rett? Aili blei forferda og gløtta brått bort på Birger som framleis gikk att og fram. Nei, nei, Birger kunne ikkje vere så svikeyfull og kjeltringaktig! Han var jo forkynnar av gudsord og ikkje noko vanlig menneske. Han var godhjerta og reinhårig.

- Eg fær no likevel dit, sa Birger. - Sei til prestefrua at eg ikkje blir lenge borte.

Birger fann ikkje Lillepetter, for han hadde fore på Ferjeheimen. Johan hadde bede han dit for å "ta ein liten fest til ære for den nye stillinga".

Johan var i samme humør som igår, sjølv om han i kraftige ordelag skjelte ut "dei vettlause folka, som trur dei kan hindre framskrittet med peskar og pulkar".

- Men slik er det sjølv sagt ikkje, sa han til. - No er det ei ny tid på veg hit til verdas utkant og! Til sommaren flyttar vi hit og bygger hus på finaste staden i Søkkvika! Heh heh! Ka kan dei som drømmer om gamle dagar stille opp mot det? Ingen verdas ting!

- Kordan skal du halde ut å bu her? Du treng jo mye folk, bylarm, gode vinstader og så vidare, spurde Lillepetter.

- Eg ordnar alt det hit! skraut Johan og slo Lillepetter på ryggen. - Eg tar deg og i arbeid på deskarane sitt fritidssenter. Eg betaler godt ser du. Kas stilling vil du ha?

- Slutt å tøve, eg er ikkje nokon dreng for deskarane, blåste Lillepetter ut. - Ta unge jenter så du og får litt moro.

- Nei, men Lillepetter! sa Elina fornærma. - Kordan vågar du å seie slikt mens eg hører på? Du er nok bitter, nesten harsk. Er det Aili som har gjort deg så bitter?

- Skjell det deg? braut Lillepetter ho av.

- Slutt no å krangle her, ropte Johan. - Aili passar inn i det livet ho har no. Ho passar i den båsen ho har plassert seg, ho har aldri hatt så stor niste med i livet. Mange kvinnfolk ønsker å leike Hellig-Anna fordi nokre menn ikkje nyter lettsindige kvinnfolk. Her er det akkurat passelig, men ikkje i den store verda.

- Johan! formante Elina. - Du er blitt reine sjåvinisten ettersom du har blitt eldre!

- Sjøvinist eller ikkje, eg forstår meg ikkje på alle kvinnfolka sin oppførsel, sa Johan. - Kjerringane er så tranghjarta og oppfører seg som høns. Dei skal først få alle mannfolka etter seg og så rope ut kor dårlige dei er. Og i neste augneblinken hate kvarandre på grunn av dei samme elendige mannfolka. Der er enden.

- Enn kordan er mannfolka? sa Elina sint. - Akkurat som du og Lillepetter. "Unge jenter" det ymtar dokker begge om. Det er vel det dokker tenker på. Og straks dokker ser sjansen, så gjør dokker det og.

- Ka vi gjør? spurte Lillepetter.

- Ka? Som om du ikkje skulle vite!

- Eg veit no virkelig ikkje ka du meiner, smilte Lillepetter da Elina ikkje fikk seg til å seie høgt ka ho meinte. Ho var visst mye meir sjenert enn han hadde visst. Han gikk ein tur på do.

I gangen møtte han Anne-Lise.

- Lillepetter! Kor du er på veg, fær du allereie?

- Ja, laug Lillepetter og forsøkte å unngå Anne-Lise, men ho tok han i handa.

- Kom og dans med meg, du som kan, smigra Anne-Lise.

Lillepetter torde ikkje nekte, men leide Anne-Lise ut på golvet og svinga rundt med ho. Anne-Lise følgde lett som ei fjær, sjølv om ho var ei fyldig dame og slett ingen ungdom lenger.

- Å takk! sa Anne-Lise etter to dansar. - Kom og sitt med bordet i lag med Pirjo og meg. Eg skal fortelle et ei artig historie om Olsa-Jens.

- Får eg gå og pisse først? spurte Lillepetter.

- Det må du jo få, men hugs å komme til oss, sjølv om du har komme hit i finare lag, sa Anne-Lise og såg over mot Johan og Elina.

- Eg har ledd av Jens i heile dag, byrja Anne-Lise da Lillepetter kom tilbake fra toalettet.

- Kommunestyremedlemmane har disse dagane skulla snakke oss til rette, vi som gikk mot utleige av Brødfjella. Dei toskane hadde trukke lodd om oss.

- Eg hørde det. Olsa-Ola satt her på Ferjeheimen og skulle snakke med Måne-Einar.

- Kordan lukkas det for han Ola?

- Einar skulda Ola for blanke løgner, det var resultatet.

- Tenkte eg nok. Men han Jens var virkelig artig. Han kom tidlig om morgonen til meg, satt seg ved bordet og snakka om alt moglig, men ikkje det minste om det han skulle snakke om. Og så plutselig seier han: "Oi, oi, kor store runde bular du har." Eg: "Kas bular?" Jens: "No, dei der!" Og så tok den styggen rundt brysta mine". Da satte eg i å skratte og ba han vise meg sine egne bular så eg og fikk noko å ta i. Jens blei så forskremt at han ikkje hugsa ka det var han skulle. Han for opp og forsvann ut som eit lyn. Sånn er mannfolka. Når det kjem til stykket så stikk dei med halen mellom beina.

- No, visste du ka han hadde fore? lo Lillepetter.

- Nei, først seinare fikk eg høre av Pirjo som hadde hatt Enok på besøk. Han hadde forsøkt å omvende Pirjo, ikkje snakka tøv om bular slik som min kar. Kanskje Jens ante at det ikkje hadde nytta. Eller han torde rett og slett ikkje, eg har det med å kunne bli ganske sint.

- Tar du ein øl, Lillepetter? spurte Pirjo. - Eg kan rive i ein.

- Korfor skal du rive i øl på meg? spurte Lillepetter og såg Pirjo rett i auga. Pirjo Oivanen var ei ungdommelig kvinne med langt lyst hår og blå auge. Ho hadde budd i Søkkvika i fem år allereie og jobba på helsesenteret. Ho var eit tiltaksamt menneske og i lag med nokre andre hadde ho sett igang ei naturvernforening.

Naturvernforeninga hadde igjen fått vald Pirjo inn i kommunestyret ved siste kommunevalet.

- Eg skal sjølv ha meir, la Pirjo til.

- Eg kjem og drikk ølet etterpå. No må eg gå bort til Johan og Elina. Dei spanderer middag på meg, sa Lillepetter.

- Ein ser ka du lengtar etter, Lillepetter, sa Anne-Lise, men Lillepetter brydde seg ikkje om knurringa hennar, la bare handa på skuldra til Anne-Lise og gikk bort.

- Vi er ikkje ferdig med han der, gliste Anne-Lise og glante etter Lillepetter. - Vi fiksar nok ein kar til deg i dag...

Anne-Lise skunda seg å hente Lillepetter ut på dansegolvet så snart ho såg han var ferdig å ete. Ho lo og tøva, heldt Lillepetter godt rundt halsen under dansen, sjølv om ho godt visste kas sladder det sette i gang. Her i denne salen var og folk som vakta med auga på stilk, kem som dansa med kem, kor fast dei heldt rundt kvarandre og kor mange minutt ein snakka med kem. I morgon ville det vere utover heile Søkkvika. Kjerringane ville riste på hovudet, sjølv for dei, truande og aldrande menneske, dugde hotellsladderer. På den ruga dei og la til litt, av den blei det enten eit heilt liv og levnet og ekteskap eller bare ugudelige folk sitt slette liv. På ein slik stad trong folk hotellet sitt ugudelige liv for å vise sitt eige uklanderlige levnet. Og det var og dei som ikkje gikk på hotellet for å drikke øl, bare nippe til ein whisky og titte vaksamt rundt overalt, om nokre ektefolk forvilla seg utafør trua og æra. Slik som den berømte Havre-Mathias.

Lillepetter lot Anne-Lise tøve. Han hadde ikkje noko å tape, ikkje hadde Anne-Lise heller, - ho var heller ikkje gift. Ikkje brydde Lillepetter seg heller om at nokre nesten såg det som noko stygt når han, unge mannen, brydde seg om å danse med noko aldrande folk som Anne-Lise. Der var dei, dei tranghjerta toskane!

Han smålo mot Anne-Lise og førte ho rundt golvet, blant og forbi folk. Han visste han var ein flink dansar og Anne-Lise var heller ikkje dårlig. Det var artig å svinge rundt med ho, det kunne ingen ta frå han.

Plutselig stoppa føtene til Lillepetter nesten opp, for i dørøpninga kom det til syne ein mann i tommekofte.

Han var lang og tynn, glante med skarpe auge rundt i salen. Det virka som han la merke til Lillepetter og såg rett på han. Langt, magert ansikt - samme ansikt som Birger.

- Ka du ser - skrømt? utbraut Anne-Lise.

- Det skrømtet i dørøpninga...

- Det er Josef, la han vere, sa Anne-Lise, og rykka han i fart igjen.

Lillepetter gløtta mot den koftekledde mannen som lente seg rolig mot dørkarmen. Andre snudde seg og. Det var ikkje dagligdags at nokon dukka opp her på laurdagskvelden i tommekofte. Det gjorde bare "tommefanatikarar", disse radikalarane som og blei kalla "marginaltommar".

Josef? Det var altså denne mannen som Morgongry frykta? Han som snakka deskisk som ingen ting.

Tommekofte hadde han på, så han måtte vere tomme. Om han ikkje da var mannekeng for eit eller anna turistselskap.

Men han virka virkelig ikkje slik: han hadde kledd seg omhyggelig, skallebanda var surra pent og duskane på rette staden. Gullspenner, kofta var tydelig laga av tommekvinnehender. Ikkje var Josef stygg, sjølv om ansiktet hans var magert. No såg han ut til å ville smile.

Og smilte gjorde han, til Anne-Lise! Det lange magre ansiktet lysne opp og Lillepetter hadde plutselig sett noko kjent i det. Likna denne Josef på nokon?

I gangen hørtes plutselig Gunhildes høge og skingrande deskiske røyst. Der kom Morgongry og Persen med gjestene sine. I det samme var og Josef forsvunne som søkke i jorda.

- Pokker! braut det ut av Lillepetter. - Der forsvann han... Kas helvetes snik er han?

12.

Søndag morgon var Søkkvik kommunestyre sitt siste møte før deskarane skulle dra. På ettermiddagen skulle dei forlate "dette underlige området" som dei sjølve sa. "Men", sa Helmut Hochhut, "vi kjem nok igjen til våren."

Møtet blei avvikla på Ferjeheimen, ikkje i Maktgarden, av den enkle grunn at Morgongry ikkje ville vere på arbeidsplassen på søndagen, heller ikkje på nokon annan stad der kona Lena kunne få fått på han og hente han heim. Han hadde enno ikkje fått karra seg heim, men hadde overnatta hos Olsa-Ola og førre natta hadde gått med til å lære språk på Helmut sitt rom. Helmut og Grete hadde lært han deskisk, han igjen hadde lært dei tomsk. Dei hadde skåla og ledd og hugsa ikkje lenger på den beklagelige hendinga på Brødfjella. Det ville tidsnok komme opp att på morgonen.

Trøtte var dei sjølvsagt da dei etterkvart dukka opp ved frokostbordet, men Grete var ei lærenem dame: straks ho såg Morgongry så sette ho i:

- Kå mårn min kåte venn!

Morgongry raudna og såg seg rundt om nokon skulle ha hørt Grete sine ord på tomsk. Heldigvis ikkje, ellers hadde søkkvikværingane fått noko å le av i lange tider. Dei hadde fått ein helvetes god latter av han som "jomfru Grete sin kåte venn", dei som heile tida var på utkik etter noko å erte andre med. Kem som veit om det ikkje til sist hadde nådd Lena sine øre og.

Møtet tok til ettersom Søkkvik sine representantar kom. Deskarane måtte vente på dei og titta stadig utolmodig på klokka. Det syntes ikkje som disse naturbarna brydde seg om minutt eller sekund, ikkje eingong om halvtimar. Men tilslutt kom dei og Morgongry trona bakom sitt eige bord med Helmut ved sida av seg. På andre sida av tolken satt Grete.

- Ærede deskiske gjester, byrja Morgongry. - Vi er sannelig glade og takksame for at dokker har æra oss med besøket dokkar i mange dagar. I forgårs var vi på Brødfjella og der hende ei - kordan skal eg seie det - uhøvelig hending da nokre reineigarar og fiskarar forsøkte å forstyrre turen vår.

- Kem var den flinke mannen, som heldt tale? spurte Grete.

- E-eh.... Han kjenner vi ikkje, svarte Morgongry.

- Kanskje ein eller annan omstreifar som dei seks hadde leigd som tolk. Jo, ja... Men vi Søkkvik kommunestyrerepresentantar og eg, vi ber om ordaking for dei. Administrasjon er ikkje noko enkel sak, det veit dokker og. I kommunestyret vårt er det femten representantar og bare seks av dei går mot utleige av Brødfjella. Ni er for. Mange gonger kan eit mindretal hale ut eit vedtak, men når klokskapen rår, så ordnar det seg. Å regjere er ei vanskelig sak, og det må ein bare trene seg opp til, trene igjen og igjen. Eller ka?

Morgongry var i godt lune og skein som fullmånen. Han gnei seg i hendene og såg på møtefolket. Olsa-Ola brukte pausa godt og gikk opp for å kviskre Morgongry nokre ord i øret.

- Au, au, sette kongen i og smilet slukna på leppene hans. - Skal det kunngjöras?

Han hadde nettopp opna munnen da også Persen kom opp til han for å kviskre noko.

- Korfor har dokker ikkje fortalt dette før møtet? sette Morgongry i på tomsk.

- Faen, da er det ikkje meir enn seks igjen! Til helvete med dokker! Kem har snudd hauet rundt på Kvist-Mikkel, Elmer Lintunen og prestefrua? Helvetes jævlar, det skulle eg ha tenkt meg!

- Ach, for eit vakkert språk tomsk er! Og kor fantastisk den der kongen! skråla Gunhilde. - Han har... han har slik ekte villskap! Eksotisk som dei gamle runkallane.

- Hysj! sa Helmut, for Morgongry hadde endelig roa seg såpass ned at han igjen klarte å snakke på fingsk.

- Møtet er slutt, kunngjorde Morgongry og reiste seg.

- Men konge, forsøkte Helmut. Vi drar i kveld...

Men Morgongry hørte ikkje etter, han gikk tvert ut av møterommet. Han gikk rett til hotellbaren, kjøpte ein dram, drakk den ståande og kjøpte ein til, den tok han med seg og satte seg med vindauga.

Maktesløysa fylte han, for han hadde tapt, lidd eit tungt tap mot Josef. Det skrømtet hadde blanda seg i affærene hans, sjølv om han ikkje eingong budde her. Hans eiga tankeløyse i ungdommen hadde no kome i vege for utviklinga hans. Han gadd ikkje ein gong å banne. Kor langt nådde makta hans, når ho ikkje nådde over ungdomssyndene?

Til no hadde makta hans nådd til å rettleie Søkkvikas arme slekt. Den hadde nådd til å omgåas med Fingerland sine høge herrar og tigge om pengar til kommunen sine oppgåver. Han hadde makt til å påvirke; kem som fikk leige i kommunen sine hus, kem som skulle sitte i kas utval, og kor mye pengar forskjellige tiltak skulle få. Mye hadde Søkkvikas arme slekt gitt han av makt, men no skulle dei rane ho vekk. Eller i alle fall prøve - det skulle ikkje vere lett å rane det han med hardt arbeid hadde klart å skaffe seg!

Ikkje ville søkkvikværingane heller ha satt igang dette, men så kom Josef flygande hit for å motarbeide han. Eller kanskje var det slik at folk frå før var imot han, at dei ikkje trong meir enn eit par ord, så var dei klare til å kaste han vekk. Når til og med prestefrua og Kvist-Mikkel! Og Elmer Lintunen, fingerlenderen! Kanskje han skulle byrje å bake slik Anne-Lise hadde foreslått.

Nei, han skulle halde fram som konge i alle fall den tida som Søkkvik sitt autonomi-forsøk varte. Derfor var det ikkje anna råd enn å leite opp den der toskete Josef-byttingen og forsøke å forlikas med han før han klarer å lage enno meire vanskar og om så går til Lena og fortel alt. Hardt ville det bli å gi seg og tole skamma og Josef sin siger, men det nytta ikkje anna.

Lillepetter hadde heller ikkje fortalt han kor Josef heldt hus her. Kanskje han ikkje hadde undersøkt det ein gong. Ikkje var det mye nytte av Lillepetter i etterforskinga av tjuveriet heller. Mange dagar hadde han dreve på, men ikkje kome av flekken. Var det ikkje det han visste om disse Plassen-folka!

Møtefolket kom etterkvart ut av salen. Persen hadde blitt nøydd å forklare kas retning saka hadde utvikla seg i. Helmut var slett ikkje nøgd, sjølv om han igår hadde bekymra seg over øydelegginga av naturen. Men han visste at han ville bli utan lønn om han ikkje greidde å få leigt eit område på Lemenhauet. Søkkvika var allereie andre plassen der kommunestyret var gått i mot. Den første var Ealodat vestpå.

No, enno sto Tarmvatn, Unddar og fleire igjen. Desse plassane skulle dei no reise vidare til. Men der skulle dei vere klokare, dei skulle straks kjøpe opp kommunestyrerepresentantane og bruke sjarmen til Grete og Gunhilde bedre. Dei skulle skaffe meir drikkevarer og pengar. Og dei måtte kunne skildre kas velstand feriebedriften ville føre med seg.

Helmut gikk ikkje bort til Morgongry lenger, heller ikkje dukka Grete opp på sida av han. Bare Persen og Olsa-Ola kom, sette seg taust på andre sida av bordet og byrja å drikke.

Utpå ettermiddagen ringte telefonen i Lillepetter sitt hus.

- Hør, detektiven vår! Kom hit! hørt Persen. Han var på ein snurr og snøvla litt.

- Korhen? Lillepetter hadde ikkje lyst å gå nokon stad.

- Hit til Ferjeheimen! Kongen og eg har ei sak til deg.

- Sei det i telefonen, eg har ikkje pengar, heldt Lillepetter igjen.

- Du treng ikkje pengar.

- Jo, det treng eg, eg er blakk som ei kyrkjerotte.

- Vi betaler alt som trengs.

- Den har eg hørt før.

- Kom hit, hører du ikkje! Forstått? Forstått? Og straks! gaula Persen.

- Eg forstår ikkje bæra! ropte Lillepetter tilbake.

Først godt ut på kvelden kom Lillepetter smygande inn på Ferjeheimen.

- Kor lang tid du hefta! Men bra du kom, du mørke stjerne i den klare natt! spøka Persen. Han hadde blitt sittande igjen åleine. Ein kunne sjå Morgongry krangle med Måne-Einar i andre enden av lokalet.

- Kongen vår er skuffa over deg. Du har ikkje gjort det han hadde sett deg til.

- Ka tid har eg blitt løpegutt for Morgongry? grynta Lillepetter. - Det er du som har tilsett meg.

- Hør no her, Lillepetter, saka har ikkje gått heilt som vi hadde venta, kviskra Persen. - Du får avslutte

tjuverietterforskinga no. Du ser vi har ikkje pengar å betale deg før kongen og eg har vore i Hilsku for å tigge dei fingske styresmaktene om pengar.

- Enn deskarane..?

- Ikkje nemn dei akkurat no. Du ser at kongen er i slett lune. No kjem han hitover...

- Ja så, detektiv! ropte Morgongry og sank ned på sin eigen benk. - Korfor har du ikkje fortalt meg kor denne helvetes Josef bur?

- Det seias at han heldt hus i Prestegarden, svarte Lillepetter raskt.

- I prestegarden? Har du tørna? Eller held du narr av meg?

- Korfor spør du når du ikkje toler svaret? Eit eller anna beinangel med hatt bur i alle fall i Prestegarden. Eg veit ikkje kor den andre måtte vere, sa Lillepetter.

- Kas helvetes Beinangel med hatt er det du tøvar om? gjødde Morgongry. - Eg meiner Josef, denne...

- Eg veit ikkje kem som er kem. Den eine - eller kan dei vere samme - er i alle fall predikant og kallar seg Birger Cabutti. Den andre kjenner ikkje eg.

- Ka-ka? stamma Morgongry. - Forklar no på ein skikkelig måte, ikkje i gåter.

- Skal eg teikne? Eller vise med fingrane? Her er predikant Birger Cabutti, bur i prestegarden. Lang, tynn mann, sa Lillepetter og viste kongen sin eigen tynne og mørke langfinger.

- Og her er liksom Josef, heldt han fram og viste andre langfingeren. Lang og tynn han og. Eg veit ikkje kor han måtte bu. Om dei ikkje er ein og samme. Eller er dei tvillingar slik som dei to langfingrane mine.

- Meiner du at Josef og kan vere predikant? At han driv og narrar folk? Det er han truandes til. Det trur eg så gjerne! Josef, den styggingen han kan omså ka. Aldeles... aldeles terrorist! Alt vårt strev har gått gaiken. Å helvete, skjelte Morgongry og slo knyttneven i bordet.

Og brått lente han hauet tungt mot hendene og klarte ikkje seie eit ord på ei stund. Alle kunne sjå at han hadde det tungt. Men ikkje eingong Persen kunne trøste han, for Morgongry brydde seg ikkje om trøst.

- Persen, ring etter drosje, sa Morgongry kraftlaust.

- Vi må no finne tak i denne Josef. Først drar vi og spør Bent.

- Dra rett til kapellet. Der held dei forsamling nett no, råda Lillepetter.

- Hold kjeft! Trur du eg er gal? bjeffa Morgongry og for ut av salen.

- Voi, det livet, klaga Persen, gravde fram av lomma femti gullingar og ga til Lillepetter over bordet. Sjølv skunda han seg etter kongen.

Lillepetter rista på hovudet, tok pengane og flytta dei att og fram mellom nevene. Her blei han sparka frå jobben før han var kome skikkelig igang. Han trong ikkje lenger etterforske kem som stal Søkkvik kommune sine pengar, det var visst ikkje lenger viktig å stille vedkomande til ansvar, slik som Persen hadde sagt i starten. Eller hadde han sjølv tatt dei i fylla for å kjøpe grillkylling og så ikkje hugsa noko av det? No, det var uansett ei lita og ubetydelig sak samanlikna med utleiga av Brødfjella.

Persen hadde altså ikkje tenkt å betale han, heller ikkje for det at han hadde erta på seg Margit og Aili, gått massevis av kilometer og og brukt av si eiga tid til å leite etter tjuven. No narra dei han først hit og så forsvann dei sjølv.

Han var dum og einfaldig som byrja som etterforskar. Kanskje måtte han sjølv betale disse bileta og, Persen var det ingen nytte i. Han byrja å bli sint på heile jobben. No skulle han ha sagt til Persen ka det var og korfor, men kordan få sagt det når mannen hadde gått?

Men Persen skulle få angre det! Han skulle etterforske tjuveriet til siste slutt, om så tjuven var Persen sjølv! Med disse pengane frå Persen skulle han løyse ut bileta og legge dei fram direkte for Søkkvik kommunestyre på det neste møtet deira. Og enno morosamare ville det bli om Beinrangelet med hatten eller Birger Cabutti eller Josef blei avslørt som tjuven. Da ville Aili endelig forstå kas menneske ho hadde stolt på - ein kjeltring og bedragar.

13.

Etter midnatt hørte Lillepetter lydar på trappa. Han hadde enno ikkje falt i sømn, men forbanna likevel den seine gjesten før han sto opp og dro på seg bukse. Den kvelden hadde han forsøkt å skrive eit brev til Aili som skulle fortelle kjenslene hans rett fram og forklare at han ville reise bort frå Søkkvika og aldri meir vere til bry for Aili. Men han klarte det ikkje og attmed senga var ein haug med isundrevne papir. Den sparka han under senga før han gikk for å sjå kem som dundra på døra.

Utafor sto Anne-Lise og Pirjo Oivanen.

- Ka svarten gjør dokker her om natta? Eg har arbeidsdag i morgon, kom det frå Lillepetter. Han var både sint og glad. Sint fordi han ikkje fikk li i fred på grunn av Aili, glad fordi han slapp å gjøre det.

- Det har vi to og, men vi var nøydd å dra og fortelle om sigeren vår, lo Anne-Lise. - I kveld satt vi på Ferjeheimen og feira. Korfor kom du ikkje dit?

- Eg var no inno der, men eg såg ikkje dokker. Så, kom no inn når dokker no er her.

Dei to damene strømma forbi Lillepetter rett inn på kjøkkenet, slengde ytterklede på benken og opna ei vinflaske. Pirjo holdt allereie på å skjenke vin i glassa da Lillepetter nådde kjøkkenet.

- Og dei moderne damene fær rundt med vinflasker, sa Lillepetter. - Ganske...

- No skal ikkje du Lillepetter krangle, sa Pirjo som var blitt mest i farta. - Vi for hit for å halde deg med selskap. Du er alltid så åleine.

- Rart eg ikkje sjølv har oppdaga det.

- Men det har vi. Du har eit så trist oppsyn. Du lever åleine, traskar åleine etter vegane og er alltid så trist, sa Pirjo.

- Det er ikkje sant, protesterte Lillepetter og svelga ned vinen som Pirjo hadde skjenka til han. Han kunne like godt drikke når han allikevel ikkje fikk sove.

- Vi tenkte at du... at du kunne vere så lei deg at ... forklarte Pirjo.

- Ka dokker trudde? At eg..., svarte Lillepetter sint.

- At du... Ka veit no folk?

- Nei! På ingen måte, det skal dokker godhjerta kjerringar vite! ropte Lillepetter. - Rart ein ikkje får vere som ein er. Kordan skulle eg oppført meg for å vere som eg skulle? Hysterisk og tøvande som Vandes-Vulle? Ka? Kordan skulle eg klare det som verken er så morosam eller har eventyr å fortelle. Ikkje har eg heller fantasi nok til at...

- Eg meiner ikkje noko vondt, sa Pirjo. - Korfor blir du så sint, om nå nokon bryr seg om andre. Ønskar du at folk skal vere kalde og ikkje bry seg om kvarandre?

- Du skulle ha byrja som predikant, sa Lillepetter. - Eller kanskje psykolog. Så langt har eg berga meg med problema mine, men det virkar som eg skulle ha delt dei ut og bore meg mens alle hørte på.

- Akkurat, ropte Pirjo. - Det er nett det eg meiner!

- No, ka du vil høre?

- Alt som plagar deg.

- Søkkvika! Søkkvika plagar meg! ropte Lillepetter av full hals.

- Vi har ikkje kome hit for å krangle, men for å fortelle nytt, avbraut Anne-Lise. - - Det blir ikkje noko av utleiga av Brødfjella.

- Bli ikkje noko? Lillepetter hadde roa seg ned. - Det ante meg allereie da Persen ringte meg til Ferjeheimen. Morgongry var i ferd med å sprekkje. Mest sint var han på Josef som han sa hadde øydelagt alt.

- Korfor Josef? Vi kan da sjølv motarbeide skadegjørarane. Josef bare hjalp oss litt, sa Anne-Lise og fortalde ka som var hendt på møtet mellom kommunestyret og deskarane.

- Ja så, Og ka som fikk prestefrua til å gå imot?

- Na-aa. Pirjo dro på det. - Kem som snudde ho, det veit vi ikkje. Men rart er det. Maria har aldri gått imot Morgongry. Og så Kvist-Mikkel og Elmer Lintunen, som begge er truande.

- Fortel meg no, kem er denne Josef og ka gjør han her, sa Lillepetter.

- Josef...? Pirjo såg på Anne-Lise.

- Josef han er geolog. Reiser rundt her kvar sommar og undersøker jord og sand, kunne Anne-Lise fortelle. Han er frå Tarmvatn. Austtomme.

- Men han hadde våres kofte på seg på laurdag, innvendte Lillepetter. - Kas skrømt er han, ettersom Morgongry er redd for han?

- Er han redd? Det er meir enn eg har hørt.

- I tillegg er geologen Josef til forveksling lik teologen Birger Cabutti. Eg var i kapellet for å sjå. Eg tok bilete, men det er enno ikkje framkalt.

- Folk liknar no ofte på kvarandre, skaut Anne-Lise inn.

- Liknar nok, men eg har mine egne mistankar. Denne Josef kan vere litt av ein luring.

- Det tøvar du! ropte Anne-Lise ut. Eg har kjent Josef sidan han var ein liten gutt, eg er jo sjølv frå Tarmvatn. Vi var naboar med Sigrid, mor til Josef. Eg hugsar godt at Sigrid hadde ein kjærast. Det var ein tomme som studerte i Hilsku, han var visst her vestfrå. Han oppførte seg svært så stygt mot ho Sigrid, forlot ho straks ho blei gravid. Sigrid blei først nesten gal, men kom seg gjennom det, og i dag er Josef støtta og lukka hennar.

- Fortalte aldri Sigrid kor kjærasten hennar var i frå? spurte Pirjo.

- Nei, det fortalte ho aldri. Kjærasten kom aldri til Tarmvatn. Sigrid for nok heim til han, men dei var mest i lag i Hilsku.

- Interessant barndom, kommenterte Lillepetter. - Av ein slik barndom kjem det svindlarar, seier dei kloke.

- Ikkje tøv, Lillepetter, ba Anne-Lise. - Eg set stor pris på Josef særlig for dei store språkkunnskapane hans. Han snakkar fem språk flytande, snakkar dokkers tomsk i tillegg til sin eigen austtomsk. Josef kan ikkje bedra nokon, ver du sikker.

- Dokker skulle ha vore på forsamlinga på søndag, særlig du, Anne-Lise. Du ville nok kunna kjent igjen denne Birger. Eg var der. Menighetssøstra satt nærast og lytta henført til alt Birger sa.

- Det tviler eg ikkje på, lo Pirjo. - Ho og Aili er som to heilage englar som vanlige folk ikkje kjem opp mot. Dei kan jo bli skitna til og øydelagde om eit syndig menneske skulle puste på dei.

Lillepetter blei brått taus, reiste seg bare og drakk vatn av krana. Så sette han seg att.

- Eg har tenkt å preike neste sundag, sa han og skjenka seg meir vin. - Ikkje sant at dokker to kjem til meg som Maria og Marta akkurat som Aili og menighetssøster Sirpa til Birger? Ka tid skal vi starte forsamlinga?

- Ikkje tøv, braut Anne-Lise av.

- Eg kan nok duge til predikant like godt som Josef! Eller eg kan preike til dokker to no med det samme. Kas apostelbok skal eg byrje med?

- Slutt opp! sa Pirjo.

- Dokker, to syndige kvinner, dokker treng formaning og omvendning, men og trøst. Dokker har ikkje hugsa å be, det ser eg på andleta dokkers. Men den saka er straks i orden. Fold no dei små hendene dokkers og...

- Hold kjeft. No var Anne-Lise og lei.

- Hør no her, mine gode damer. Kom dokker her for å irettesette og formane meg, eller vil dokker gjøre slik eg befaler dokker? Eller har dokker kome for sengeaktivitetar? Eg vik ikkje unna for noko, heller ikkje for to på ein gong.

- No er du grov! utbraut Pirjo, og svartna i auga. - Trur du ikkje at kvinnfolk har anna i hauet enn å... å...! Om eg hadde visst at du var likeins som andre mannfolk...

- Korfor skulle eg vere annleis? Og kordan annleis? Skulle eg vere som ein gjeldvær? Er det ballelause mannfolk du spring etter?

- Helvete! Pirjo blei så sint at ho slo til Lillepetter over kjeften.

- Takk, sa Lillepetter, tagna, tørka seg om munnen og hoppa opp som om han skulle gå til åtak på Pirjo. - Først kjem du hit på natta og så byrjar du å sloss!

- Unnskyld... Eg går, sa Pirjo og byksa ut i gangen.

Lillepetter skritta etter henne.

- Idiot! bjeffa Pirjo i gangen, - Anne-Lise, la oss gå straks! Ta med kleda mine!

- Lillepetter! skreik Anne-Lise og skunda seg mot gangdøra. Men Lillepetter slapp ho ikkje ut i gangen, han slo bare døra igjen.

- Lillepetter, hør. Pirjo meiner det ikkje alvorlig, forsøkte Anne-Lise. Ho heldt begge hendene til hauet og venta Pirjo skulle byrje å hyle. Men i gangen hørtes Pirjo si snufsing og Lillepetter sin låge latter.

- Kom ut derifrå, dokker to tullingar, kommanderte Anne-Lise.

- Du skremmer meg, dummingen, sa Pirjo nesten mildt da ho opna døra. Ho tørka dei måla auga med lommetørklet og sette seg.

- Lillepetter, korfor er du sånn? snufsa ho.

- Eg kan ikkje vere annleis enn eg er.

- Eg kan heller ikkje forvandle meg til tomme, peip Pirjo.

- Faen! Kem som har bede deg om det? For min del kan du vere om så blåending om du vil.

- Men eg ville jo så gjerne... vere tomme.

- Na-a, og støtte dei tullingane som vil ha oss tilbake til gammetida til Kalve-Per-Rasmus, erta Lillepetter. Du snakkar jo tomsk som ein foss. Og når du så finn deg ein statelig reindriftstomme, så byrjar du å sy skallar og peskar. Skrapar og barkar skinn og flyr rundt som den beste i skillegjerdet. Heilt supertomme.

- Er tommespråket og tommelivet så heilag at ikkje andre folk får røre det? spurte Pirjo.

- Nei, gjerne for min del! Lillepetter slo ut med armane. - Kjære lille Pirjo, for min del skal du vere som du vil. Men da kan vel du la meg vere som eg vil og? Om du vil vere tomme, er det ingen som vil nekte deg det.

- Ikkje sei det! Det fins nok dei som vil nekte, sa Anne-Lise.

- Ka da slags folk? Lillepetter tvilte.

- No desse supertommene der ein av foreldra eller besteforeldra er fingerlender. Det er dei som vil vakte den reine tomskheita.

- Finst det slike? undra Pirjo seg.

- Er det rart det finst! blåste det ut av Anne-Lise.

- Det seier eg bare at språket og livet vårt ikkje er noko leiketøy, som ein kan ta når det passar og kaste når ein ikkje toler det lenger. Språket og livet mitt er som blodet og heile kroppen. Det er ikkje noko handelsvare, det seier eg bare.

- Er det det eg gjør? spurte Pirjo tvilande.

- Eg anklagar ikkje deg, du er ei real ung jente.

- Ikkje ert meg! Eg er ikkje noko ung jente. Det veit du sjølv.

- Nå ei ung kvinne, da, som sikkert lærer mye enno. Lillepetter smilte fortrulig, tok Pirjo i handa og såg ho rett i auga. - Du er mye meir rettskaffen enn mange tommar, som kallar dei som fremmar tommene si sak snart for radikalarar, snart fanatikarar eller marginaltommear, sjølv om vi ikkje gjør anna enn å forsvare oss sjølv. Korfor kallas ikkje folk for radikalarar, slike som hindrar ein annan å stikke ut auga på seg? Å forsvare seg sjølv er ein menneskerett. Slik har eg forstått det. Eller ka meiner du, Anne-Lise?

- No er du endelig alvorlig, Lillepetter, ropte Pirjo. - Ikkje tøvar du eller...

- Skal du alltid vurdere kordan eg er til ei kvar tid? Eg byrjar å kjenne meg som ein sinnssjuk, som er under observasjon heile tida. Lillepetter blei sint igjen og rykka handa si vekk frå handa til Pirjo.

- Eg vurderer ikkje noko.

- Takk, lille Pirjo. Men som eg sa istad, du er enno så ung at du i tillegg til å lære å leve som tomme, også kan lære å leve som geit om du bare øvar nok, sa Lillepetter.

- Nei, no toler eg ikkje meir av fleipen din. No går vi, Anne-Lise!

- Bli over natta så kjerringane får noko å sladre om, gliste Lillepetter. - Som eg alt har sagt, eg skyr ikkje noko. Heller ikkje med to...

- Vi blir ikkje, sa Pirjo tvert. - Det er så vanskelig å prate med deg. Eg veit aldri ka tid du er alvorlig.

- No, da pratar vi ikkje meir, men går rett til sengs, sa Lillepetter og flytta seg litt tilbake i fall Pirjo igjen skulle prøve å slå til han. - Kom begge to, eg har varme reinskinn å legge under baken.

Men dei to kvinnene var allereie på full fart ut. Lillepetter smålo litt og gikk for å låse døra.

Mandag morgon førte Lillepetter sine skritt han først til Bent. Bent sat og lytta på tomskspråklige morgonnyheitssendinga. Ein tommepolitikar forsvarte seg mot ein anna tommepolitikar. Det var snakk om tomskspråklig utdanning og dei to politikarane hadde visst råka ut på spørsmålet om det enno var så mange tomskspråklige ungar i verda at det lønte seg å ordne til faste barnehagar og skoletilbod for dei.

- Ein skulle sluppe til i radioen og diskutere, utbraut Bent. - Dei spør aldri oss om noko, vi vanlige dødelige er visst så dumme. Ikkje er språket vårt noko til språk, ikkje er meiningane våre noko til meiningar. Det er bare som spurveskit, ikkje noko meir.

- Det har no gått litt framover etter at tommene slapp til i politikken, sa Lillepetter.

- Kas saker? Når eg ser på denne Søkkvika, så trur eg ikkje så mye har betra seg. Folk blir forfingska, ungane snakkar som TV; fingsk med nokre ord frå den store verda. Politikarane har fått betre stillingar og betre lønn, på det viset har det betra seg. Og når folk har gode stillingar og god lønn, forstår dei da noko anna? Det er inga ånd, ikkje noko liv, ingen alvorlige tankar i det dei skrålar om. Dei tenker bare på sitt eige beste, ikkje på noko anna.

- Vel, men om ingen går i mot dei, så...
- Hør her, Lillepetter. Dei folka som mest har gått imot dei, er dei som aldri har fått dei fine stillingane og den høge lønna. Dei som har streva og slitt i bakgrunnen har aldri fått noko slags ære eller berømmelse for arbeidet sitt. Det veit eg, sjølv om eg ikkje har sotte i møte og ikkje skreve fråsegner. Eg har holdt auga opne. Smaken av makt er søt og da gløkker ein fort til og med sin beste venn. Sånn er det, slo Bent fast.
- Det kan vel vere så, sa Lillepetter og tenkte på Morgongry og ministrane hans. Ingen ønska å få redusert makta si. Dei streva etter meir og nokre gonger lukkas dei. Og kanskje dei "vanlige dødelige" og ville smake på maktas sødme, om dei hadde fått. Men når dei ikkje fikk, så måtte dei nøye seg med å kjefta og skjelle på politikarane. Etter mi meining skulle politikarane, ja tommepolitikarane og, bli nekta å fortsette etter nokre år, heldt Bent fram. - Mye nyttigare ville det vore å sette dei i ærlig arbeid, arbeide med små saker ikkje alltid bruke tida å tøve og krangle. Men kor du kjem frå no?
- Eg kjem heimafrå.
- Ka du hører du som stadig er på farta?
- Nei, eg hører vel ikkje meir enn deg. Du har vel hørt at Søkkvik kommunestyre røysta mot å leige ut Brødfjella.
- Det hørte eg og lo for meg sjølv. Det der var Kalve-Per Rasmus sin ulveflokk som gikk til åtak. Nei han Morgongry greide seg ikkje mot forfedrene sine, he, he, lo Bent.
- Morgongry skulda på ein Josef. Kjenner du han?
- Ka for ein Josef? Eg kjenner mange Josef.
- Ein sånn lang, mager og ungdommelig. Brukar svarte klede og hatt.
- Kanskje den der geologen.
- Akkurat.
- Han har mange gonger sotte her hos meg. Det er slekta mi, sjølv om du ikkje ser det på han, sa Bent. Eg kan fortelle deg, men det er ei litt lang fortelling før eg kjem fram til denne geolog-Josef. Om du ist å høre...
- Sjølv sagt ist eg. Det er bare å sette igang.
- Veit du forresten, ka Morgongry sitt virkelige namn er?
- Er det ikkje Langskjegg-Lasse Samuel.
- Jo, det er det, Kalve-Per Rasmus Sara Kirsten Kirsten Henrik Ellen Marit Josef Lasse Samuel, sa Bent.
- Oi, eg skal seie du kjenner den der slekta, utbraut Lillepetter.
- Ikkje så rart, eg er jo sjølv Ellen Marit Kirsten Bent. Eg er i slekt med både Morgongry og den yngste Josef. Kanskje eg har fortalt det.
- I slekt med begge to?
- Begge to, ja. Vent litt, så får du høre kordan fortellinga utviklar seg. Morgongry var i ungdommen ein ganske vilter kar og likte å rote med jentene her og der. Da var han sjølv sagt enno ikkje nokon Morgongry men Samuel. Langskjegg-Lasse sjølv var ein noko tverr gamal gubbe som knapt smilte nokon gong, han lo vel ikkje i heile sitt liv. Derfor blei han og kalla Surmule-Lasse. Skjegget hans nådde ned til navlen og han likna meir på ein underjordisk enn eit menneske. Lasse var svært sint på Samuel-gutten sin viltre natur og formante han med strenge hender. Ein gong som Samuel hadde funne seg ein kjærast og floge av garde med henne til marknaden i Eallodat, ordna han ei lærepenge til Samuel. Han leigde eit par sterke karar til å hente jenta heim, stele ho bort frå Samuel.
- Ja karane stal den jenta, og Samuel stakkar visste ingen ting. Han leita etter jenta i mange dagar i Eallodat og kom tilslutt til den slutninga at jenta hadde funne ein annan og sveke han. Da, fortellas det, var det ikkje langt frå at Samuel gråt. Men i den tida tok ikkje gubbane omsyn til sønene sine slik som no. Dei gjorde som dei sjølv ville.
- Men da Samuel kom heim og fikk høre ka som hadde skjedd, så blei han så sorgfull at han forlot heile distriktet. Han viste seg ikkje her før faren var død. Og da han kom, så hadde han ein ung vakker kjærast, ho skein som gull. Ho var der bortafrå...
- Midt i Bent si fortelling small det i gangdøra og inn dumpa Aili. Ho var travel, men da ho fikk auge på Lillepetter, så skvatt ho så til at ho knapt fikk fram ein lyd.
- Hør her, Bent, sa ho. Eg kjem her med ein del av gjelda. Her er 256 gullingar, resten får du i morgon. Her. Aili rakte pengane til Bent og skunda seg ut i det samme.
- Bent la pengane på bordet og gikk for å hente pengepengungen på kammerset. Lillepetter såg først på pengane som låg attmed kvarandre: tre sedlar og oppå dei ein femmer og ein eingulling. Han ordna pengane etter kvarandre på bordet. Og i det samme lukta han på eine hundrelappen om det skulle vere lukt av grillkylling.
- Hør, Lillepetter, dette er ikkje pengar som er laga på skøy, dei luktar ikkje, sa Bent da han kom frå kammerset.
- Eller brukar du å lukte på alle pengar du får mellom hendene?
- Nei, nei, utbraut Lillepetter og stabla pengane i hast på same stad som dei hadde vore. Han hadde dumma seg ut, eller enno meir, han skjemtes over sin eigen oppførsel.
- No, ikkje bli så nervøs, folk har no forskjellige vanar, lo Bent. - No fortsetter vi fortellinga.

Men sinnet til Lillepetter var no så forvirra at han ikkje lenger klarte å konsentrere seg om ungdomstida til Morgongry. Han glømte heilt at frå Bent si fortelling kunne han kanskje finne forklaringa på den merkelige Beinranglet med hatten eller Josef eller Birger Cabutti. Han reiste seg og sa at han måtte gå på arbeid.

- No, kom igjen i kveld, så skal du få høre slutten, lo Bent og vinka farvel til Lillepetter. Kanskje gutten hadde eit eller anna med ho Aili og at det var derfor han fikk sånn hastverk. Han sa likevel ikkje noko, såg bare etter han da Lillepetter trakk på seg vottane.

14.

Først i krysset ved Kvist-Mikkel oppdaga Lillepetter at han igjen hadde dumma seg ut på grunn av Aili og sprunge av garde midt i Bent si viktige fortelling.

Eg er visst ikkje heilt ved mine fulle fem, skjelte Lillepetter på seg sjølv og angra på at han ikkje alvorlig hadde prøvd å sjanse på ho Pirjo, men bare tøva med ho - om no dumheita hans bare ville avta litt!

Han hadde ikkje vore til sengs med ei jente på lange tider - kanskje det var det som gjorde at han var som på brennande glør. Hadde han heller vore ein gjeldvær.

Han strauk likevel dei kjødelige tankane ut av sinnet, ettersom han nærma seg garden til ein truande mann. Han var på veg for å spørre Mikkel kem som hadde overtalt han, prestefrua og Elmer Lintunen til å gå mot utleiga av Brødfjella. Om det skulle vere Birger Cabutti, så var dette ganske sikkert samme mannen som Josef. Så tenkte Lillepetter mens han slo snøen av skallane og gikk inn i huset.

Mikkel satt i omnskroken og patta på pipa og lysna opp da det kom folk. Han var ungar, gikk på ski på vidda og fanga ryper om vinteren. Skuter hadde dei knappe pengane hans ikkje nådd til, heller ikkje syntes Mikkel å ha bruk for ein slik larmande ting i Guds frie natur. Han ville sjå og høre alt, som den Store Velsignaren i gamle dagar hadde laga med sine egne hender. Mikkel hadde virkelig daglig kontakt med den Store Velsignaren, anten det var snøfokk eller solskinn, og nøgdare menneske var det vanskelig å finne i heile Søkkvika. Han var og godmodig, la seg ikkje ut med styresmaktene, for dei var utgått frå Gud. Men no, no hadde han gått mot dei. Og det måtte det vere ein alvorlig grunn bak.

Lillepetter helsa god dag og satte seg ned attmed Mikkel for å ta seg ein røyk.

- Du torde ikkje bli sittande på forsamlinga i overigår, sa Mikkel. - Du for bare ut som ei vindrosse. Det hadde nok bare gjort deg godt å høre nokre gudsord, om så å omvende deg. I går hadde vi stor rørelse. Sjeldan kjem her så mektige predikantar som han Birger Cabutti.

- Na-a, dro Lillepetter på det, og fikk seg ikkje heilt til å fortelle kordan det var.

- Eg kom for å spørre deg om ei sak.

- Spør bare, Guds barn fryktar ingen spørsmål, sa Mikkel mildt og såg skrått bort på Lillepetter.

- Korfor gikk du mot utleige av Brødfjella, sjølv om du først hadde vore for?

- Vi holdt eit lite møte, sa Mikkel.

- Kem dokker? spurte Lillepetter forsiktig for at Mikkel ikkje skulle tagne.

- Prestefrua, Elmer og eg.

- Dokker tre?

- Ja Birger var og der.

- No, så? Lillepetter lysna opp, men heldt seg i skinnet for ikkje å skremme Mikkel.

- Vel. Det var Birger som ville ha det møtet og han forklarte oss kordan folk rundt om i verda har øydelagt naturen, røska opp og forureina Guds frie vidder slik at der ikkje lenger finst mat til dei ville dyra. Han viste film og leste frå bøker. Så rådde han oss til å gå imot. Først var vi ikkje samde, men da vi hadde snakka eit par timar, kom vi til semje om at naturen med alle sine goder hører til Gud og den skal ein ikkje ødelegge og forureine slik det er gjort til no, fortelde Mikkel.

- Åja, sånn! Lillepetter slo i forfjamselsen hendene saman. No byrja løydomsteppet å revne! Birger måtte vere Josef, heilt sikkert måtte han vere!

- No, kjenner du den der geolog-Josef? fortsatte Lillepetter raud i ansiktet.

- Korfor spør du om det? Mikkel byrja brått å bli mistenksom på noko, nett som på turen til Brødfjella; det slo han at Josef og Birger var samme typen. Auga hans mørkna.

- No, der er så... Eg skriv reportasje til eit blad om Søkkvika... tommeblad.

- Det skulle du ha sagt med ein gong! sa Mikkel sint. - Dei får ikkje bringe *mine* historier i noko blad!

- Nei, nei, eg skriv ikkje noko om du ikkje lar meg, sa Lillepetter raskt. No hadde han dumma seg ut igjen.

Mikkel var stengt som ein fjellvegg og fortalte han ikkje eit ord meir.

- Eg likar ikkje at her kjem folk og spør om alt mogleg, utan å fortelle ka dei treng opplysningane til, skjelte Mikkel. - Frå gamle dagar har vi fått sjå kordan alt vi fortel blir snudd mot oss. Om eg fortel nokon om det beste rypeterrenget, så er dei der dagen etter. Og ka skal eg da leve av? Om eg fortel dette til nokon, vil Birger og dei andre seie eg har sveke dei.

- Hadde dokker nokon avtale om at det ikkje skulle fortellas om møtet, spurte Lillepetter angrande.

- Ikkje akkurat slik, men det var ei slik ånd. Du, Lillepetter, må no mure igjen kjeften. Lov meg det straks!

- Eg lovar, sa Lillepetter lydig. - Stol bare på meg. Eg skriv ikkje for noko blad, eg bare spøkte.

- Du burde fått juling, truga Mikkel.

- Ja, nesten, svarte Lillepetter skamfull.

- Vi glømmar no heile saka. Gud gir lett tilgiving til dei som spøkar. Noko anna er det å lyge, det toler ikkje Gud. Men et no litt kjøttsuppe, gutt, så du held varmen med du går heim, sa den snille Kvist-Mikkel og ausa opp ein full tallerken til Lillepetter.

Lillepetter torde ikkje lenger seie eit ord om Josef. Han spiste suppa og lot Mikkel sjølv fortelle det han sjølv fann for godt. Han våga seg ikkje til å gå før Mikkel sjølv gjorde seg klar til å gå for å besøke naboen. Da var det allereie byrja å mørkne.

Dagen var igjen gått nesten til spille. Tung til sinns stampa han tilbake mot bygda.

Rett før posthuset kom ei drosje og stoppa attmed han.

Morgongry sveiva vindauga ned og greip Lillepetter i jakkeermet. I bilen kunne han og sjå Persen.

- Ikkje dra! bjeffa Lillepetter.

- Har du sett den helvetes...?

- Kas helvetes?

- Som om du liksom ikkje veit! Dokker all..

Lillepetter prøvde å røske seg laus, men Morgongry slapp ikkje.

- Om dokker fortel kem han er, så kan eg hjelpe, lova Lillepetter.

- Det fortel eg ikkje til nokon! Men eg skal finne han og straks! Det står om livet mitt! klaga Morgongry.

Persen hoppa ut.

- Lillepetter, har du sett denne Josef? naudba Persen. - Morgongry har eit ærend som hastar til han. Fortell no, ver så snill. Morgongry blir å skjelle meg ut heile veka om vi ikkje finn han i dag. Og det er di skuld, om du ikkje fortel...

- Eg veit ikkje, sa Lillepetter. - Om han ikkje er i prestegarden, så..

- Men Lillepetter! Kom og hjelp... Du som har gått på detektivkurs...

- Dokker er ikkje rett, sa Lillepetter sint, det var ikkje langt frå at han skauv Persen ut i snøskavlen. Han dro seg unna Persen og vassa unna gjennom snøen.

- Lillepetter! Du får ikkje stikke av! gaula Persen og sprang for å ta han. Drosja rygga etter.

- Kom Lillepetter, du skal få betaling, tagg Persen og veiva med armane etter han.

- Betaling, du liksom! Den har eg hørt før! ropte Lillepetter og la på sprang.

- Dette skal du få svi for! forkynte Persen og truga med knyttneven da han ikkje fikk fatt på Lillepetter.

Lillepetter stoppa, tørka sveitten og brast i latter. Der sto han og lo aleine på vegen til han byrja å lure på om han lo eller gråt.

Men Morgongry og Persen surmula i baksetet på drosja og sa ingenting på ei lang stund.

- Kanskje vi tar ein tur til i prestegarden? kom det endelig frå Morgongry.

- At vi skal til? spurte drosjesjåføren.

- Til prestegarden! Og fort!

Prestefrua skvatt til da ho såg Morgongry og Persen komme, ho hadde jo røysta mot utleige av Brødfjella Kom dei to no for å anklage ho? Ka skulle ho da gjøre, når presten sjølv ikkje var heime og kunne forsvare ho?

- Kom inn, kom inn, sa ho likevel og følgde kongen og funksjonæren hans inn på kontoret. - Sett dokker, fortsatte ho, da gjestane bare blei ståande midt på golvet som om dei først da hadde vakna og såg kor dei var.

- Den der...Na... Grhmm.... byrja Morgongry. - Du Maria røysta mot utleige av Brødfjella?

Morgongry hadde ikkje villa snakke om det, han ville heller straks spørre etter Birger Cabutti, men brått var det som stillinga hans tvang han til først å snakke om dette.

- Jo, svarte prestefrua.

- Du var først for?

- Det var eg.

No, den... Grmh... Korfor skifta du så meining?

- Eg drømde om natta at Guds hand dukka fram på Brødfjella og sopa alle røvarane bort frå heile Lemenhauet, sa prestefrua.

- Ka? Du drømde?

- For Gud er ingenting umoglig, smilte prestefrua.

- Men det var du som drømde, ikkje Gud.

- Drømmar er og i Gud si hand, sa prestefrua.

- Drikk dokker kaffe?

- Takk, ikkje denne gongen, forta Persen seg å svare.

- Eg er på leiting etter Jo... byrja Morgongry, men svelga raskt orda sine, grov fram eit stort lommeetørkle av lomma og tørka panna med det. - Er han enno her denne.. den predikanten Birger Cabutti?

- Birger? sa prestefrua forbausa. Persen og Morgongry var ikkje dei menneska som ville ha oppsøkt prestegarden og forsamlingshuset, ikkje trong dei heller sjølv komme hit i embeds medfør, dei hadde da funksjonærar til å ordne slikt. Morgongry trengte tydeligvis Birger til noko anna.

- Jo, han er her enno, svara ho.

- Eg har eit ærend til han. Er han å få tak i no?

- Eg går og ser.

Prestefrua forsvann inn i eit rom innafør. Ho blei lenge borte før ho kom tilbake.

- Hør, mine gode menn. Vi kan ikkje forstyrre Birger no, kunngjorde ho.

- Ka! Morgongry skreik det nesten ut. - Korfor ikkje?

- Han held på med bønnestunda si.

Bønnestund? Den... Men eg har eit svært viktig ærend til han, sa Morgongry og forsøkte av alle krefter å halde sinnet sitt tilbake. Ka den hunden, den Josef-skurken, kor han heldt dei for narr. Heldt liksom bønnestund! Om eg hadde fått tatt han i kragen, så...

- Gode konge, Birger har bønnestund kvar dag. No traff dokker til å komme akkurat da, sa prestefrua og skjemttest. No laug ho for andre gang. Ikkje hadde ho visst noko om Birger sine bønnestunder og ikkje hadde ho drømt noko som helst.

- Eg bryr meg ikkje det minste om denne bønnestunda! knurra Morgongry og for forbi prestefrua dit han nylig hadde sett ho gå. Han for som ein olm okse og røska døra opp.

- Hør no... nådde han å starte før han oppdaga at rommet var tomt. - Fordømte... Kanskje han hadde forsvunne under senga?

Morgongry kraup ned for å sjå, men ingen Birger under senga. Ein stor grå katt for forbi han så han skvatt til.

- Faen, glapp det ut av han.

Prestefrua hadde følgd etter kongen og såg med forbausa auge rundt i rommet, som virkelig var tomt. Nett i stad hadde Birger stått på kne ved senga om mumla noko for seg sjølv. Kanskje Fadervår. Kor hadde Birger forsvunne? Og korfor?

- Kongen skal ikkje banne, dette er prestegarden, sa prestefrua og raudna. - Eg lyg ikkje, for Birger var her i stad, akkurat slik, fortsatte ho og knela sjølv ved senga for å vise kordan Birger nettopp hadde gjort.

- Faen, faen! utbraut Morgongry igjen - Den vriompeisen! Ein stor hyklar! Stikke av som ein... som ein hare!

- Kordan er det kongen snakkar? sa prestefrua forferda. - Kordan kan du spotte Birger på den måten? Han er utsendt av Gud og...

Morgongry hadde på tunga: "skiten er utsendt", men svelga orda sine, snudde tvert og skritta ut med lange skritt. Han hugsa ikkje ein gong å ta farvel, slik som Persen, som skunda seg etter han.

I Maktgarden, da Morgongry opna kontordøra si, sperra han munnen opp, for bak skrivebordet satt Josef.

15.

Prestefrua var så forferda over Morgongry si framferd, at ho måtte straks hoppe i bilen og kjøre til Aili og fortelle det.

Litt før skolen kom Lillepetter subbande mot ho. Han vinka for å stoppe prestefrua.

- Er han Birger Cabutti i prestegarden enno? spurte han straks ho hadde sveiva ned vindauget.

- Korfor er alle ute etter Birger? Ka vondt har han gjort dokker? spurte prestefrua og ville kjøre igang, men Lillepetter heldt seg fast i vindauget.

- Hør no, gode frue. Eg har tjuverietterforskning på gang. Kan du svare meg rett ut? sa Lillepetter plutselig svært alvorlig. Dette rare Beinrangelet med hatt som han aldri fikk i tale hadde byrja å plage han. Han var blitt nesten sikker på at Josef og Birger Cabutti var ein og samme person. Kem av dei som var virkelig, det visste han derimot ikkje. Men han kjende seg ganske sikker på at Beinrangelet med hatt - kem av dei det måtte vere - hadde stole pengane frå Søkkvik kommunekasse.

- Kas samband har Birger med tjuverietterforskninga di? irettesette prestefrua. I røysta hennar var dei ingen ting igjen av det milde og mjuke.

- Eg mistenker at Birger er Josef. Og Josef har stole Søkkvika sine peng..

- Herregud som du snakkar! sa prestefrua.

- Eg forstår ikkje noko av praten din. Kem er Josef? Og ta hendene dine vekk så eg får kjøre!

Prestefrua trykte inn gassen og for avgarde. Vindauget sveiva ho opp først seinare.

Aili såg med ein gong på prestefrua at noko var galt. Maria var bleik i ansiktet og det var knapt liv i blikket hennar. Ho gløtta mot døra mens ho sette seg ned ved kjøkkenbordet for å drikke kaffen som Aili hadde skjenka til ho.

Eg... eg veit ikkje kordan eg skal få fortalt det, byrja prestefrua. - Eg forstår ikkje lenger noko av noko.

- Ka som har hendt?

- Ka? Morgongry kom for å spørre etter Birger, og...

- Morgongry? Korfor i all verda?

- Eg aner ikkje, jamra prestefrua og fortalte kordan Morgongry hadde bore seg da han ikkje fann Birger.

- Morgongry kunne eg nok forstått, eg veit jo kordan han er. Men korfor Birger stakk av midt i bønnestunda? Det begrip eg ikkje, sa prestefrua og gnei seg i ansiktet.

- Og no nettopp kom Lillepetter imot meg og snakka heilt rart. At Birger skulle vere ein eller annan Josef... Aili byrja å sveitte. Ho måtte reise seg å gå attom ryggen på prestefrua. Ho hugsa kordan Lillepetter hadde snakka til henne om det samme i førre veka.

- Kjenner du nokon slags Josef? spurte prestefrua.

- Nei, det gjør eg ikkje, utbraut Aili, framleis med ryggen til. - Eller...

Ho bråsnudde mot prestefrua, for ho hugsa jo Josef. Geologen! Den samme som besøkte Kvist-Mikkel i fjor sommar. Ka tid var no det? På forsommaren. Birger likna virkelig denne geolog-Josef. Og først no kom ho på det!

Men nei, forstanden hennar var ikkje med på det. Birger var ikkje nokon jordgravar, han var Guds utsendte predikant som ikkje tøva i fylla, slik ein hadde hørt Josef hadde gjort på Ferjeheimen. Og kem som hadde fortalt det? Sjølvsaugt menighetssostra som hadde hørt det av Havre-Mathias.

- Maria, det der er bare sladderhistorier, ikkje noko anna, sa ho og sette seg. - Ikkje bry deg om all slags tøv.

- Men Aili, sa prestefrua og såg Aili rett i auga. - På eit vis så synas det for meg som... Om eg tenker på Lillepetter, som er ein opplyst og statelig mann, så kan eg ikkje få meg å tru at han lyg. Ikkje i tillegg til at...

- Ka? utbraut Aili forskrekka. - Trur du meir på den ugudelige Lillepetter enn på Birger? Det forstår ikkje eg.

- Ugudelig og ugudelig, innvendte prestefrua. - Men Birger har virkelig rare vanar. Og med Brødfjella... Overtalte oss tre heilt til vi gikk mot utleiga. Og var ikkje denne Josef på demonstrasjonen på Brødfjella?

- La Josef vere Josef! ropte Aili. - Det betyr ikkje at han er Birger.

- Sei meg Aili ein ting: Ka du har så fryktelig imot Lillepetter?

- Ka? Aili blei enno meir forskrekka.

- Om nokon ikkje enno er omvendt, så betyr det ikkje at han ikkje kan vere eit rettskaffent og redelig menneske, slik som Lillepetter. Han er eit menneske som ein vakker dag kan komme med oss. Men du oppfører deg mot han som om han hadde gjort deg noko vondt. Sei no rett ut, har han det eller har han ikkje?

Aili blei heilt forskremt. Ka Maria no antyda? Hadde ho hørt noko om ka som hadde vore mellom ho og Lillepetter i ungdomen eller rettfram om hendingane i Kornbygda? Eller hadde Maria sjølv eit godt auge til Lillepetter og ho hadde ikkje oppdaga det? Var Lillepetter så statelig og sjarmerande mann at til og med prestefrua falt for han?

Om det var sånn, så var ho, Aili, blind og kjenslelaus. Hadde trua forblinda ho? Hadde ho gått alt for langt i heilagheita si. Ho hadde jo kaldt kasta Lillepetter ut av livet sitt, nekta å sjå han, og ikkje ein gong tenkt på om Lillepetter leid under det eller ikkje.

Aili reiste seg igjen og gjorde seg eit ærend inne i kammerset. Der sto ho og kjende kordan motløysa gnog heile kroppen hennar så ho fikk lyst å gråte.

Ho såg seg i speilet og såg sitt eige bleike ansikt, auga som hadde vondt. Vanligvis skjulte ho det, men no fylde det sinnet hennar og einkvar ville kunne sjå det på blikket hennar. Men heldigvis var ho bakom døra heilt åleine. Snøfnugga dala ned utfor vindauget, sakte og utan hastverk. Aili mintest brått ein eller annan lukkelig hending som knytta seg til dette synet. Var det menigheitskurset i Sør-Fingerland i fjor? Eller for nokre år sidan i Lauksa hos Johan og Elina?

Nei, det var i Kornbygda. Den gang ho og Lillepetter møttest.

Voi, for ei hending! Tøv, bare tøv. Korfor skulle ho oppføre seg så tullat som ein halvaksen jentunge? Pynta seg først som ei lettsindig kvinne og i tillegg oppføre seg som om ho aldri hadde hørt ka som var eit syndig liv. At nokon kunne oppføre seg så dumt! Aile hadde fått angre den hendinga djupt, ho hadde gråte i samvetsnaud og bede Gud om tilgiving. Heldigvis tok tida og mildna dei verste smertene.

Men ho hadde ikkje fått Lillepetter ut av sinnet. Det verste var at da sjelen hennar byrja å få fred og samvetetskvalene roa seg ned, så dukka Lillepetter opp i vegen hennar. Ho kunne ikkje gløyme, uansett kor ho prøvde. Einaste måte å halde Lillepetter på avstand var å vere hovmodig.

I Kornbygda hadde dei budd saman i to dagar. Dei hadde sotte ved vinglasa, dansa, gått hand i hans under snøfnugga, kyssa og endelig funne kvarandre i senga, i kvarandre si famn, inni kvarandre. Ho hadde likt Lillepetter, det var sant, men ho hadde aldri alvorlig tenkt å halde fram i lag med han. Ho hadde aldri trudd at Lillepetter skulle bli så sanselaus at han skulle fly hit opp for å leite etter ho. Hadde ho visst det, ville ho aldri ha innlata seg på noko med han.

I bråkomen sanseligheit slapp Aili ut håret og lot det flaume nedover skuldrene. Ho smilte bittert, når ho tenkte på kordan Lillepetter i senga hadde leika med håret hennar før *det* hadde skjedd. "Du er ei havfrue, den hemmelige jenta frå havet. Du sit på ein stein i måneskinnet og eg smyg meg innpå for å ta deg."

"Smyg du?" lo ho og kjende seg så lukkelig. Ho hadde aldri før vore i lag med ein mann på det viset, men no byrja ho å stryke og undersøke Lillepetter sin nakne kropp, skuldrene, armane, det kraftige brystet og den slanke

magen. Nei, nei, manns kroppen var ikkje det minste skremmande, alt var moro og tiltrekkande. Som havbåra. Og Lillepetter byrja å kysse henne. Da ropte ho: "Ikkje smyg! Kom! Brus! Drukne meg!" Og Lillepetter kom, drukna ho og brusa som havbåra. Ho rodde og segla med Lillepetter og kjente kor havet sin varme brus spreidde seg over heile kroppen...

Aili skvatt plutselig til. Ka var det ho sto her og tenkte? Ho hadde jo gitt livet sitt til Gud og ville tjene Han. Ingen hadde tvunge ho til det, men ho ville vere rein, ho ville leve riktig og rett.

Livet hennar hadde rota seg til da ho var seksten år. Nett den dagen da bestemor døydde. Bestemora sin død hadde ikkje hatt så mye å seie som det som bestemor fortalde like før livet forlot ho. Bestemor ba ho inn til seg på soverommet da dei to var åleine i huset.

- Hør her, jenta mi, sukka bestemora på dødsleiet. - Eg skal fortelle deg ei sak som eg ikkje veit om nokon annan har fortalt... Eg ville heller ikkje ha fortalt det, slett ikkje, men eg er redd for deg... Eg er redd at du og blir påverka av dei jordiske lystene, dei kjødelige lystene.. Du er jo i den alderen at det kan hende ka tid som helst... Eg ville ellers ikkje ha vore redd, men eg har hørt at du har gått hand i hand med naboen vår, han Isak Samuel sin yngste son Jon...

Det er sant, det er sant! skvatt ho til. Jon var ein sjarmerande gutt som ho likte. Men ka i alle dagar meinte bestemor? Ho hadde ikkje vore i lag med nokon, bare ein gong kyssa han Jon som hadde så varme hender og så pent eit blick.

- Bestemor, eg har ikkje..., kviskra ho.

- Nei, nei, barnet mitt, men... sa bestemor og byrja brått å gråte.

Ho blei heilt forferda og tok bestemor i handa. - Men ka, ka, bestemor?

- Far din er ikkje far din, sa bestemor lågt og hosta. Far din er Jon sin far, Isak Samuel.

Denne nyheita skaka opp Aili så ho ikkje kunne bu heime ein dag lenger, ho kunne ikkje møte blikket til mora, kunne ikkje sjå faren, ho fortalte bare iskalt til dei ka bestemor hadde sagt, og flytta til tanta i andre enden av Søkkvika. Ho slutta å gå i lag med Jon, sin eigen bror. Først no oppdaga ho at Jon likna på henne. Visste ikkje Jon at han var bror hennar? Storebror hennar. Nei, sjølv sagt visste han ikkje! Kem skulle ha fortalt når ho, Aili, hadde levd på ei løgn i seksten år! Mor hadde skjult det gale ho hadde gjort og far hadde hjulpe henne. Kordan kunne mor? Enn far som ikkje var far hennar? Korfor hadde dei ikkje fortalt henne?

Fordi mor hennar hadde dreve hor med nabokallen, far til Jon. Derfor kunne ho ikkje vere i lag med Jon lenger. Derfor! Derfor! Derfor! hadde ho skrike.

Ho hadde funne Lillepetter og surra i lag med han den sommaren for å gløkke Jon. Jon og det forbausa, anklagande blikket hans. Heldigvis for Jon til Hilsku for å lese til doktor og der fann han seg ein ny kjærast, som han hadde med seg til Søkkvika i ferien. Så for Lillepetter og, til Kornbygda. Sjølv dro ho på handelsskole, utdanna seg til husholdsøkonom og fikk jobb som husmor på Søkkvika skole. Dei tok ho fordi ho var blitt kjent med prestefrua, som snakka for ho i kommunestyret. Og ho hadde bestemt seg for å tjene Gud og fornekte det kjødelige liv. Bare Lillepetter hadde rota til målsettinga hennar.

Aili forsto at ho skulle forsøke å gløkke det at foreldra hadde skjult sanninga for henne. Mange gonger hadde ho forsøkt å gjøre det til ingenting, men etter hennar syn var eit løgnaktig liv eit galt liv. Ho hadde derfor vald som sitt kall i livet å tjene Gud, slik at ho levde redelig og rett.

Men no, når ho hadde vore i jobben i fire år, synas livet sine freistingar bare å auke på, og det var ikkje alltid ho greidde å halde dei på avstand. Visst var ho ei så vakker og sjarmerande kvinne at mannfolka nesten sprang etter henne. Det var ho, sjølv om ho freista å skjule venleiken bakom formause klede og hårbunten på hovudet. Når til og med presten, Søkkvikpresten sjølv, stundom når dei kjørte i bilen hans brukte å grave etter noko i hanskerommet og samstundes nytte høvet til å stryke litt på ho. Mange gongar hadde han stroke ho over knea, liksom tilfeldig. Ikkje eingong presten sine tankar syntest å halde fast ved den smale vegen, sjølv om han preika om dette kvar einaste søndag. Kanskje han preika om det nett fordi han sjølv ikkje klarte å holde fast ved det han lærte; forsøkte han å rette seg opp og styrke seg sjølv med det?

Freistingane hadde ho vel holdt ut med, men dei kraup inn i tankane og kom fram igjen i sjela når ho ikkje passa på. Og nå dei hadde lege der og godgjort seg ei stund, byrja dei å trenge seg fram i gjerningar. Det såg ein i Kornbygda.

Narra ho seg sjølv? Var det kristelige livet bare eit framhald av barndommen si løgn?

Ho hadde aldri hengt seg fast ved tanken; den kom bare av og til på besøk i tanken hennar som ein skugge. Ho arbeida flittig og alltid når det var ein sjanse til det. Det å stoppe opp hørte ikkje til levemåten hennar. Ho organiserte reiser og reiste, snart med pensjonistane, snart med ungdommen, snart med menighetsarbeidarane. Ho ville ikkje stoppe opp og tenke, torde ikkje.

Verst var det likevel da Lillepetter kom til gudstjeneste i kyrkja. han satt der og lytta sikkert ikkje til det presten sa. Han hadde bare kome der for å sjå henne. Da hadde ho sete og skubba seg på benken og satte alle krefter inn på å konsentrere seg om gudsorda. Likevel snudde auga hennar seg stadig uforvarande seg mot Lillepetter, særlig under salmesongen. Heldigvis hadde ikkje Lillepetter oppdaga noko. Eller hadde han?

Nei, Aili, nei, sa ho til seg sjølv og tvang seg til ro, sjølv om varme piler flaug gjennom kroppen hennar og sette ho i brann. Ho hadde ikkje noko imot Lillepetter, men ho var redd. Og derfor måtte ho vere ein gjennomført truande og ikkje gi det minste etter for den kjensla som kunne ha drukna ho, tatt ho heilt og fullt og reve ho ut av seg sjølv.

Men når ho så ofte hadde lyst til å hive seg i famnen på Lillepetter, halde han om halsen, krype opp i fanget hans og kysse han som... som i Kornbygda.

Men ho ville styre seg. Sånn var det og ikkje på noko anna vis. Og derfor kunne ho ikkje bekjenne noko, heller ikkje for Maria. Ho kunne ikkje innrømme noko, ikkje det minste. No måtte ho vere hard, uansett ka Maria måtte seie. Sånn var saka, for ho ville framleis leve med Herren, ikkje gli ut i den verdslige lettsindigheita. Heldigvis hadde ikkje Lillepetter blitt å hogge ved dengangen ho, toskan, ringte til han.

Så vende ho tilbake til kjøkkenet.

- Eg kan ganske enkelt ikkje omgåås med ein slik kar som Lillepetter, utbraut ho med hard røyst og forsøkte å vere rolig, sjølv om hendene sveitta og kinna brann.

- Aili, sa prestefrua og tok ho i handa. - Vi truande menneske kan ikkje tenke slik. Vi får ikkje vere harde mot dei, som av ein eller annan grunn ikkje er truande. Vår plikt er å forstå og forsøke med det gode å få folk med oss. Sånn har eg forstått min eigen Skapar. Mannen min, presten i denne kyrkjelyden, han er nok hard og deler ut dommar hit og dit. Men eg kan ikkje vere slik. Eg har vakse opp i ein familie der ein gjerne tilga. Enno ikkje familien var truande i det heile.

Aili såg på prestefrua og kom uforvarande til å tenke at var no Maria nokon truande. Ho var bare prestefrue som ikkje trong å omvende seg. Folk rekna ho jo for å vere truande og syndfri.

- Men ka seier du om Lillepetter finn ut at Birger er Josef? spurte prestefrua.

- Det gjør han ikkje! Det er umogleg, sa Aili tvert.

- Kordan veit du det så sikkert?

- Eg veit ikkje, eg kjenner det på meg.

- Eg tenker sjølv å spørre Birger rett ut.

- Ikkje bry han med sladderer i Søkkvika! Da kjem han aldri meir hit, om vi oppfører oss som sauer. La Morgongry og Persen vere og fortel aldri om dei til Birger. Slik er det best, sa Aili.

- Om eg samrår meg med mannen min...

- Ikkje fortel han noko! Han vil ta deg for ein tosk.

- Å, han sett no meg ellers ikkje alt for høgt.

- Maria! Kordan kan du snakke slik om din eigen mann? Tenk om andre enn eg hørte det! Ka slags sladder ville ikkje det føre til? Maria, la det vere, la det vere som det er. Ka tid fær han Birger?

- I kveld.

- Sei at han må stikke innom meg først.

- Kan du ikkje sjølv komme innom prestegarden? spurte prestefrua. Ho var blitt litt irritert på Aili.

- Kan eg vel, sjølvsagt kan eg. Eg kjem om ein time.

Misnøgd til sinns dro prestefrua heim. Forgjeves hadde ho fore for å prate med Aili. Aili var jo hard som stål og tok ikkje omsyn til anna enn sine egne meiningar. Men Aili hadde ikkje alltid vore slik. Lillepetter såg ho ned på, og blei alltid tverr og kald når det blei snakk om han. Ka Aili hadde mot Lillepetter?

Prestefrua sette seg ned på kontoret og bestemte seg for å finne ut av dette, sjølv om ho måtte høre på sladder. Det kunne ikkje vere rett at Aili oppførte seg slik. Ka kunne grunnen vere? Alle andre syntes å vere menneske, men ikkje Lillepetter. Ka det var Aili skjulte?

Andre enn prestefrua grubla og over Aili. Johan og Elina var på farta å dra heim og stakk innom Lillepetter for å ta farvel. Sjølv om forholdet mellom dei ikkje lenger var som før og vennskapet syntes å ha kjølna, så tolte dei no å prate sammen - i alle fall no som dei ikkje ville sjå kvarandre igjen på lang tid.

Johan var i dårlig humør etter som strevet hans for å bli deskarane til turistsentersjef ikkje hadde lukkast. Han hadde forgjeves tatt ferie på jobben, forgjeves kjørt hit til verdas utkant, forgjeves brukt kreftene sine til beste for Søkkvika.

- Ikkje er Morgongry noko til sjef, ikkje har han noko skikkelig styring når han lar nokre få velte det beste tiltaket han har satt igang, sa Johan. - Eg var klar til å forlate alt gamalt og starte som sjef for deskarane sitt turistsenter. Eg har jo utdanning, eg er ingeniør. Deskarane kjem nok aldri tilbake hit, dei lar disse områda forbli i verdas utkant som dei har vore til no. Daude område, kor bare rein ruslar rundt og tommar flekkar torv!

- Du kan sannelig snakke vakkert om plassen du sjølv kjem i frå, irettesatte Lillepetter.

- Skulle eg kanskje skryte av ein slik plass og av slike folk som lenge har blitt hengande etter og no blir enno meir etter? Nei, det gjør eg ikkje, eg fortel heller heile verda kordan dokker er! brast Johan ut.

- Fortell bare, om du ikkje har noko bedre å ta deg til, utbraut Lillepetter.

- Dra no du og bort herifrå, sa Elina. - Bli med oss. Vi stablar inn tinga dine, og så hoppar du i bilen. I morgon er vi i Kornbygda og startar alt på nytt.

- Eg har ikkje tenkt å dra, sa Lillepetter.
 - Ka du vil, fortsette å jage etter våres Aili? Ho er ikkje å få tak i, mor øydela ho, sa Johan.
 - Korfor mor dokker? Dokker hadde da ein far og, sa Lillepetter.
 - Jo, det hadde vi jo, men det er ikkje fedrene som oppdrar ungane. Det er mødrene som gjør det mens fedrene slit og tjener pengar. Mor våres blei omvendt etter at Aili blei født og var så truande at ho såg Guds nåde i ein blodklubb. Det virka inn på eit skjørt barnesinn.
 - Enn du da?
 - Eg har jo kome meg bort frå det. Og ikkje er eg like skjør. For min del skal du gjerne legge deg etter Aili, om det er så det ikkje er andre kvinnfolk.
 - Eg har ikkje tenkt å legge meg etter ho, ho har har nok ein bedre friar.
 - Ka for ein? spurte Elina.
 - Ein predikant. Eller kanskje Josef, lo Lillepetter..
 - No forstår eg ikkje: predikant eller Josef...
 - Eit beinrangel med hatt, la han no vere om så sjølvaste Belsebub, brunla Lillepetter.
 - Du er no vel forelska i ho Aili enno, når du er så redd for ho, erta Elina.
 - Ka er kjærleik? spurte Lillepetter. - Fins noko slikt i det heile?
 - Du er virkelig blitt bitter, vurderte Elina igjen. - Du er blitt reint kynisk.
 - Om eg så er. Det passar meg.
 - Eg trur ikkje Aili nokongong giftar seg, utbraut Johan. - Når dei har omvendt seg, så blir dei verande slik for alltid.
 - Praten døydde ut og kvar og ein drakk taust kaffen.
 - Ja, det var det, sa Elina endelig. - Vi drar og du blir igjen.
 - Sånn er det, la Lillepetter til.
 - Vi sjåast vel ikkje igjen her, det er sånt utrivelig område, sa Elina. - Alt i alt er eg nøgd med at det ikkje blei noko av sjefsstillinga til Johan. Eg ville ikkje ha trivdest her.
 - Alle trivas ikkje, sa Lillepetter.
 - Ikkje du heller, innvendte Johan. - Men farvel. Og forsøk no å finn denne tjuven.
 - Eg forsøker da, smålo Lillepetter, han gadd ikkje å forklare Johan og Elina at arbeidet som detektiv i Søkkvika var slutt, men at han likevel ville fortsette å oppklare tjuveriet. Om ikkje for anna, så for Aili...
 Johan og Elina for. Lillepetter skylte koppene da telefonen ringte. Posten fortalte at det var kome eit ilbrev til han.

16.

To timar seinare hadde Lillepetter henta fingeravtrykksbileta på posten og skulle akkurat til å opne konvolutt, da det slo i døra og inn kom Persen. Lillepetter skunda seg å gjømmе konvolutt i skapet.

- No, kompis, sa Persen breitt. - Har du funne tjuven?
 - Eg skulle jo ikkje springe etter han lenger, sa Lillepetter.
 - Skulle ikkje! Det skal du! Vi var jo samde om det.
 - Men du nekta meg jo.
 - Ka? Nekta eg? Kor?
 - Hugsar du ikkje? På Ferjeheimen.
 - Jaså, nekta eg... ? Ja, eg var vel litt... hmh...
 - Denne etterforskninga har allereie blitt ti gonger dyrare enn 256 gullingar. Kan det lønne det seg å fortsette?
 - Sjølv sagt lønner det seg! Kom til meg med fingeravtrykka med ein gong dei kjem.
 - No, korfor? Enn om eg går til politiet?
 - Er du tullat? Hør her, Lillepetter, prøv no å vere menneske.
 - Enn om du sjølv blir avslørt som tjuven?

Persen løfta baken og opna kjeften for å skjelle ut Lillepetter, men kom så på andre tankar, rista på hauet og tende.

- Ærlig talt, Lillepetter.. Morgongry og eg hadde drukke så pass at ingen av oss hugsa ka som hende den natta. Det kan godt hende at ein av oss tok dei 256 gullingane.

Og spiste først grillkyllingen din, skratta Lillepetter.

- Det er ikkje noko å le av! bjeffa Persen og den plutselige kraftlausa gikk over. - Du forstår ikkje noko av livet til folk på vår alder, du din spurv. Eg har forsøkt å leve redelig, det skal du tru, kamerat. Eg har no vore pengeminister i Søkkvik i eit tiår og aldri har det vore så vanskelig som no. Folk er altfor godt vante og dei krev meir og meir. Du ser det sjølv: først skal dei bygge tommekulturhus, kor dei kan styre og fordrive tida. La det no vere, men no vil dei ha alt på tomsk; barnehage, helsetjeneste og til og med tolk etter som dei ikkje lenger ist å snakke fingsk. Fingske staten gir ikkje pengar, sjølv om dei har lova. Vi ville skaffe oss pengar på Brødfjella,

men dei stansa det. Stansa det! Sjølv vil dei ha alt moglig godt og så stansar dei det, når vi skal ordne dei alt et gode. Og til sjuande og sist legg dei all skulda på oss.

- Dokkers skuld er det, for dokker bryr dokker ikkje om verken dokkers eige liv eller tommespråket. Heller ikkje no, sjølv om vi har sjølvstyreforsøk, sa Lillepetter.

- Skit au! Det er gagnlaust strev så lenge vi ikkje har pengar til å skaffe dei storkjefta tommane alle godene dei krev. Dei kunne holdt kjeft når dei ikkje vil ha anna enn gamle dagar: urørte fjell og tommespråk, som ein ikkje klarer seg med lenger enn til dass. Alt skal komme gratis, sjølv ist dei ikkje eingong snakke det "dyre tommespråket" med ungane sine. Skole og samfunn skal ordne til alt! Disse storkjefta tommesaksforkjemparane er ikkje anna enn slarvar!

- Persen var no blitt så fornærma at han slo neven i bordet og lot ikkje Lillepetter seie eit ord.

- I ungdommen min var det ikkje slik, vi måtte sjølv arbeide og slite for det daglige brød, skjelte han. - Eg var med far min og gjeta rein. Det var ingen spøk for ein halvaksen gutt, men det var ingen nåde. Eg fikk ikkje gå anna enn ein skarve handelsskole, men eg har lært å arbeide, ikkje bare gå og geipe! Ikkje har eg stole noko til meg. Alt eg har skaffa meg har eg fått ved eige arbeid og redelig tjent!

- Og no drikk dokker så dokker rotar bort Søkkvik sine pengar? sa Lillepetter.

- Enn om eg stikk innom og fortel dette på neste kommunestyremøte?

- Du kunne bare våge! Kom til meg med dei fingeravtrykka! Eg har sjølv lønna deg..

- Lønna, du, smålo Lillepetter. - Kor er så den lønna, når ikkje eg har sett noko til ho?

- Du får ho om så med ein gong. Eg betaler deg av min eigen pung. Kor mye vil du ha?

- Persen gravde ein tjukk pengepung opp av lomma og opna han.

- Eg bryr meg ikkje om pengane dine, det skal du vite. Eg greier denne saka ferdig ut og så offentleggjør eg...

- Faen! satte Persen i og for opp. Lillepetter for og opp, for Persen såg ut som han ville gå til angrep. Men Persen gikk ikkje til angrep, han datt bare ned att i stolen. Det feite ansiktet hans var utrangla og under auga hang tunge rynker.

Inst inne var ikkje Persen i så dårlig humør som han ga uttrykk for. Ei lita stund satt han samankrøkt, men så etter litt retta han seg opp, for han kom til å tenke på det som nylig var hendt i Maktgarden. At Lillepetter var så kranglevoren var ei lita sak i forhold til det han hadde hørt gjennom veggen da han satt på rådmannskontoret vegg i vegg med kontoret til Morgongry.

Josef hadde endelig kome for å treffe Morgongry, som straks hadde satt i gang eit forferdelig spetakkel og skreik ut så veggane nesten rista. Det var ein høyst interessant samtale, for Persen hadde endelig fått vite kem Josef var og korfor kongen var så hysterisk på grunn av han. Morgongry hadde ikkje hatt noko å stille opp mot Josef, tvert om hadde han lova han både hyttetomt og oppreisning. He, he kor det var stort å høre på! Endelig hadde Persen fått noko på Morgongry, for dette var ei sak kongen for alt i verda ville halde skjult. Men han skulle ikkje la denne saka gå i glømmeboka, nei! Han skulle nok vere kar om å fortelle folk...

Lillepetter gløtta over på Persen og venta på at han skulle gå, men pengeministeren smågliste ved bordet og gnei plutselig seg i hendene. Ka var det no, heldt han på å tørne?

- Eg må gå herifrå, sa Lillepetter for å få Persen ut. Han ville studere fingeravtrykka i fred.

- No sånn, skvatt Persen til. - Kor du er på veg? Sleng deg med meg.

- Eg skal i anna retning enn du, sa Lillepetter og var allereie i ferd med å ta på seg jakka.

- No, da så, mumla Persen liksom drømmande og rusla ut. Han hadde heilt glømt korfor han var komen.

Lillepetter tok av seg jakka, låste døra og skunda seg å gripe konvolutten med fingeravtrykksbileta. Men seg syntes ikkje å vere fred å få i huset hans i dag. Han nådde ikkje lenger enn å ta ut biletbunka før nokon banka på døra.

På trappa sto ingen ringare enn sjølvaste Beinrangelet med hatten.

Dei såg på kvarandre. Lillepetter målte han med blikket frå topp til tå. Beinrangelet på si side såg Lillepetter rett i auga.

- Får eg komme inn å slå av ein prat? spurte Beinrangelet endelig på tomsk.

Lillepetter svarte ikkje, flytta seg bare til sides og vinka mannen foran seg inn. Så låste han døra bak seg.

- No, ja, endelig fann eg deg, sa Beinrangelet og såg på Lillepetter som om han hadde vore sakna.

- Du? Fann meg? gapa Lillepetter forbausa. Det var da han som hadde vore på leiting etter Beinrangelet.

- Akkurat. Eg har hørt at du er detektiven i Søkkvika.

- Skit au! blåste Lillepetter ut. - Persen har bede meg om å etterforske tjuveriet, men...

- No, det er ikkje det som er ærendet mitt, sa Beinrangelet. - Får eg sitte ned?

- Det er bare å sette seg, sa Lillepetter og smålo av Beinrangelet si høfligheit. Eller var det fordi han var så moderne og opplyst? Likevel hadde han ikkje hugsa å presentere seg da han kom.

- Får eg på mi side vite kem du er? spurte Lillepetter.

- Eg? Eg er Josef Laks, svarte den andre og rakte han handa.

- Og det er det rette namnet ditt? spurte Lillepetter tvilande.

- Nesten, smilte Josef. - Etternamnet er noko forkorta, for opprinnelig var det så langt og vanskelig for fingerlendarar og andre utlendingar. Det var Laksnesenden etter mor mi.

- Når du no sjølv har kome hit, så vil eg ta fingeravtrykk av deg, sa Lillepetter.

- Fingeravtrykk? Korfor det?

- Eg såg deg snikande rundt i Maktgarden. Og som du vel har hørt, blei alle pengane i Søkkvik kommunekasse stole i førre veka. Eg etterforskar tjuveriet, sa Lillepetter og leita fram sverte og papir og la framfor Josef. Josef syntes å småle av Lillepetter sitt foretak, men men gjorde likevel som detektiven ba han. Da han hadde vaska fingrane, sette han seg igjen på sofaen med beina i kors.

- Du mistenker kanskje meg for å vere tjuven? spurte han så.

- Jobben min er å mistenke, svarte Lillepetter. Fortell meg no ka du gjorde i Maktgarden sist torsdagsnatt.

- Ka? Ingen ting som helst. Josef vifta med hendene og tende seg ein røyk, blåste røyk ut i lufta og glante ut vindaugget som om han ikkje brydde seg om heile saka.

- Og i tillegg til det, fortsatte han, - blei ikkje pengane stole natta før? Eller meiner du at eg har stole dei samme pengane to gonger?

- Tjuvar søker alltid sine eigne spor, sa Lillepetter. - Det kan du og ha gjort.

- Det kunne eg sjølv sagt, lo Josef.

- Og kor du hadde fått nøklar til Maktgarden? Av Aili?

- Aili ville ikkje ha lånt meg dei, ho er så samvitsfull. Eg laga meg nøklar sjølv.

- Men ein kan ikkje lage nøklar utan ein modell.

- Eg hadde modell, sa Josef rolig. - Eg tok bilete av alle Aili sine nøklar og laga nøklar til meg sjølv. Men ikkje har eg stole Søkkvika sine pengar, og ikkje var det derfor eg kom hit. Eg kom for å få rettane mine av Morgongry og fikk dei.

- Kas rettar? Av Morgongry! ropte Lillepetter ut.

- No, mine eigne rettar. Eg søkte opplysningar om jordeigedommar og fann det eg trong, fortsatte Josef raskt. - Og eg fann og leigeavtalen for Brødfjella, som Morgongry allereie hadde underskreve. Men vi klarte jo å stoppe heile den affæra. Eg har ikkje kome til deg for å bli skulda som tjuv, eg ville heller snakke om det at du av og til kjem innom kapellet...

- Du er også predikanten Birger Cabutti og har narra truande menneske, skaut Lillepetter inn.

- Eg dro hit for å be deg om å ikkje seie noko til nokon. Du er den einaste her i bygda som veit det.

- Eg har allereie fortalt det til både Aili og prestefrua.

- Har du? Det var som bare... At eg ikkje fann deg før!

- Du må no dra og innrømme ka du har gjort, sa Lillepetter nådelaust.

- Men eg er Birger Cabutti. Det er arbeidsnamnet mitt i FLU - Fattige Lands Utviklingsselskap, om du ikkje skulle ha hørt om det før. Derfor seier dei kanskje at eg er geolog. Sjølv om eg nok brukar å forske på stein og sand og reiser rundt heromkring på sommarane. Men eg har arbeida mange år i utviklingsarbeid i Afrasia. Eg er ikkje i kyrkja si tjeneste, og ikkje noko slags teolog, sjølv om eg kan halde ein andakt når noko ber meg.

- Men hit til Søkkvika kom du for å halde forsamlingar og demonstrasjonar.

- Nei, eg kom hit på arbeidsreise og kom til å høre om deskarane. Men prestefrua hadde hørt i Hilsku at eg brukte å halde andaktar. Ho trudde ikkje på at eg ikkje var predikant og så fikk ho meg til å komme og bu i prestegarden. Der var ein sånn artig katt som alltid brukte å hoppe opp på skrivebordet mitt når eg var på toalettet og så gjømmе seg under senga. Han ønska seg vel ein leikekamerat. Men kordan i all verda skal eg få forklart dette for Maria og Aili?

Josef kunne ikkje sitte i ro lenger, men byrja å gå att og fram, kløtte seg i hovudet og tørka panna. Lillepetter såg på han.

- Og eg hadde tenkt neste sommar å bygge meg eit hus under Brødfjella, attmed Grautelva, sukka Josef.

- Folk vil ikkje tilgi meg og dei vågar ikkje sjå meg om dei lar meg narre dei. Eg hadde heller ikkje villa det, men no var eg tvungen. Oi, for eit forferdelig rot! No må du hjelpe meg, Lillepetter. Gå og fortel Aili og Maria at eg er bare, bare Birger Cabutti. Ver så snill.

- Du får sjølv rote deg ut av dette, det seier no eg, sa Lillepetter nådelaust, og lo inni seg ved tanken på kordan ansiktet til Aili ville endre seg når ho fikk høre av Birger Cabutti sjølv kordan sakene hang saman.

- Ka i all verda skal eg gjøre? spurte Josef fortvila.

- For eg hadde tenkt... Og sånt eit fint menneske Aili er...

- Aili? Lillepetter hadde ikkje venta seg Josef slik. For seg sjølv kunne han ikkje eingong hugse kor mange dagar han hadde vore bitter til sinns på grunn av Aili sin hemmelige kjærast Birger Cabutti. Han raudna og gnei hendene sine.

- No, no! Sei meg no, kordan eg skal forklare det. Kordan skal eg fortelle det til Aili?

Lillepetter svarte ikkje. Han var som forsteina foran Josef. Han hadde lyst til å gi denne sjølvgode Josef ein over kjeften.

Josef såg forundra på han, så gløtta han på klokka si og sa:

- Nei, no må eg fare. Det beste er å forsvinne frå heile Søkkvika, i alle fall for ei stund. Ikkje sant, du fortel ingen andre? Lillepetter! Du er da såpass til kamerat? Eg er ikkje nokon svindlar, det skal du tru.
Han rekte handa til Lillepetter, tok raskt farvel og forsvann ut.
Lillepetter blei sittande og sjå mot døra. No er det nok, tenkte han. Det der er meg litt av ein slu rev. Og slikt skal snakke om kamerat!

Han satt ved vindauget og såg kor det mørkna. Fredelig, stille, allmechtig mørketid. Vogga til menneskane sine tankar, dunreir. Ei tid da det var trygt å vere menneske. Ein kunne gjøemme seg i mørket, bort frå auga til andre menneske. Ein kunne og skjule kjenslene, både vonde kjensler og dei gode som kunne ha vore som fjellvåken sin flukt, om dei hadde fått lande. Men det fikk dei ikkje, og så var dei bare klagen til vingelause fuglar.
Bjørkegreinene bak vindauget forsvann litt etter litt inn i mørket. Lillepetter satt heilt til han måtte tenne lysa. Da slo han på radioen og slo på lyset i alle lampene. No var det tid å sjå på fingeravtrykksbileta.
Han breidde først ut Morgongry, Persen og Josef sine fingeravtrykk på bordet, og så tok han det første biletet i handa. Han ville samanlikne det med fingeravtrykka, men så skvatt han til.
- Nei, ikkje faen om dette er sant. Kordan er det mogleg? mumla han. - Men sjølv sagt! Sjølv sagt er det mogleg! Heil frå starten var eg jo inne på den tanken!
Lillepetter putta alle fingeravtrykka i konvolutten inn blant bileta og gikk inn på kjøkkenet og bort til omnen. Han stakk heile konvolutten inn i omnen og tende på. Og lukkelig brann alle fingeravtrykka til Søkkvik-sjefane i lag med Svindlar-Josef sine. Lukkelig brann og bileta av fingeravtrykka til sjølve pengetjuven i Søkkvika.

17.

- Ja, slik var den saka, sa Lillepetter og retta seg opp.
- Eg orkar ikkje eingong å byrje å fortelle nokon at hunden har spist Søkkvika sine fattige 256 gullingar. Vaskekona Margit sin hund Ørelapp. Først åt han Persen sin grillkylling og derpå pengane, liksom som dessert. No hadde Ørelapp forlengst skjite ut alle slantane over heile Søkkvika. Papirpengane hadde sjølv sagt blitt oppløyst i magen og gitt hunden ny verdi.
- Ja, det var det, skratta Bent og tørka tårane sine. - Og du brann alle bevisa?
- Ja. Eg fortalte Persen at bileta var øydelagde. Så fikk han ikkje anklage verken Margit eller Ørelapp. No trur vel karen at han sjølv hadde tatt dei i fylla, slik han allereie hadde byrja å mistenke.
- Å kor artig det hadde vore, om Persen hadde trukke hunden i fengsel, lo Bent.
- Forgjeves arbeid, lo Lillepetter. Eg fikk ikkje eingong lønn, sjølv om eg sprang livet av meg i mange dagar. Erta på meg mange folk: Margit, Aili...
Bent såg granskande på Lillepetter, vegde orda sine før han spurte:
- Var det derfor du blei så forferda da Aili kom inn hit?
- Lillepetter blei litt brydd av det direkte spørsmålet til Bent, drakk litt av kaffen, byrja å rulle seg ein røyk og titta ut.
- Korfor og korfor, sa han bare.
- Eg ser no korfor, eg er jo ein mann som har levd lenge og eg kjenner den der sjuka. Du har ønsker, men du må nok vente litt. Sålangt eg kjenner kvinnfolk, så er dei ikkje...
- La det vere! Lillepetter vifta med handa og løfta seg frå stolen. Han hadde ikkje lyst å snakke om Aili, for kulda som Aili synta brann i hjertet. Eller kunne no kulde brenne? I alle fall verka det, om ikkje anna.
- Nokre menneske søker liding og kan ikkje leve utan. Du synas å vere ein slik, sa Bent. - Men når Aili også er...
- Hold opp, braut Lillepetter han av. - Fortel heller om denne satans Josef!
Bent såg på Lillepetter ei stund, rista på hovudet og syntes å ville seie enno meir om Aili, men lot det vere. I staden brast han i latter igjen.
- Kor langt var eg nok kome? Eg hugsar ikkje lenger. Men det byrja med det at da Morgongry var ung hadde han ein kjærast, austtommejenta Sigrid. Han hadde ho mange gonger med hit. Dei skulle gifte seg. Foreldra til jenta hadde allereie gjort klar til bryllaup, jenta var gravid, ser du. Men så forsvann Morgongry, og ingen verken såg eller hørte noko til han her heime. Dei fortalde at han var reist utanlands, men Morgongry var aldri lenger unna enn i Hilsku. Der fann han den noverande kona si, Lena, fingerlandsk jente, som var rikare og etter Morgongry sitt syn også penare. Først etter fem år kom Morgongry igjen hit, og da hadde han og Lena allereie to ungar.
- Ka? Josef er lausungen til Morgongry?
- Jo, det er han. Men det er det ikkje mange som veit. Eg traff Sigrid eit par år etter at Morgongry hadde gifta seg. Sigrid tilga aldri Langskjegg-Lasse-Samuel og gjør det vel aldri. Ho kalte gutten opp etter bestefar til Morgongry, til minne om det som hadde vore. Ho lot sikkert heller ikkje vere å fortelle sønnen sin kem far hans var, og ka han hadde gjort mot henne.
- Så det er altså Morgongry-Josef. Den samme som og er predikanten Birger Cabutti.
- Predikant?

- Ein slik som narrar folk. Ein svindlar er sønnen liksom faren. Går rundt i mange slags kofter, etter som ka som måtte høve. Han fortalte meg det sjølv. Han ba om at eg ikkje måtte seie det til nokon.

- Og predikant... gliste Bent og braut ut i latter.

- Det hadde eg ikkje trudd om han Josef!

Bent blei taus ei lang stund, drog seg bare av og til over haka og glante ut gjennom vindaugget.

- La han for min del vere om så predikant. Ein kan jo late som så mangt, sa han så endelig. - Men eg for min del trur ikkje han er nokon svindlar. Kem som veit om ikkje det var han som var Kalve-Per-Rasmus sin ulveflokk.

Det var ikkje mot forfedrene sine, men mot sønnen sin at Morgongry måtte gi tapt. Akkurat der tok eg visst litt feil.

- Nokre menneske er slik, fortsatte Bent. - Forvandlar seg sjølv liksom dei gamle runkallane. Først etterkommarane oppdagar ka dei egentlig var. Men skal tru om Josef har fore? Eg skulle gjerne ha prata litt med han. Det er rart han ikkje har stukke innom meg.

- Eg veit ikkje ka tid den kjeltringen fær og kjem, og ikkje bryr eg meg heller. Du må spørre Aili om predikanten Birger Cabutti har fore eller om han ventar på bileta av fingeravtrykka. Ikkje veit eg og ikkje skjell det meg.

- Aili? Korfor skal eg spørre Aili?

- Spør om så prestefrua, men ikkje spør meg!

Lillepetter hadde igjen mista all ro og det var nær ved at han skreik ut mot sin gamle venn Bent, som likevel ikkje tok utbrota hans så tungt - glante bare og tenkte kor hard kjærleikssjuka var når ein måtte bære ho aleine. Skal tru om Langskjegg-Lasse-Samuel hadde kjent det samme da far hans stal kjærasten hans på marknaden i Eallodat? Enn den vraka Sigrid?

- La oss no ta oss ein liten dram, utbraut Bent. - Eg ser du treng det på strevet. Så blir du med meg i morgon og samlar rein, så vi får holdt skilling. Der glømmar du alt trist og beinrangelet med hatt. Eller ka?

Epilog

Og livet held fram i Søkkvika, den nordligaste kommunen på Lemenhauet. Det gjør og pengemangelen til Søkkvik kommune, eller han er snarare verre, ettersom Fingerland har avgjort å slutte seg til Sameinte Juropa. Og dei allmechtige marknadskreftene i Sameinte Juropa styrer alle stader og blandar seg også inn i tommefolket sitt liv. Brødfjella er likevel enno ikkje utleigde, ettersom sjølvstyreforsøket språk- og naturbruksloven gir reineigarane og andre fanatikarar moglegheit til å styre med beiteområda. Trulig vil forsøket ikkje få fortsette. Morgongry regjerer enno Søkkvik kommune, sjølv om den upålitelige pengeminister Persen har spreidd utover heile området det stygge ryktet at han skal ha ein lausunge ein eller annan stad. Men fram til fru Lena sine øre har ryktet ikkje nådd, for søkkvikværingane ønsker at ho skal bli verande i Søkkvika og stelle for Morgongry. Dei hugsar så alt for godt kordan det gikk i forfjor da Havre-Mathias sprang og sladra til vegvoktarkona at mannen hennar flaug med dotter til handelsmannen. Kona blei sint og for. Søkkvikværingane har nekta Havre-Mathias å komme på besøk til folk. Likevel sit han ofte på Ferjeheimen, der han hiv innpå whisky og held førelesingar om folk sine synder.

Folk støttar altså Morgongry, og synas ikkje å stole så på Persen at dei ville velge han som konge. Ikkje sjølv om Morgongry ville hatt ei lys framtid og som bakar, ettersom brødet framleis blir brakt til Søkkvika frå 50 mil borte, og er mye dårlegare og dyrare enn dei brøda som Morgongry bakar.

Men vi forlet no dei som vi har blitt litt kjent med i denne boka. Persen held fram med å streve for å ramme Morgongry, Josef held fram med å tenke på Aili og husbygging i Søkkvika, prestefrua held fram med å klare opp i korfor Aili ikkje toler å høre namnet til Lillepetter og Aili held fram med å unnvike Lillepetter og Lillepetter sjølv -

Han samlar rein i lag med Bent og tar ein liten dram i lag med han ein gong i blant. Mørketida går mot slutten, denne tankane si vogge og dunreir, som han lengtar til enno når han hugsar på dei bitre orda sine:

Auga dine kunne vore som lys, men rammen sine vinger skuggar for dei.